

Karl Fredrik Balchen

Analoge arkiv i den digitale verda

Endring i korleis ein arbeider med arkiv og
tilgjengelegjering i den digitale verda

Masteroppgåve i DOK3901

Rettleiar: Professor Lars Christian Jenssen

Mai 2023

Karl Fredrik Balchen

Analoge arkiv i den digitale verda

Endring i korleis ein arbeider med arkiv og
tilgjengelegjering i den digitale verda

Masteroppgåve i DOK3901
Rettleiar: Professor Lars Christian Jenssen
Mai 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for lærarutdanning



Forord

Eg ønsker å takke tilretteleggjaren min Lars Christian Jensen for den tilrettelegginga han har gitt meg gjennom denne oppgåva, sjølv om han har vert svært opptatt. Vidare vil eg takke andre undervisarar og ressursar frå arkiv og dokumentasjonsforvalting som også har bidratt med innspel til korleis å gjere masteren betre. Eg vil også takke venar, familie og dei smidige prinsane som har hjelp meg med rettskriving, setnings korrektur og moralsk støtte. Heilt til slutt så vil eg også få takke kjærasten min, som alltid var der når eg trengte hjelp og har klart å halde ut med meg gjennom denne prosessen.

Samandrag

Måten ein tilgjengeleggjere arkiv har endra seg dei siste åra, då spesielt i møte med dei digitale endringane som skjer. Dei analoge arkiva er ikkje lenger det som definerer korleis arkiv skal forvaltast, og er tvinga til å vike for utviklinga av det digitale arkivet. I dagens samfunn er det forventa at ein skal helde på med det digitale uansett om ein vil eller ei. Bør ein da vere utvidande om dei utfordringar som finnes i å gjennomføre eit slik arbeid. Eller skal ein utan spørsmål godta at denne utvikling tar over?

Dette er det som essensielle med denne avhandlinga, der eg skal sjå på kva konsekvensar digitaliseringane har på analoge arkiv. Gjennom å ta føre seg korleis det digitale har påverka enkelte aspektar med arkiva. Aspekta som kost, tillit, brukar, formidling, tilgang og prioritering. Vil dette da fremje digitaliseringa som ein innovasjonen som den norske stat ønska, eller vil det vere meir utfordringar enn det som originalt har verta antatt.

Vil gevinstane overkomme dei utfordringar som digitaliseringa har med seg, eller er det framleis nødvendig å vere forsiktig med den utviklinga. Det som kommer fram frå dette er at det framleis er klokt å vere litt forsiktig med korleis ein går fram. Fordi sjølv om det er mykje fordelar med digitalisering så er det også nokre store utfordringar som kan vere uheldige, som ein allereie kan sjå effektar i norske arkiv i dag. Håpet med denne masteren er at denne vil hjelpe til med å opne auga på kva som arkivar og andre må vere observant på nå ein skal inn i ein slik forandring. Slik at dagens og framtidas arkivarar kan tilgjengeleggjere arkiv til den standard som vert forventa frå dagens samfunn.

Abstract:

The way that archives are made available has changed in recent years, in response to the digital change that has been taking place in the world today. The analogue archives are no longer what define how archives should be managed and is forced to give way to the advancement of the digital archive. In today's society, it is expected that you will work digitally regardless of whether you want to or not. Should we then elaborate on the challenges that exist in doing such work? Or should we just accept it without question and just let the development happen?

That is what is important about this thesis, where I shall look at the consequences of digitalization on the analogue archives. By looking into how digitalization has affected certain aspects of the archive. Such aspects as cost, trust, user, dissemination, access, and prioritization. This will then show whether digitization is the innovation the Norwegian state wanted, or whether there are more challenges than originally assumed.

Will the spoils overcome the challenges with digitalization, or is it necessary to be more careful with the digital development? What this thesis shows, is that it may be wise to be a little careful about digitalization. Because even though there are many benefits to continuing with digitalization, there are still some major challenges that can be extremely harmful for archives, an effect which can already be seen in the Norwegian archives. The hope is that this thesis will help to open the eyes of what the archivist and other must be aware of when meeting with such changes. So that archivists of today and tomorrow can make available the archival materials to the expected standards of the society.

Innhold

Forord	i
1 Introduksjon	1
1.1 Problemstilling.....	3
1.2 Forankring	5
2 Tidlegare forsking	7
3 Teori og metode	16
3.1 Teori.....	16
3.1.1 Arkivas samfunnsoppdrag.....	16
3.1.2 Sikring	16
3.1.3 Bevaring	18
3.1.4 Tilgjengeleggjering.....	19
3.1.5 Papirarkiv	21
3.1.6 Elektroniske arkiv	22
3.1.7 Digitalisering.....	23
3.1.8 Norsk arkivpolitikk	25
3.1.9 Norsk digitalisering politikk.....	26
3.2 Metode	28
4 Hovuddel – analog passivitet og digitale ambisjonar	34
4.1 Kostnaden av å halde på med digitalisering	34
4.2 Tillit til materiale	40
4.3 Brukar i sentrum	45
4.4 Formidling den nye tilgjengeleggjeringa.....	49
4.5 Korleis skal ein no få tilgang i den digitale verda	54
4.6 Prioriteringar i den digitale tidsalder	63
5 Diskusjon	74
6 Konklusjon - Framtida til arkiv.....	84
7 Litteraturliste:.....	88

Figur 1- Midlar gitt i tildelingsbrev frå statsbudsjettet til Arkivveket 2010-2020 i mill	35
Figur 2- Brukarar av Arkivverkets lesesalar 2010-2020	56
Figur 3- Tal besøkende på digitalarkivet 2010-2020 i mill	59
Figur 4- Tilgjengelege sider i Digitalarkivet 2010-2020 i mill	66

1 Introduksjon

Digitalisering kan vere utfordrande for den som arbeidar med arkivering og dokumentasjonsforvalting, men det kan også tilby stor funksjonalitet og gevinst til det arbeidet som arkivarar haldt fram med. Når staten da ønsker at samfunn skal endrast til å kunne passe betre inn i den digitale verda som verdssamfunnet er på veg til. Arkivarane er no derfor nøydt til å tilpasse seg denne nye intuitive måten å arbeide med arkivering, gjennom å digitalisere og lagre alt analogt papirmateriale på elektriske servera.

Når ein er nøydt til å arbeide med digitalisering, er det da akseptabelt å vere uvitande om dei konsekvensar som kommer om ein skal mediakonvertere alt av analoge lagra materiale? I Arendals uka 2022 begynner leiaren av riksrevisjonen Karl Eirik Schjøtt-Pedersen å ta opp i debatten «*Hvorfor gir ikke vi vare på våre beslutninger?*» med å seie at det var «urovekkande at riksrevisjonen rapporter for 2017 fortalte at det gjekk svært dårlig med arkivering mens det i 2021 hadde det vist seg å verta verre».¹ Så ein skal ikkje langt tilbake for å sjå at digitalisering og arkivering har hatt problema når det kommer til å kunne fungere godt saman. Likevel så fortsette staten og samfunnet med å fremje sitt sitt ønske om eit papir laust samfunn, kor all arkivering skal gå over til å vera hovudsakleg digitalt bevart. Ikkje lenger fysikk, men no med mykje meir lettare tilgang for det vanlege menneske, der ein har alt av informasjonen tilgjengeleg på tastaturet, så lenge dei som sitter med informasjonen ønsker at vi i samfunna skal få kunne sjå det. Fordi som dei seier i historia så er det ofte «sigerherren som skrivar historia» som i sin essens betyr at dei som vant krigen som kan forme historie skrivinga til å matche sitt narrativ. Så kan vi også sjå dette igjen i det digitale der «den som betaler for jobben, bestemmer kva som vert digitalisert og gjort tilgjengeleg for samfunnet».

Eg velje å opne oppgåva med eit slags tekst maleri på korleis eg vil seie at ein kan sjå at samfunnet går. Om ein da tar det til ekstreme faktar på korleis ein kan tenke seg at det er, med ein hint av sanninga i korleis det har endra seg over til det digitale frå det tidlege 1990-talet. Når Arkivverket begynte med sine første planer om å danna elektroniske arkiver for å kunne bruke dei nye digitale moglegheitene.² Arkivverket skulle da bruke internettet, eller WEB til å endeleg få moglegheiter til å formidle informasjonane dei satt med ut til alle som ville lytte og

¹ Fagforbundet og Arkivverket, 18.08.2022, 7:00

² Clausen, 2018, s.1

lese. Fram mot korleis det er blitt i dag der ein no, kan få tak i nestane alle arkivmateriale som er gjort tilgjengeleg ikkje berre om deg, men også andre. Alt frå eldre kyrkjebøker og eigendoms kart heilt ned til personopplysningar, kan ein no få tilgang på om ein berre leitar litt med dei rette søkjeorda. Derfor kan digitalisering vere litt som ein mynt, tosidig. Ein stor gode på den eine sida, men det kan også vere ein stor fare på den andre sida, om ein brukar det feil. Faren for dette kommer altså gjennom moglegitene for tilgang på informasjon og materiale, som kan sørge for at dokumenter forsvinner eller vert misbrukt. Ein bør derfor vere kjent med korleis ein går fram med å bruken av digitaliseringa, for ein kan ikkje vere sikkert på kva side ein hamnar på om ein ikkje er det. Sidan det ikkje er noko tvil om at digitaliseringa er komme for å bli, der både den norske stat og Arkivverket er klare på at digitaliseringa er det som er framtida til korleis arkivering skal skje i Noreg.³ Dette er noko som ein eigentleg berre må finne seg i, kor ein kan gjere ganske lite for å prøve å unngå å hamne i ein slik situasjon der det meste skjer digitalt.

Digitaliseringa har komme litt brått på samfunnet, der eg meiner at ein no er nøydt til å roe seg litt ned med kor rask ein går fram med disse endringane. Fordi digitalisering er framleis ein prosess som kommer til å vere framtida for mykje av, om ikkje alle samfunnssektorar. Dette gjere at det er eit behov for arkivarar å endra på deira evnar, og tilarbeide det analoge arkivmateriale som eksisterte i dagens magasin slik at det kan gå over til eit medium som spiller på lag med dagens samfunns forventningar. Sjølv med denne endringa så finnes det eit stor konsensus bland individ i arkivfaget at digitalisering vil gjere at fleire vil ha glede av den mengdene arkivmateriale som no kan verta gjort tilgjengeleg.⁴ Da det vil kunne vere med på å hjelpe med å fremme openheit, sosialinokulasjon og auke samfunnskunnskapen. Samtidig som det vil hjelpe til å betre bevare dei originale dokumenta i at det nå er digitalt. Det er altså eit ønske om at digitalisere skal hjelpe til med å oppnå måla med å klare å ta vare på og tilgjengeleggjere arkivmateriale for ettertida.

I slutten av Arkivlovenes føremålsparagraf står det «.....slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.»⁵ Det å halde på med tilgjengeleggjere kan altså sjå på ein av hovudoppgåva til alle som held på med arkiv i Noreg. Derfor har det digitale skifte endra måten ein kan gjennomføre tilgjengeleggjeringa, og da hamna i sentrum av debatten om korleis å drive arkiv. Spesielt gjennom at ein no har moglegitene til å lettare kunne

³ Regjeringa, 2014, digitalisering i offentleg sektor. Arkivverket, 2019, innovasjon i Arkivverket

⁴ Theimer, 2011, s.59-60

⁵ Arkivlova, 1999, §1

digitalisere og tilgjengeleggjere den norske historisk kulturarv, betre enn det som ein har kunna gjort før. Arkiva vert derfor ikkje det same i dagens verda slik det hadde vert før, der det no hadde komme eit nytt fokus på nettdugnad og brukaren av arkiva, imot det gamle fokuset på meir avgrensinga og materiale.

Digitaliseringa har begynt på ein omstilling som for mange har komme i fronten av den norske samfunnsdebatten, utan at alle heilt klar over korleis det skal gjennomførast. Ein skal no nemleg inn i den digital kvardag der det vil finnes mange fallgruver, som gjere at digitalisering kan vere eit utfordrande konseptet å gjennomføre innanfor arkiv, som vil setja arkivaranes etisk kompass på prøve. Korleis skal da arkivarane gå fram når det digitale formar arkiv over til noko heilt nytt, kor det da får konsekvensar for korleis ein arbeider med arkiv.

1.1 Problemstilling

Først litt kortfatta før eg startar med problemstillinga skal eg forklare digitalisering, men vil gå meir detaljert seinare ønsker berre at ein har ein basis forståing av kva digitalisering er før eg begynner. Digitalisering i forhold til arkiv er eit verktøy som kan hjelpe arkivarar på veg mot målet med å kunne bevare arkivmateriale til evig tid. Samtidig som det gir moglegheita til å kunne tilgjengeleggjere ekstreme mengder arkivmateriale kor som helt, til den som skulle ha interesse av å bruke det. Det som eg altså vil definere digitalisering som i denne samanheng er at det er å konvertera eit materiale frå det analoge medium over til det digitale medium slik at det kan lesast og brukas av ein datamaskin.⁶ No som det er digitalisert er ein ikkje nøydt til å grave og leita i arkiva, eller få arkivarar til å gjere det slik at ein kan prøve å finne ut kva materiale som finnes om eit tema. Med digitaliseringa kan ein no heller gjere same jobben mykje raskare gjennom å bruke eit system, og eit par søkeord for å finne det materiale som ein er på jakt etter. Samtidig som ein kan få all denne informasjonen på sin eigen sofa heime, berre med hjelp av eit nettbrett og internett tilgang. Spørsmålet vil da vere er denne lettheita faktisk så bra som ein skal ha det til, eller finnes det utfordringar som må løysast, og vert det materiale som er analogt heilt irrelevant i dagens samfunn?

Det finnes mange forskjellige meningar om digitaliseringa er ein positiv eller negativ ting, og eg vil derfor i denne oppgåva skal fremje kva «*konsekvensar digitalisering av open historiske analog arkiv har på ein av arkivets samfunnsoppdrag, med å tilgjengeleggjere*». Dette inneber da at eg ser på seks forskjellige aspektar med å tilgjengeleggjere for å vise kva konsekvensar dei har fått gjennom dei moglegheita og utfordringa som kommer med å endre analoge skapt

⁶ Ask & Søraa, 2021, s.34

arkivmateriale over til digitalt arkivmateriale. Eg skal der da og fordjupe med meir i to av dei seks aspekta, som eg meiner viser best korleis tilgjengeleggjering vert påverka av digitaliseringa best. Før eg da heilt til slutt skal diskutere om eg ser på disse konsekvensane som meir ein gevinst eller ein utfordring når det kommer til å arbeide med arkiv, og da korleis ein bør gå fram med å bygge ned dei eventuelle utfordringar, slik at ein får gevinstar.

Gjennom denne problemstillinga ønsker eg altså å fremme dei endringar som skjer innanfor arkiva når det skal vert digitalisert, samtidig om disse endringane er gevinstar og utfordringar for arkiva. Dette ønsker eg å gjere for å fremme kva eg meiner at arkivarar og brukare av arkiv skal verte oppmerksam på. Når ein no går frå å berre kunne få materiale gjort tilgjengeleg gjennom bøker, tidskrifter eller på lesesalane. Over til å kunne dele nesten all informasjon og materiale med brukarer over heile verden, der ein aldri kan vere heilt sikker i kor mykje informasjons som faktisk eksisterer der ute i den digitale verda. Sidan vi er inne i ein digital kvardag så meiner eg at denne utviklinga førar til at vi som arkivarar har fått nye spilleregler for å arbeide med arkiv, som vi no er nøydt til å følje for godt eller dårlig. Det vert ein endring i korleis vi skal forholda oss til arkiva både som forvaltar og forbrukar, der vi ikkje kan fortsette i den same tankebanane som før, men heller restrukturere oss til noko nytt.

Måten eg har valt å fremme denne forandringa er at eg har tatt å valt meg ut noko aspektar som eg meiner er knyta opp mot tilgjengeleggjeringa og arkiv. Disse aspekta vil verta påverka gjennom den endringa som skjer med arkivmateriale når det vert overført til eit digitalt medium. Eg velje å sette det opp i aspekt for tilgjengeleggjering og arkiv, slik at det skal vere ganske tydleg i kva områder og samanheng eg framvisar, slik at det skal vere lettare for leseren å sjå dei forskjellige sidaen med tilgjengeleggjering, og korleis dei har endra seg. Enkelte av disse aspekta vert også tatt med for å vise innverknader på andre aspektar. Disse aspekta som eg skal ta for meg er: Kost, Tillit, Brukar, Formidling, Tilgang og Prioritering. Det finnes sjølvfølgeleg andre aspektar som også kunne ha blitt brukt, men det er disse som eg har bestemt meg for at det skal fokusere på, grunn til det er at eg meiner disse vert påverka av endringa over til det digitale sterkest. Dei aspekta som eg skal fordjupe meg meir i er: korleis endra tilgangen seg i det digitale arkivet, og korleis vert det endringar i kva prioriteringar som arkiva har når ein går over til å skal tilgjengeleggjere noko digitale.

Disse spørsmåla er det som eg skal svare på, for å kunne fremme kva eg meirar at arkivarar og normale brukare må vere oppmerksam på når dem skal gjennomfør, sjå på og jobbe med ein slik fullstendig digitalisering og mediakonvertering av alt histories analoge materiale slik at

det no kunne bli lett tilgjengeleg for samfunnet. Utan at dei skal trenge å bekymre seg for at dei ikkje klarer å få tak i det fullstendige materiale med den informasjonen som ein er på jakt etter. Diskusjons momentet i denne oppgåva vert da om disse konsekvensane har effekt på korleis ein arbeider på med tilgjengegjering, og om det forandrar på korleis dette grunnprinsippet fungerer no som det finnes ein annan måte å tilgjengeleggjeringa det på gjennom at det er digital.

1.2 Forankring

Kor relevant er min problemstilling i forhold til den utviklinga som skjer på arkiv fagfeltet og arkivmiljøet? I arkivlova første paragraf står det skrevet at: «formålet med denne lova er å tryggje arkiv som har monolog kulturell eller forskingsmessig verdi eller som innhald rettsleg eller viktig forvaltningmessig dokumenter, slik at desse kan verta tatt vare på og gjort tilgjengeleg for ettertida.»⁷ Utifrå det som står i det sitatet kan vi allereie sjå viktigkeitene av å vere klar over korleis ein skal gjennomføre tilgjengeleggjeringa, og korleis å ta vare på arkiva. Sidan dette er noko som vert satt høgt nok til å vera med som formålet med lova. Relevansen ser vi videre til det som har blitt nemnt i problemstillingskapittel og som skal verta fremma nærmare i teorikapittel, så er arkivas samfunnsoppdrag med å arbeide med bevare, sikre og tilgjengeleggjere, noko av deira kjerneoppgåva som arkiv jobbar med. Derfor meiner eg at det er relevant til korleis arkivering og arkiv skal fungerer i Noreg i dag.

Årsaka til at det vil verta brukt mykje eksemplar frå Arkivverket er på grunn av at det er etatens ledene posisjon i norsk arkiv og når det gjelder det å bevare arkiv. Derfor har dei mykje meir tilgjengeleg informasjons på fagområdet enn det andre arkiv organisasjonar som IKA ville ha hatt. Samtidig der da at den Norske statens har eit ønske om at Noreg skal vera best i verden på å digitalt sikre, bevare og tilgjengeleggjere.⁸ Samtidig så er digitaliseringa i ein eller anna form framtida til arkiv som fagfelt, kor måle med å få digitalisert all materiale og gjort det som kan gjerast tilgjengeleg det for offentlegheita, som vil vere ein gode for alle i samfunnet.

Derfor er digitalisering ein like viktig del av arkivets sitt arbeid, og vil framover vere ein store delar av den jobbe som skal gjerast som arkivarar. Derfor meiner eg at det å kunne sjå kva konsekvensar som vil skje når vi driver å digitalisere vil vere dagsaktuelt når det kommer til korleis vi no skal gjennomføre dette arbeidet, som står framfor oss med å drive å

⁷ Arkivlova, 1999, § 1

⁸ Regjeringen, 2014, - Digitalisering i offentlig sektor

tilgjengeleggjere digitaliserte analoge arkivmateriale. Det som eg også får dette til å vere enda meir relevant er at det allereie finnes mange eksemplar på at denne digitaliseringa ikkje alltid har fungere som den skal ute i det norske arkivlandskapet både i staten og i kommunane. Eg meiner da at det vil vere ekstremt viktig at å gjere folk oppmerksam på dei konsekvensar som kommer gjennom å arbeide med digitalisering. Slik at ein ikkje berre startar å digitalisere utan ein forståeleg for dei usikkerheiter som kan eksistere dette arbeidet å heller lage ein skikkeleg plan kor ein har ein forståing for det arbeidet som det inneberer slikt at det kan gjennomførast skikkeleg og trykt.

2 Tidlegare forsking

Ideen om at det har skjedd endringar på grunn av digitalisering er ikkje noko nytt, og det har allereie vore gjort ein del forsking på dette fagfeltet, om og rundt tematikken om konsekvensar av digitalisering av historiske analogt arkiv innanfor tilgjengeleggjering. På grunn av at tematikken eg tar for meg omhandlar konsekvensar av digitalisering, så vert det naturleg at eg tar for meg litt av det som har blitt fremja før om konsekvensar av digitalisering. Samtidig skal eg også sjå på det som har blitt fremja angåande korleis digitalisering har påverka tilgjengeleggjeringa, derfor sjølv om det vert fremja artiklar som ikkje handlar akkurat om den tematikken, så kan det vere ein effekt av digitaliseringa på moglegheiter til å halde på med arkiv og tilgjengeleggjering, og vil derfor vera nyttig å ha med. Vidare slik at det ikkje berre er eit reint arkivstandpunkt skal det også verta brukt teoriar og forsking frå andre fagretningar, som informatikk, historie etc. Dette vil sørger for at ein får eit perspektiv både frå innsida og frå utsida av dei digitale arkiv.

Ein av dei som har sett på konsekvensar av digitaleiring på tilgjengeleggjering frå utsida er førsteamnuensis i samtidskulturhistorie Helle S. Jensen. Hun tar for seg i sin artikkel frå 2021 tar for seg korleis historikaren bør forholda seg til endringa over til digitale arkiver.⁹ Jensen fremjar no korleis ein må ta omsyn til det økonomiske, politiske og systemdesignet som finnes til det digitale arkivet, på grunn av den no mykje større innverknadskraft disse vil ha på materiala som skal tilgjengeleggjerast.¹⁰ Videre går ho også innpå dei utfordringar som kommer for historikarar når dei no skal arbeida med historieforskning no som det har blitt digitalt.¹¹ Dette er ein litt annan vinkel på korleis enkelte ser på konsekvensar av digitalisering, der ein har eit meir bruker perspektiv, og ikkje berre frå perspektivet til dei som skal gjere det tilgjengeleg. Det visere klare korleis ein person som ønsker å bruke arkiva som ein utanforståande skal gå fram med dette, samtidig viser det kva ein brukar av arkiva bør vere oppmerksam på når han skal arbeide med det. Sidan spillereglene ikkje er dei same lenger som dei har vore når det var papirbasert. Jensen ønsker altså å visere korleis tilgjengeleggjeringa og digitaliseringa kan forandre på korleis ein skal gå fram med bruken, når det eksisterer store mengder med materiale, og kva forskjellige vinklar på korleis ein skal jobbe med det, og kva å vere observant på. Årsaka til at eg finner hennas tankar viktig, er at det gir oss ein tanke til korleis ein no må gå fram med å bruke arkiva, og at gjennom

⁹ Jensen, 2021, s.251

¹⁰ Jensen, 2021, s.252

¹¹ Jensen, 2021, s.257

digitaliseringa av arkiva er dei kanskje ikkje lenger er like objektive som ein kan tenke seg at det har vert før. Gjennom at det no er nye prioriteringar og fokuser som kanskje ikkje er like heldig i korleis historikarar skal bruke materiale til arkiva.

Ein som og har sett litt på kva konsekvensar digitalisering har på tilgjengeleggjering frå eit norsk perspektiv er tidlegare direktør for divisjons strategi og kommunikasjon Guri Lande. I artikkelen hennas frå 2021 tar ho for seg korleis Arkivverket har bestemt seg for å leggje til rette for digitaliseringa, og korleis deira strategiar for å formidle og tilgjengeleggjere sitt materiell for allmente har forandra seg, utifrå kva digitalisering gitt moglegheiter for å gjennomføre.¹² Samtidig tar ho for seg korleis Arkivverket vert å etterfinne seg i dei endringa i korleis dei skal formidle gjennom det digitalale, der dei no må vere meir brukarrett enn det som det har vore før. Lande snakkar videre om korleis Arkivverket har endra fokuset sitt til å leggje til rette for at bruken av dataane deira skal vere lettare, sameleis som dei strykar bruken av kommunikasjonspolitikk som har vorte ønska frå staten.¹³ Videre kommer ho også innpå korleis digitaliseringa endrar på spelereglane for formidling, og korleis ein må etterfølge for å finne dei rette målgruppene for materiale som Arkivverket ønsker å formidle.¹⁴ Ein slikt synspunkt som denne framlegga kommer med, gir eit klart bilde på korleis ting har arta seg både hos den nåverande leiinga Arkivverket, men også deler av det norske departementsfellesskapet og deler av kulturdepartementet. Gjennom korleis dei da skal kunne komme med nye måtar, føringar og strategiar utifrå det som digitalisering gir oss no er ein nøydt til å prioritere for å henge med i tida.

Ein annan som også har sett på ein likande tematikk med konsekvensar med å digitalisere var universitetslektor ved OsloMet Leif Bjelland. I 2021 tar Bjelland for seg korleis utviklinga i formidling har blitt diskutert og promotert i Noreg frå tusenårsskifte fram til i dag, og korleis teknologien har innspel i utviklinga.¹⁵ Han ser først dette utifrå korleis dei engelskspråklege landa sine debatt om arkivinstitusjonar publikums relasjonar har vert i det same tidsrommet. Dette bruker han til å hjelpe med å sette eit bakteppe for hans undersøking for den norske settinga som setter den norsk formidling i eit nytt lys.¹⁶ Han argumenterer derfor for at det finnes to typar formidlingsomgrep i den norske arkivdebatten: formidling og

¹² Lande, 2021, s.76

¹³ Lande, 2021, s.81

¹⁴ Lande, 2021, s.84

¹⁵ Bjelland, 2021, s.46

¹⁶ Bjelland, 2021, s. 46-48

tilgjengeleggjering som er tilpassa til arkivarens nye samfunns rolle.¹⁷ Vidare snakkar han om korleis det smale og brede formidlings omgrepet har blitt endra gjennom digitaliseringa og korleis det ikkje lenger er eit monoton og passiv formidling og tilgjengeleggjering ein held fram med, men heller ein meir aktiv formidling, med sterkt brukar deltaking.¹⁸

Utifrå korleis Bjelland legger dette fram kan ein seie at det smale formidlingsomgrepet komme fram i ein ABM-melding i 1999, der det er kommer fram at arkiva må begynne med å oppsøke eit publikum og arbeide imot aktiv formidling.¹⁹ Først og fremst er målet er å auke lysten til brukaren til å besøke arkiva, da gjennom at arkiva informere individ om kva som ein kan finne der, som tilseier at ein auger rolla til arkivarar til å vera historieformidlarar, det vert sett på som den smale formidling.²⁰ Framleis trengs det tilrettelegging og tilarbeidning av materiale slik at arkivarane ikkje berre passivt tilgjengeleggjere, fordi i det digitale er det ikkje lenger berre det som arkivarar skal jobbe med. Etter at ein snakket om det smale formidlingsomgrepet så kom motsetninga så det som vert kalla det brede formidlingsomgrepet, som har blitt artikulert av Bjelland og fleire innanfor Arkivverket. Her seier dei at ein formidlar når ein «informerer ein brukar om eit arkiv og tilfører vedkommande kunnskap som er viktig for å forstå arkivet. Formidling brukast altså om den delen av arbeidst som er tett mot brukaren, og som aukar kjeldematerialet informasjonsverdi ut over det sjølv».²¹ Bjellands forsking er passande for denne oppgåve for den tar for seg korleis utviklinga til digitalisering har hjelpt til å danne ein ny måte å arbeide med digitalisering, ikkje lenger drivar ein berre med passiv tilgjengeleggjering, ein har no gått over til å驱va med meir aktiv formidling som gjer at arkiva er meir i dialog med publikum for å betre fremme måle til arkiva. Dette gir da ein greitt bilde over korleis Bjelland ser på utvikling har forandra seg over dei siste 20 åra, som vil vere viktig når ein skal vise korleis tilgjengeleggjering kan ha verte påverka av det digitale.

Det er ikkje berre forsking på digitalisering og tilgjengeleggjering som er relevant for min oppgåve, men også kva som vert konsekvensane av det. Ein av disse konsekvensane som ofte vert tatt opp når det kommer til digitalisering er kor påliteleg er eigentleg den informasjonen som finnes digitalt og kor mykje kan vi stole på det som vert tilgjengeleggjort. Årsaka til at dette spørsmålet artar seg, er på grunn av at i det digitale så er materiale mykje meir sårbart

¹⁷ Bjelland, 2021, s. 53-56

¹⁸ Bjelland, 2021, s. 63

¹⁹ Bjelland, 2021, s.53

²⁰ Bjelland, 2021, s.54

²¹ Bjelland, 2021, s.56

enn det har vert før, og trenger derfor mykje meir sikring for å kunne forsikre at materiale er påliteleg.²²

Ein av dei som tar for seg denne tematikken om pålitelegheit og tillit er førsteamanuensis i informasjonsvitenskap Devan Donaldson. I Donaldsons sitt forskingsarbeid frå 2019 tar han for seg, om korleis ein kan stole på digitale arkiver og stole på innhole i arkiva. Årsaka til at han ser dette er fordi brukaren ikkje lenger vil ha den same tilliten til informasjon på det digitale som det ville ha hatt i det analoge. Forsking har nemleg vist at nettinformasjon er ofte gått gjennom eksistere algoritmar som kan har utilsikta skeivheitar i korleis informasjonen vert vist fram og innhenta.²³ Samtidig som enkelte selskapet presenterer informasjon slik at det framstår som meir spennande, slik at det vekkjar interesse for å lese av det ønska publikum.²⁴ Noko som ikkje hadde vert ein problem i det analoge på grunn av at da måtte ein møte opp sjølv på lokasjonen for å få informasjonen. Løysning som Donaldson legger fram er det han kallar eit TIA–TDAC rammeverk(*Trust in Archives-Trust in Digital Archival Content*), altså eit rammeverk som skal sørge for tillit til arkiv og tillit til digitale arkiv innhald, gjennom at det visere kvifor ein skal ha tillit til materiale, gjennom den tilliten ein har til arkiv.²⁵ Det er ein løysning gjennom at det gir ei forståing på korleis forholdet mellom brukaren sin tillit til arkiva, og deira tillit til den digitale arkivmaterialet er. Gjennom da bruken av denne modellen sjekke kor mykje ein bruker skal stole på ein kjelde som er langt fram.²⁶ Dette ble laget slik at det skulle vere mogleg for arkivarar å forstå perspektiva til brukarane på arkiva og på materiale som det ser på, gjennom å stille spørsmål om truverdigheit til institusjon til kor ein finnar informasjonane. Dette setter arkiv i eit nytt lys gjennom at dei no er nøydt til å stå til rette for den informasjonen som dei driver å legger ut, og forsikre eg om at dei kan verke pålitelege

Vidare i 2018 vart det gjennomført ei undersøking av Avdelingsleder, Ph.D, Kongelig Dansk Bibliotek Ditte Laursen, mfl. i Danmark, kor det vert sett på kven som brukte dei opne kulturelle arkiva deira. Denne undersøkinga vert gjennomført for å finne ut kva utfordringar som eksisterte ved bruken av open kulturell data, med brukargruppene forskrarar, studentar, apputviklar og hackrarar. Observatørar av undersøkinga fungerte som lærarar, organisasjonar

²² Giaretta, 2011, s.3

²³ Donaldson, 2019, s.52

²⁴ Donaldson, 2019, s.53

²⁵ Donaldson, 2019, s. 53

²⁶ Donaldson, 2019, s. 60-61

og dataleverandør, slik at dei kunne få ein brukarperspektiv og eit organisasjonsperspektiva.²⁷

Den data som kom ut av dette prosjektet gav eit bilde om korleis organisasjonar måtte forholda seg til forskjellige brukargruppa, og korleis ein skulle forme materiale slik at dei forskjellige gruppene fekk bruke det på best mogleg måte.²⁸ Det som denne undersøkinga gidde var eit klart bilde på korleis ein har måtte endra måten ein brukar og tenker om tilgjengeleggjering. Ein skal no ha fokusere på korleis forskjellige brukargrupper både innanfor klasse og samfunnsggrupper skal bruke arkivet på best mogleg måte, utifrå at dei trenger materiale til forskjellige grunner. Derfor er det viktig for oss å finne ut av kven som skal bruke det og korleis slik at ein kan best mogleg legge det til rette for bruk.

Eit anna forskingsarbeid som har blitt gjort om digitalisering sin innverknad på tilgjengeleggjering er gjort av førsteamansis i informasjon R. Punzalan, mfl. i 2017. Punzalan tar for seg korleis digital tilgang fungerer i møte med urfolksarkiv, og korleis dei vert påverka. Han tar også for seg korleis dei institusjonane som sitter med denne informasjonen skal kunne arbeide og digitalisere dette etisk.²⁹ Dette meiner han er eit ekstremt viktig problem sidan mykje av materiale frå urfolksarkiv er som regel til bevaring hos ikkje urfolksgrupper og vestlege institusjonar og dei som passer på dem er ikkje urfolk. Derfor er det eit heilt annan etisk omsyn og motivasjon for å digitalisere det, enn kva det ville ha vore for dei vanlege arkiv.³⁰ Gjennom deira undersøkinga prøvar å vise korleis dette påverkar det gjennom å sjå på seks forskjellige innverknadsområder, «kunnskap, haldning, institutts kapasitet, politikk, forhold og profesjonell diskurs, som ikkje berre er relevant for urfolk, men også for korleis digitalisering påverkar tilgjengeleggjering for alle. Mykje av informasjonen dei kommer med er frå intervju med forskjellige grupper som arbeidar med å forvalte arkiv, og brukar arkiva. Gjennom dette viser det korleis utfordringar og avtrykk som finnes for å digitalisere slike arkiver utover berre for hylrometer, klikks, likes og nedlastingar.

Ein duo som også tar for seg ein konsekvens av digitalisering for tilgjengeleggjering er professor i informasjon W. Duff og profesjonell informasjons- og databehandlaren J. Haskell (2015), som tar for seg korleis arkivarar må ha ein radikal endring i synet av det som vert rekna som Web 2.0 og arkiv 2.0. Dei samanliknar dette nye systemet sitt til ein jernstenger(rhizome), som er eit opent ikkje-hierarkisk og ikkje sentriske-system som skal

²⁷ Laursen, 2018, s. 1-2

²⁸ Laursen, 2018, s,6

²⁹ Punzalan ,2017, s.62

³⁰ Punzalan , 2017, s.69

vere i motsetning til det som dei kallar Arborescent modell, som dei meiner er no og som informere om korleis arkivarar informerer og strukturer måten arkiverer, arrangerer, forklarer og gir tilgang til arkiva materiale.³¹ Artikkelen informere om korleis dei ønsker at denne Rhizome modeller skal vere der som ein del av dei sterke røtene til arkivvitskapar. Denne modellen som Duff og Haskell presenterte vert danna i det ønske om å skape eit ikkje-lineært nettverk som kvert punkt kan kopla seg på uansett kva punkt det er. Dette vil bli gjort gjennom å lage ein modell som innbyggjar bruken av sosiale media og brukar bidrag til å forme bruken og føye til kunnskap om materielle.³² Modellen bør vidare kunne velje kva materiale som burde bli prioritert for digitalisering, samtidig som det burde vere eit sterk samarbeid mellom arkiv og brukar.³³ Dei meiner at arkiverer må vere klare for å utvide sin arkiv tilgang, der dei må fasiliterer ein open samtale med deia grupper slik at arkivmateriale kan bli framvist og eksponert i nye kontekster og til nye brukare. Eksemplar dei bruker på det er blant anna spillefisering av materielle i arkivet og bruk av mobile appar for å fremme det som eksisterer.

Ein annan teoretikar som har latt meg inspirere av er arkivaren Terry Cook som i sitt verk frå 2013 tar for seg dei fire paradigmeskriftene som han meiner har skjedd i utviklinga i tankesette til arkivet. Han deler disse fasane opp i bevis, minne, identitet og samfunnet, for å merke kva som står i fokus for dei forskjellige periodane. I han fjerde tankesett tar han for seg samfunnet og korleis det handlar no om å gå over til å fokusere på deltakande arkivering, på grunn av at gjennom internettet og teknologien så kunne alle vera arkivarar og forleggar, så er det mykje større moglegheit til å kunne danne eit arkiv som brukaren var med på å skape for deira eller deira samfunnsgoda.³⁴ Ikkje lenger er ein arkivarar som sitter med all kunnskapen, der ein heller skal gå over til å hjelpe samfunnet og brukare rundt seg til å bevare sine ting, som da vil gi moglegheita til å kunne lage ein totalt arkiv på ein måte som aldri kunne ha blitt gjort før.³⁵ Årsaka til at eg har valt å nemne han er at det han snakkar om spesielt da det kommer på identitet og samfunn ligger på lik linje med den utviklinga som eg meiner har skjedd og skjer når det kommer seg korleis digitaliseringar og internett har endra på omgrepa som sikring, bevaring og tilgjengeleggjering. Derfor vil det verta bruke det som ein diskusjonsmoment saman med det som Theimer legger fram. Når det blir snakk om korleis

³¹ Duff & Haskell, 2015, s. 50

³² Duff & Haskell, 2015, s. 41

³³ Duff & Haskell, 2015, s. 41

³⁴ Cook, 2013, s. 113

³⁵ Cook, 2013, s. 114

forståeleg og bruk av tilgjengeleggjering har forandra seg til noko anna enn det som det har betydd i sin analoge form.

Arkivaren Kate Theimer utalte seg i ein artikkel frå 2011 om det ho så som ein endring i korleis arkiv fungerte og kallar denne endringa Archive 2.0, som ein parallel med WEB 2.0 som folk hadde begynt å snakke om. Det Theimer legger i arkiv 2.0 var at det er eit arkiv fylt med mykje meir openheit og fleksibilitet enn det som det hadde vert før, kor arkivarane måtte vere meir brukarsentrert.³⁶ Tankane hennar om Archive 2.0 var ikkje noko nytt, og disse tankane om korleis archive 2.0 burde fungerer går på same linje som Gerald Ham og andre sine tankar i 1980 og før om Post-custodial, der ein skulle gå vekk frå den gamle passive forvaltinga og over til noko meir aktivt tilgjengeleggjering.³⁷ Theimer meiner at takkevære teknologien som digitalisering hadde med seg gjorde det mogleg å begynne å tenke i sånne banar om korleis ein skulle betre arkivet.³⁸ Hennar syn er at arkiv var i endring frå korleis det har vore før, og over til noko heilt nytt som ein ikkje hadde gjort før, der ein ikkje lenger skulle vere den stille konservator, men heller den opne forvaltar. Videre så tar ho for seg korleis disse konsekvensen endre på korleis ein no skal jobba som arkivar og korleis endringa til Archive 2.0 vil hjelpe til å føre dette videre til noko nytt som ikkje har blitt sett før. Dette gjer ho gjennom at ho tar for seg korleis ting har forandre seg frå det ho kallar Archive 1.0 og ser på nokon av aspekta som er blir forandra for openheit, tilgjengelegheit og korleis arkivar jobbar. Dette gir eit forståeleg forklaring på dei endringar som digitaliseringa har ført med seg til det faglege innanfor arkiv.

Ein annan artikkel som også er relevant når det er snakk om korleis arkivarar prøver å tilpasse seg med digitalisering og tilgjengeleggjering, er ein som er skrevet av professor Isto Huvila i 2008 som tar for seg konseptet med deltagelses arkiv(Participatory archive). Han tar for seg korleis arkiv med brukarperspektiv har vore lite brukt i arkivvitskap, men er noko som har blitt brukt meir andre greinar av ABM sektoren.³⁹ Vidare tar han for seg to arkiverer i Finland, som gjennomfører prosjekter for å utvikle digitale arkiv, å korleis deltagingsarkiv kan vere ein del av utviklinga, kor han gjennom dei prosjekta formulere ein ny type deltagings arkiv.⁴⁰ Fokuset fremjar at det skal vere nokon sentral karaktertrekk med korleis dei skal fungera. Disse karaktertrekka er at det skal vere: 1. desentralisert kurasjon, som går på at ein deler

³⁶ Theimer, 2011, s.60

³⁷ MacNeil & Eastwood, 2017, s.68

³⁸ Theimer, 2011, s.65

³⁹ Huvila, 2008, s.1

⁴⁰ Huvila, 2008, s.32

bevarings ansvar mellom arkivarane og deltararane i arkiva 2. Radikal brukarorientering som betyr at arkiva vert orientert og reorientert for sine brukare heile tida, altså endra slik at det vert brukaren som vert meir involvert 3.kontekstualisering av både arkiva og arkivprosessen, kor ein ser på viktigkeitene av andre ting enn berre arkivas og organisasjons kontekst til materiale, der ting som opphav, kurator og brukar vil vere viktig.⁴¹

Håpet var at det skulle hjelpe til med å danne eit brukande arkivsystem som skulle vere ein måte å radikalt endre arkiva mot eit meir interaktivt arkiv med brukaren slik at det kan bli meir brukt.⁴² Han kommer også inn på karakteristikken på korleis ein skal gå fram med å desentralisere arbeidet med å jobbe med dokumenta, samtidig som det skulle vere ein radikal brukarorientering gjennom korleis ein skulle sjå på materiale samtidig om korleis brukaren skulle verta ein del av arkivprosessen.⁴³ Dette visar litt av det Theimer snakkar om gjennom at det er ønske om eit fokus på brukaren i staden for å ha fokus på dokument, og at gjennom digitalisering hjelper til med å pushe denne tankegangen. Det som Huvila skiver om er også fasinerande å ha med her fordi den visar litt starten av korleis ein tenkjer og andre land har gått fram med sitt møte med den digitaliseringa og dei moglegheita som dette har med seg. Fokuset dei har da er på deltararen og korleis denne da nye måten å tenke på, skal forbetre bruken av arkiva.

Ein av dei tidlegare studia som eg tar inspirasjon frå til oppgåva, som omhandlar konsekvensar av digitalisering. Denne er av den kanadiske arkivaren og avdelingsdirektør for arkivbevaring Lilly Koltun (1999). I artikkelen hennas gjer ho eit studie kor ho vise korleis digitale-media har innverknad på arkiv innanfor enten digitaliserte medium eller materiale som har blitt danne digitalt. Hun fremmer korleis denne endringa over til det digitale, har ein innverknad på korleis ein forstår og brukar sikring, bevaring og tilgjengeleggjering i ein arkivsamenheng, kor ho vidare spør om ein får endring på den fundamentale forståing av kva eit arkivdokument er når det har gått over til å vera digitalt lagra.⁴⁴ Det ho gjer videre er å vise sider som sørger for at arkivering forandrar seg når det vert digitalt og korleis digitalisering har effekt på korleis arkivarar skal ta grep for å fortsette jobben sin. Vidare snakkar ho også om korleis digitalisering påverkar samfunnsbruket til arkivmateriale som no er blitt digitalt. Koltun uttalar at «So with the new media and the flexibility of digitization come not just new

⁴¹ Huvila, 2008, s.25

⁴² Huvila, 2008, s.32

⁴³ Huvila, 2008, s.32

⁴⁴ Koltun, 1999, s.127

outlets for displaying the archival record but also new applications which represent new meanings infused in the record».⁴⁵ Videre førar debatten om at det finnes store konsekvensar på kva digitalisering kan gjere med å vise fram arkivmateriale, men også at denne digitaliseringa endrar på heile meinингa som arkivmateriale gir.

Dette er berre nokon av dei som snakkar rundt tematikken eg tar føre meg, og om eg ville ha ønsket så kunne eg tatt med enda fleire og. Dei som eg har tatt med er dei som eg finner sentrale til den problemstilling som eg held på med, og er dei som inspirere det arbeidet som eg gjennomføre med mine eigne spørsmål.

⁴⁵ Koltun, 1999, s.128

3 Teori og metode

3.1 Teori

3.1.1 Arkivas samfunnsoppdrag

I denne delen ønsker eg å ta litt tid til å forklare forskjellige omgrep slik at leseren skal få ein betre forståing om kva eg arbeidar og snakkar om når eg nemnar enkelte omgrep og teoriar som kommer fram seinare. Dette vil innebere forklaringar på kva som er arkivets samfunnsoppgåver, kva digitalisering går utpå, kva analoge og digitale arkiv er, kva aspektar som det finnes med tilgjengeleggjering som kan være påverka av digitalisering og ta for seg korleis Noreg sin arkiv og digitaliserings politikk ser ut. Til å begynne med ønsker eg å snakke om det som er arkivs kjernesamfunnsoppgåver. Arkivverket seier da at dei sitter med tre vesentlege samfunnsoppgåver som dei skal løyse, der disse da gjelder også for alle arkiv. Disse oppgåva er da sikring, bevaring og tilgjengeliggjering.⁴⁶ Disse oppgåve er også felt ned i arkivlova gjennom å verte teke vare på og tilgjengeleggjere for ettertida. I tillegg så er ein av oppgåva til Arkivverket at dei har tilsynsmyndighet over andre arkivorganisasjonar, og er derfor ein jobb som dei også held på med, men vil ikkje bli nemnt meir enn dette, sidan det ikkje er relevant i denne oppgåva.

3.1.2 Sikring

Sikring er ein av hovudoppgåva til Arkivverket, som går ut på «*Å sikre at dokumentasjonens eigenskapar som bevis ivaretta gjennom informasjons- og styringssystemet og sikkerheitsmodellar.*»⁴⁷ Årsaka til at ein held på med slik arbeid er at det kan bidra til meir gjennomsikt, etterretteleg og verdiskaping, gjennom å sikra at dokumenta vil vere i sin ekte form. Denne jobben har blitt mykje meir viktig no som ein er over i ein digitaliserande periode. Dette kan vi også sjå igjen i kor mykje vekt Arkivverket har på det gjennom deira malar i «*Metode for identifisering og sikring av dokumentasjon*» som gir klare retningslinjer på korleis ein skal gå fram med å sikre materiale som ein sitter med. Gjennom digitaliseringa aukar også moglegheiter for å kunne sikre materiale sin autentisitet og legitimitet. Dette skjer da for å møte med den nye sårbarheita som kommer gjennom det er mykje lettare å forfalske digitale materiale.⁴⁸

For å kunne motkjempe dette har ein no skulle kunne sjekke metadataen på materiale for å sjekke den autentisitet, samtidig som ein kan sjekke preserveringsforklaringsinformasjonane,

⁴⁶ Kulturdepartement, 2021

⁴⁷ Arkivverket, 2020, metode for identifisering og sikring av dokumentasjon

⁴⁸ Giaretta, 2011, s.2-3

som hjelper oss å finne ut av kor informasjonen kommer frå og kva informasjonen inneheld og når det har vore skapt, og om det er i sin originale forstand.⁴⁹ Denne data har da ein felles nemning i metadata, kor eksperten på digital bevaring David Giaretta deler dette inn i fem underkategoriar som er viktige for å kunne bevise legitimiteten til dokumentet. Disse er da: referanseinformasjon, proveniensinformasjon, kontekstinformasjon, fiksitet informasjon og avgangsrett informasjon.⁵⁰ Eg skal ta å gjennomgå alle dei forskjellige underkategoriane for å fremme kvifor dei er viktig for sikkerheita til arkiva.

Referanseinformasjon er informasjon som vert brukt til å identifisere innhaldsinformasjonen, der det inneheld også indikatorar som gjer det mogleg for systemet på utsida til å referere utvitydig til ein spesiell innholds informasjon.⁵¹ Proveniensinformasjon er informasjon som omhandlar historiene til objektet, der informasjonen fortel oss opphavet til dataobjektet og om det har skjedde endringar sidan objektet vart skapt, og kven som har hatt det sidan det vert skapt og kva system dataobjektet har blitt rørt ved, derfor blir ofte proveniensinformasjon noko som kan gi dataobjektet sin legitimitet.⁵² Kontekstinformasjon tar for seg mykje av det viktigaste kontekstene med dataobjektet og ein kan rekne proveniens som ein form for kontekstinformasjon.⁵³

Fiksitsinformasjon handlar om at data objektet blir dokumenterer gjennom ein mekanisme som sikre at kontekstinformasjonen ikkje har blitt endra på utan å ha blitt dokumenterte, gjennom at ein har moglegheitene til å sjekke ein utrekna sjekksum som skal stemme med den opphavelege utrekna sjekksummen som blei laga når objektet vert skapt.⁵⁴ Avgangsrett informasjon omhandlar informasjonen som identifiserer tilgangsavgrensingar tilknytte til innhaldsinformasjon, eksempel kan vere dei juridiske rammeverka, lisensvilkåra og tilgangsmoglegheitene, og kan også innehalde tilgang og distribueringsvilkår som er tilknytte til både den som skal bevare objektet og den som skulle ønske å bruke objektet.⁵⁵

Gjennom at alle disse fem informasjonane er på plass så kan ein forsikre seg at det ikkje skjer endringar eller forfalskingar i materiale, slik at ein kan sikre integriteten og tilliten til informasjon som vert bevart hos arkiva. Det er også viktig å få fram at grunn til at ein er nøyd

⁴⁹ Giaretta, 2011, s.21-24

⁵⁰ Giaretta, 2011, s.177

⁵¹ Giaretta, 2011, s.21

⁵² Giaretta, 2011, s.22

⁵³ Giaretta, 2011, s.22

⁵⁴ Giaretta, 2011, s.22

⁵⁵ Giaretta, 2011, s.23

til å ha all denne informasjonen, er fordi det digitale materiale er blitt meir sårbar enn det har vert før, og trenger derfor all forsikring på at den er original og uendra. Med all denne metadataen er på plass så vil dette sørge for at brukar no kan ha meir tillit i det materiale som ein finner i det elektroniske arkiva og kva han kan få tag i gjennom andre tilgjengeleggjeringstenestar.

3.1.3 Bevaring

Neste samfunnsoppdrag som skal gjennomgåast er bevaring. Bevaring går altså utpå å ta vare på arkivmateriale samtidig som ein held det ved like, slik at det kan brukas i ettertida. Den tradisjonelle bevaringa frå avlevering til at det vert eit papirarkiva viser godt korleis det fungerer i det analoge. Den går ut på at materiale vert da avlevert hos arkiva, der det begynner med eit ordnings arbeid der dei reinske ut det som ikkje skal bevarast i følgje bevaring og kassasjons planane, og gjenstandar som ikkje skal vere der som plast, gummi og binders vert teke vekk.⁵⁶ Før det vert markert med ein arkivkode og lagt i ein arkivboks(syrefri) etter slik samlinga er levert inn.⁵⁷ Deretter så registrer ein det inn i ein indeks kort som stemmer med den arkivkoden som ein har gitt til den tidigare. Arkivmateriale vert vidare plassert på arkivhylla eller sendt til depot.⁵⁸ Før den ny arkivbokssamlinga ble satt i ein temperert, mørk og tør oppbevaringsrom der samlinga kunne ligge i fleire 100 år med ganske lite trengsel for å halde på med stor vedlikehald av det arkiverte materiale. Dette er kanskje litt simplifiserande i korleis ein går fram med å lagre arkiv i det analoge, men det gir ein forståing for korleis det gjerast.

I det nye digitale arkiver vert fokuset på vedlikehald noko heilt anna og ein måtte no bruke mykje meir tid på det. For når materiale er digitalt, så er det ikkje lenger å ta føle på. Det er data som ligger på servere, som har eit mykje større behov for vedlikehald, enn det har hatt før.⁵⁹ Samtidig så trenger ein no eit programapplikasjon for å kunne lese informasjonen enten liggande på ein datamaskin eller på ein server. Data må vere i konstant vedlikehald for å sørge for at det ikkje skjer noko datakorruksjon eller at materiell ikkje lenger kan brukast fordi det ikkje kan lese av eit programapplikasjon lenger.⁶⁰ Derfor vert det eit sort vedlikehaldsjobb med å bevare materiell gjennom å flyttar det over på eit nytt system som framleis kan lese data. Men det å gjere det digitalt betyr også at det tar mykje mindre plass

⁵⁶ Arkivverket, 2018, Veileder for overføring av papir arkiv

⁵⁷ Arkivverket, 2018, Veileder for overføring av papir arkiv

⁵⁸ Arkivverket, 2018, Veileder for overføring av papir arkiv

⁵⁹ Arkivverket, 2022, Ny løysning for sikker digital bevaring

⁶⁰ Arkivverket, 2022, Ny løysning for sikker digital bevaring

enn sin analoge motpart, men i motsetning så kan ein ikkje berre legge den på ein server eller harddisk så lagre det.⁶¹ Å bevare digital arkivmateriale korrekt er ein kravande og kostbar jobb i lengda, men det sørge for at materiell skal kunne verta lagra til evig tid.

Formålet med bevaring går altså da uts på i følgje Arkivverket å sørge for at arkiv som har stor kulturell eller forskingsmessig verdi, eller som innehold rettsleg eller viktige forvaltningmessig dokumentasjon, blir bevart og gjort tilgjengeleg for ettertida.⁶² Om dette høyre kjent ut så er det fordi det er deler av det som står i første paragraf i arkivlovene og visere kor betydeleg det er av kor viktig bevaring er i jobben vår. Men det å bevare arkivmateriale er noko som har endre seg sterkt når ein er over i ein digital tidsalder, som tidligare nemnt er det ikkje lenger berre å bevar det er også ein stor fokus på å vedlikehalda materiale ein sitter med, sidan ein aldri veit når bevaringsform endast seg og plutsleleg er systemet som data er lagra på ikkje leseleg lenger, der ein hamnar i ein situasjon som med diskett, kor det er hamna i ein situasjon kor det er mangel på måtar å avspelar dem på.

3.1.4 Tilgjengeleggjering

Siste av Arkivverket kjerne samfunnsoppgåver er tilgjengeleggjering, som er det som vil vere hovudfokuset i denne masteren oppgåva. Tidlegare så nemnte eg at eit av formåla med arkiv å tilgjengeleggjere det for ettertida, og er derfor noko som har vert satt stor fokus på hos Arkivverket og staten. Dei ønsker at det skal bli gjort «tilgjengeleggjere» av eit bredt og allsidig utval av samfunnet arkiver.⁶³ Med ein slik prioritering viser det kor viktig tilgjengeleghet er som ein oppgåve som skal gjerast, og kor stor gode det kan vere for samfunnet og befolkninga når dei no får tak i ein større mengde informasjon kor dei vil og nesten når dei vil. Digitalisering vil da vera eit svært godt middel for å realisere ein slik informasjons formidling

Det som tilgjengeliggjering går ut på er å gjere noko tilgjengeleg for bruk, men det omhandlar så mykje meir enn berre det. Tilgjengeleggjere omfattar også ordning og katalogisera, slik at ein kan få moglegheitene til å bruke det på lesesalen, eller der ein kan få ein kopi av dokumenta som er etterspurte.⁶⁴ Tilgjengeliggjering vil føre til auka kunnskap hos brukarane som skulle ha interesse av å lære av det. Tilgjengeliggjering kan også gjere det enklare å digitalisere for publisering på internettet eller andre formidlingsmediar som publikasjonar⁶⁵.

⁶¹ Ask & Søraa ,2021, s.38

⁶² Arkivverket, 2018, Om bevaring og kassasjon i offentleg forvalting

⁶³ Kulturdepartement, 2022, s.4

⁶⁴ Lange & Springe, 2013, s.13

⁶⁵ Lange & Springe, 2013, s. 13

Slik at den har moglegheitene til å vere tilgjengeleg for andre enn berre dei som har spesiell interesse og kunnskap i materiale.

I arkiv er fokus som regel om to ting som ofte skal verta ønska å gjøre tilgjengeleg. Det første vert fremma i Statens kommunikasjonspolitikk. Den skal formilde det som skjer i staten gjennom å gi borgaren tilgang på informasjons om statens verksemder, slik at det kan styrke demokratiet å gjøre det meir transparent overfor samfunnet.⁶⁶ Eit annan område som tilgjengeleghet er viktig for er gjennom tilgjengeleggjeringa av historia og kulturen vår. Ein kan gjennom å fortelje om vår kultur og fortid til andre menneskjer både frå vårt egent nasjon eller andre nasjonar, vil hjelpe til å auke forståeleg på kor vi kommer frå og kva som leder vår kultur framover. Altså slik tilgjengeleggjering sørger for auke kunnskap blant befolkninga om det som skjer i samfunnet, men også på kor kulturen vår kommer ifrå. Tilgjengeliggjering er derfor ein av arkivars viktigaste rolle, der fokus på fortidsforsking og kva staten og organisasjonar holdet på med har no blitt mykje meir i fokus og etterfølgt enn før. Det finnes mange forskjellige sider med tilgjengeleggjering som alle vert påverka av at analoge arkiv vert digitalisert.

Slik at det ikkje skal vere noko forvirring så skal eg også forklare kva formidling er, sidan det ofte er mogleg å forveksle mellom tilgjengeleggjering og formidling, spesielt innanfor digitalisering. Formidling omhandlar raskt om eit utveljing og iscenesettars av arkivalia- som virtuelle gjenstanden på internett eller som fysisk gjenstanden- for eit gitt publikum.⁶⁷ I motsetning som nemnt over tilgjengeleggjering omhandlar om åtak, som sikrar at samfunna eller brukarar kan få tilgang til arkiver både i sin fysisk og digitale form. Sjølv om formidling kan verta sjåande som ein del av tilgjengeleggjering så er det da altså ikkje det same. Men gjennom måten som tilgjengeleggjering har endra på seg gjennom det digitale ser eg det fortsett som eit aspekt av tilgjengeleggjering. Utifrå kva eg snakkar om her så er det eit aspekt som stikker seg ut, nemleg formidling. Ettersom eg har brukt tid på å forklare forskjellen mellom tilgjengeleggjering og formidling, så kan det vere litt rart å ta det med som eit aspekt og ikkje som ein egen ting. Årsaka til dette er at eg ønska å bruke tid på å snakke om korleis digitaliseringa sørga for at skillet mellom formidling og tilgjengeleggjering vert enda mindre når ein gjer legger ut informasjon ut på internettet.

⁶⁶ Regjeringen, 2021, Statens Kommunikasjonspolitikk

⁶⁷ Lange & Springe, 2013, s.27

3.1.5 Papirarkiv

At noko er analogt betyr at det «noko som eksisterer basert på ein fysisk kontinuerleg i variert størrelsar eller varierte mekanismar».⁶⁸ Ting eksisterer i den verkelege verden og ikkje gjennom det digitale alt frå materiale til radiobølger kan bli sett på instansar av analoge gjenstandar. Eit analogt arkiv eller papirarkiv er ein fysisk måte å lagre arkiv på og er ein metode som vert brukt heilt fram til det var moglegheit for å elektroniske lagre noko.

Analog arkivering eller berre arkivering har tradisjonar og stammer heilt tilbake til mennesket begynnars. Ein kan finne spor heilt tilbake til arkiv frå oldtida Mesopotamia(cirka 2000 fvt.), der arkiva inneheld lovar, eigendomsregister og manntal.⁶⁹ Danninga av arkiv har hatt ein stor samanheng av utviklinga til skriftspråka. Å gjennomføre eit utval på det som skulle bevare av våre skrifte og anna materiale vert svært viktig for funksjonen til den sivilisasjonen ein lever i. Arkiv hadde ein så stor viktigkeit at det ofte blei oppbevart med andre edle skattar i middelanderar og er derfor blitt satt høgt i kor viktig det er. Det som ein kan sjå som det moderne kommer på banene rundt 1800, der det skjer eit skile mellom dei administrative arkiva og kulturelle/historiske arkiva.⁷⁰ Dette skjedde på grunn av at etter den franske revolusjon var det eit ønske om å behalde noko av det gamle regimets dokumenter. Slik at ikkje all spor av deira tidlegare arv vert øydelagt, når dei skulle skape og bevare dokumenta til den nye republikken.⁷¹ Dette ønske førte da i 1790 til danninga av det nasjonale arkiv i Frankrike, som leda til det dikotomi som skjedde mellom arkiva til den nye republikken(administrasjon) og arkiva til det gamle regime(kulturell/historisk).⁷² No er ikkje papir arkiver akkurat sånn i dag, men heller fleire hyllemeter med syrefri boksar i ein mørk tørr romtemperert kjellar der materiale kan ligge i fred i 1000 år. Ein sender da ein arkivar ned for å finne opp det som ein brukar har lyst til å lese på lesesalen. Jobben til arkivarane i ein sånn arkiv er vedlikehald og ordning av arkiva slik at dei kan bevarast så lenge som papiret gir det moglegheiter for. Denne metoden å halde på med arkivering ble hovudsakeleg brukt fram til 1990 når ein ny måte å arbeide med lagring kom på banen, der ein begynte å diskutere bruken av elektroniske arkiv.⁷³

⁶⁸ NAOB, 2023, definisjon for analogt

⁶⁹ MacNeil & Eastwood, 2017, s.58

⁷⁰ MacNeil & Eastwood, 2017, s.60 - 61

⁷¹ MacNeil & Eastwood, 2017, s.60

⁷² MacNeil & Eastwood, 2017, s.61

⁷³ MacNeil & Eastwood, 2017, s.137

3.1.6 Elektroniske arkiv

At noko er digitalt betyr at det er einingar som har med tal eller diskrete å gjere, særleg i de binære talverdiane 0 og 1.⁷⁴ Altså noko som berre eksisterer innanfor eit vist system og ikkje kan verta tatt ut i den verkelege verden og heller meir in den mentale verden. Dette er ein teknikk som har fått stor fokus dei siste 30 åra og det har blitt satt inn store resursar for å kunne best mogleg bruke digitale tenesta og passe dei inn til dagens samfunn. Eit digital/elektroniske arkiv er ein måten å lagre arkivmateriale på der, ein ikkje lenger lagera det i ein fysisk form, men heller at det vert lagra på ein server i ein bits(0 og 1) og data form. Einingane er data som da kan vise bilet av fysiske transkriberte dokumenter eller reine bits av materiale som er blitt skapt digitalt. Dette er da elektroniske arkiv som sørger for at imitasjonane som eksisterte på det fysiske arkiva vert vekke og ein kan i teorien lagre arkivsamlingane til evig tid.

For å gå litt meir inn på historia til elektroniske arkiv så skal det vere klart at før 1990 så var det avgrensingar på kva datamaskinane kunne gjere for å generere elektroniske poster.⁷⁵ Men etter 1990 så skjedde det store endringar i korleis ein dreiv med elektroniske arkiv. I da 1994 kom kommisjonane for bevaring og tilgang(CPA) og forsking biblioteks gruppa(RLG) med tankane om å lage noko som kunne hjelpe til med å halde på med digital lagring.⁷⁶ CPA og RLG kom i 1996 fram til to grunner som ville hjelpe til å sikre digitale arkiv: å få med innhaldsskaperar inn i den digitale arkiv prosessen og å sørge for å skape eit nettverk med tillit slik at dei kunne sertifisere arkiva.⁷⁷ Dette vert gjort slik at det var mogleg å lage eit bra måtar å få folk over på disse ny moglegheitene samtidig som ein sørge for den beste praksisen.

Samtidig rundt 1990 kom det forespørsmål frå ISO begynte utviklinga av formelle standardar for langtids lagring av digital data. Dette resulterte i den opne standaren OAIS(Open Archival information system) som blei utgitt i førsteversjon i 1997, og vert utvikla som ein abstrakt referanse modell slik at implementeringa av langtids lagringa kunne verta tilpassa til å møte behova til ein enkelt brukargruppene.⁷⁸ Andre eksemplar på slike standarar er TDR(Trusted Digital Repositories) og interPARES(International Research on Permanent Authentic Records

⁷⁴ NAOB, 2023, definisjon for digitalt

⁷⁵ Baucom, 2019, s.4

⁷⁶ Baucom, 2019, s.5

⁷⁷ Baucom, 2019, s.5

⁷⁸ Baucom 2019, s.6

in Electronic Systems).⁷⁹ Det finnes også ein Norsk standard, i da Noark standaren som også tar for seg elektronisk journalføring og arkivering av sakdokumentar.⁸⁰ Disse standarane vert danna slik at ein klarar å guide korleis ein skal holde på med digital bevaring, i møte med den raske forandringa i korleis teknologien utviklar seg.⁸¹ Enkelte av disse systema kan også verta utvida til å kunne dekke over informasjon som ikkje er digitalt skapt.⁸² Sjølv om standarane kanskje ikkje er permanente så inneheld standarane informasjon som kan hjelpe til med å sørge for at arkiva kan langtidsbevarast.⁸³

3.1.7 Digitalisering

Da er det på tide å begynne å definere kva digitalisering handlar om. Det er nemleg ikkje like rett fram som er har nemnt tidlegare, men er noko komplekst og utfyllande som ikkje berre handlar om overføring frå eit medium til eit. Digitalisering har eit ganske bred betydning og er ein del av alle aspektar i samfunnet frå stat, helse, transport og mykje anna og kan vere ein løysning på korleis ein kan «forbetre» disse greinene. Ein måte som digitalisering vert definert som er at «digitalisering skildrar sosiale og teknologiske endringar knyttet til utvikling, innføring og/eller bruk av digital teknologi. Digitalisering inneberer både teknologisk endring i form av digitisering (Sjølve prosessen av å konvertere analoge data til digital form) og sosial endring der samfunn, grupper og individua omorganisere rundt ny teknologi».⁸⁴ Dette visar oss at når eg snakkar om kva konsekvensar digitalisering har på det analoge materiale betyr det ikkje at eg berre snakkar om det teknologiske, men også om det sosiale og korleis vi no skal omorganisere oss rundt endringa som skjer i arkiv.

Så når eg brukar digitalisering så er det utifrå eit arkiv perspektiv, i den forstanden at det er ein metode der ein konverterer materiell frå det analogt medium over til ein digital medium, gjere at det da kan lesa av ein datamaskin og brukast digitalt, men også om dei sosiale endringa som skjer.⁸⁵ Når det da er digitalt vil det da i praksis vere lettare billigare og meir effektivt å lagring og mykje betre å bruk sidan datamaskinen no kan hjelpe med kalkulering og leiting, samtidig som det gjere samhandling mellom arkivarar og brukaren og arkivarar og andre arkivarar.⁸⁶ Mykje av dei definisjonar og framvisingar stiller digitalisering i eit positivt

⁷⁹ Baucom, 2019, s.6 & s.9

⁸⁰ Arkivverket, 2017, -introduksjon til Noark

⁸¹ Giaretta, 2011, s.14 & s.47

⁸² Giaretta, 2011, s.48

⁸³ Giaretta, 2011, s.47

⁸⁴ Ask & Søraa ,2021, s.33

⁸⁵ Ask & Søraa, 2021, s.34

⁸⁶ Ask & Søraa, 2021, s.36

lys, gjennom at det skal vera så mykje meir produktivt og kost effektivt enn det som det har vert i det analoge. Dette er eit moment som vi ikkje kan sjå svare på endra sidan ein framleis er i utvikling, men digitalisering har konsekvensar for korleis arkiva sin situasjon gå framover.

Ein del av digitaliseringa som ofte omhandlar arkiv er mediakonvertering, som omhandlar at eit objekt har vore overført frå ein form over frå ein ting til ein anna. Dette kan innebere at det noko går frå å vere ein fysisk form til å vere eit digitalt format.⁸⁷ Arkivverket deler opp sin mediakonvertering i to hovudmåtar som dei jobbar på med når dei digitaliserer analogt material, det vert delt i skanning, indeksere og transkripsjon.⁸⁸ Disse er to vidt forskjellige måtar å bli gjennomført digitalisering på, men begge sørger for at det er mogleg å kunne bruke det digitalt. Sjølv om det vert mediakonverter, er det ikkje alltid sikkert at det kan halde fram med å vere i den forma, på grunn av digitaliseringa rask forandring og behov for å få det over på eit betre medium som skal fungere betre enn det førre. Digitalisering er derfor i konstant bevegelse, sidan jobben med å bevare å vedlikehaldet arkivmateriale aldri tar slutt, på grunn av at det alltid er nye medium eller systema som det kan flyttast over til.

Over vart det nemnt at den første måten Arkivverket jobbar med dette, er gjennom å arbeide med skanning og indeksere. Denne metoden kan deles opp i to deler. Først indekserer ein materiale, dette betyr at ein klargjer ein datafil som inneheld objektets beskrivande informasjon, som for eksempel materialet sin metadata inn i eit datasystem. Slik at ein enkelt kan finne fram til dette i system etter at ein har skanna inn dokumentet som eit bilde.⁸⁹ I den neste steget av prosessen går over til å gjøre klart til å kunne skanne inn det inn på ein innskanningsmaskin slik at dokumenta eller anna materiale vert digital. Det vert så lagt på ein server, kor det da kan verta brukt av dei tilsette eller individ som skulle ha tilgang, eller ønske om å bruke det på kva for ein maskin som kan lese formatet, som det vert skanna inn på. Dette formatet gjøre det mogleg å kunne lese, lagre og redigere disse dokument på ein datamaskin som hjelpe på å tilgjengeleggjere materiale.

Den andre metoden som Arkivverket bruker er å transkribere materielle inn i eit datasystem eller eit program. Transkribering går ut på at ein person sjølv legger inn verdiane som står i materiale inn eit dokument inn i eit program slik at datamaskinene får data den kan jobbe med

⁸⁷ Arkivverket, 2018, Mediakonvertering

⁸⁸ Arkivverket, 2018, Mediakonvertering

⁸⁹ Arkivverket, 2018, Skanning og indeksere

eller gjere det mogleg å søke på.⁹⁰ Eksempel på transkribering vil vere å legge inn informasjonane som står i gamle skule bøker eller kyrkjebøker inn eit Excel ark slik at det kan lettare leggjast inn i eit registerprogram eller leggast ut for bruk på deia nettside. Dette er også ein måte som gjer materiale mogleg for datamaskiner å lese, slik at den lettare kan gå gjennom å finne fram når den arbeidar med å søker etter informasjon i datasystemet. Det finnes altså mange måtar ein kan sjå på korleis digitalisering fungerer, det utvalet som eg har valt er den som dekker konverteringa frå analog til det digitale.

3.1.8 Norsk arkivpolitikk

Sidan det bli ein del snakk om Arkivverket og den norsk stat i denne oppgåva så bør det også verta snakka litt om kva som har vert arkivpolitikken i Noreg. Eg velgje å ta for meg den norske arkivpolitikk frå 1999 sidan det var da den eksisterande arkivlova trådde i kraft for å sikre at det ikkje skulle skje omfattande tap av uerstatteleg arkivmateriale.⁹¹ Sjølv om det har vorre norsk arkivpolitikk sidan opprettinga av det Riksarkivet i 1817, men det ikkje det like relevant for oppgåva min.⁹² Dagens arkivlov vert påbegynt i 1992 og trådde i kraft i 1999.⁹³ Denne loven var basert på eit syn som var satt opp mot ein meir papirbasert arkiv og ikkje var retta mot dei digitale endringane som sto for tur utover 2000-talet.⁹⁴ For å prøve å komme under di manglar som eksisterte i arkivlova vert det satt opp ein del arkivforeskriftar ut gjennom 2000, som skulle vere i tillegg til arkivlova for å prøve å gi retningslinja på det som ikkje kom klart fram.⁹⁵

Dette førte til at det vert litt rot med kor alle lovane for arkiv oppholder seg og kva som gjaldt. Derfor ble det i 2017 satt ned eit utval som skulle revidere og lage ein ny arkivlov som skulle vere meir tilpassa den digitale skifte. Våren 2019 kom eit offentleg utredning i form av NOU 2019:9, kor utvalet kom med foreslått endringa til arkivlova som så vert kulminert i eit nytt lovforslag for ein ny arkivlov i 2021.⁹⁶ Det står på regjeringa sine sider at saken med forslaget er framleis ute på høyring, men det har enda ikkje komme ein ny arkivlov til denne oppgåvenes skaping. Sjølv om det framleis samtalar om å få danninga av ein ny arkivlov som er meir tilpassa det digitale.

⁹⁰ Arkivverket, 2018, Transkribering

⁹¹ Pedersen, 2019, s.12

⁹² Svendsen, 2017, s.11

⁹³ Arkivlova, 1999

⁹⁴ NOU, 2019, s.33

⁹⁵ Andersen, 2020, s.90

⁹⁶ Regjeringen, 2021, Høyring-forslag til ny arkivlov

Derfor er arkivlovene som vi har i dag ikkje heilt oppe til den standar som den skulle ha trengt å vere for å kunne bruke den i det digitale, der mykje av det som står i lova om kva som skal bevarast kommer fram som eit ovleg vagt tema og ikkje vere meint for digitale arkiv. No er det mykje av det som bestemmer kva av dokumenta som skal vert ivaretatt med journalføringsplikten, som er så godt som regulert i arkivføreskriftene⁹⁷ Journalførings plikten var noko som NOU 2019:9 prøver å avvikle, der det no skulle komme meir tydleg fram frå andre delar av deira forlag til den nye arkivlova.⁹⁸ Sidan dagens loven kom i kraft i 1999 så har landskapet fordra seg valdsamt og deler som personvern og fleire individuelle rettigheter sørger for ein er nøydt til å tilpasse den nye loven slik at den kan vere meir effektive bruke i den stadig aukande mengde med informasjonsvolum, nye formater, arbeidsprosessar og lagringsmediar.⁹⁹

I tillegg så vert det og danne ein samling av det som vert kjent som ABM-utvikling som er statens senter og ein felles nemning som vert brukt innanfor samlingsforvalting som står for Arkiv, Bibliotek og Museum.¹⁰⁰ Sidan det er ein del felles trekk og saker innanfor ABM så er det ofte ein snakkar om det som eit fellesskap, der det går ann å trekke inn kvar sektors relevansen på tvers av bruksområda, der kvar sektor arbeidar med ein del formidling, men kan ha gode av å vite kva dei andre sektoren held på med også.¹⁰¹ Samtidig som dei ønsker å gjere materiale frå deia samlingar tilgjengeleg for alle brukar derfor jobbar dei saman for å sørge at dette skal kunne gå. På grunn av at det ofte vert utalt at ABM har enkelte likskapar så vert det ofte snakket om det som eit felles organ på grunn av deira påverknads evne på kvarandre. ABM utvikling vert nedlagt i 2015 og oppgåver flytta rundt til forskjellige andre postar med ABM omgrep vert ofte framleis brukt når ein snakkar om dei i eit fellesskap.¹⁰²

3.1.9 Norsk digitalisering politikk

For å kunne få eit betre bilde på korleis digitaliseringa har hatt konsekvensar på arkivet, må ein også sjå korleis arkiva har vorte påverka den norsk digitalisering/ IKT-politikken i disse årene. Dette vil gje oss eit innblikk i korleis den norske stat ønsker at samfunnet skal utvikle seg som eit digitalt samfunn, og om det faktisk stemmer med korleis landskapet har utvikla seg. I følgje regjeringa så er ein no på veg inn i ein digital kvardag, der Noreg allereie er i

⁹⁷ Andersen, 2020, s.89

⁹⁸ Andersen, 2020, s.89

⁹⁹ NOU, 2019, s.64

¹⁰⁰ ABM-utvikling, 2008, s.9

¹⁰¹ Torgnesskarpå, 2012, s.8

¹⁰² Årland, 2020 – ABM-utvikling

toppklassen i verda når det kommer til prosentar av befolkninga som har tilgang på internett og brukar det dagleg.¹⁰³ Dette vert bekrefta av at IMD(*International institue for Management Development*) som utpeika Noreg som verden mest digitale land i 2019.¹⁰⁴ Samtidig som meir teknologiske endringar som smart-telefoner og nettbrett begynner å komme meir inn i den norske heim. Gjennom denne veksten i den digitale infrastrukturen har det blitt slik at bruken av digitale tenester og digitale hjelpe midlar, er blitt ein mykje meir integral del av det norske folks kvardag. Derfor har regjeringa og den norske stat satt opp planer for å drive heilelektronisk kommunikasjon og tenester frå staten. Ein kan da sjå at mange av staten tenester går over til å vere digitale, som sjølvgivinga, tenester til NAV og Helse Noreg for å nemne nokon.¹⁰⁵ Sjølv om digitalisering er noko som Noreg har prøvd å vere best på så har, Noreg falt bakpå når det kommer til digitalisering dei siste åra og ein er ikkje framleis på topp når det kommer til digitalisering.¹⁰⁶ Noko som staten ønskjer å snu.

Fokuset på det digitale har altså ikkje vert større enn det som det er no. I følgje Meld. St. 27 (2015-2016) så har regjeringa fem hovudprioriteringar når det kommer til kva dei fokusere på når det kommer til politikken som føringar for digitaliseining. Staten skal no fokusere på: *brukaren i sentrum, IKT er en vesentleg innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet, styrke digital kompetanse og deltaking, effektiv digitalisering av offentleg sektor og godt personvern og god informasjonssikkerheit.*¹⁰⁷ Vi kan sjå dette gjennom at det er eit ønske om å ha eit fokus på prioriteringa med auke den digitale kompetansane og tilgjengeleightene for brukarer og dei som skal legge til rette for bruken av dei digitale tenestene, slik at dei framleis kan vere den ledande landet på digitalisering. Staten ønsker altså å fornye, forenkle og forbetre den offentlege sektorar, samtidig som innbyggaren og næringsliv har forventningar om ein enklare teknologisk kvardag, samtidig som det skal vere fokus på auka produktivitet. Dette med brukaren i sentrum er også noko som vi kan sjå ut over heile det digitale spekter. Målet med å digitaliseringa vert da å sørge for at det skal vere lettare for borgerande å bruka og mota tenestene som staten levere, dette går da og over i korleis arkivet ønsket å framstå, i synet av det som vert kalla arkiv 2.0, kor ønske om brukar i sentrum skal vere viktigare ein materiale ein skal bevare.¹⁰⁸

¹⁰³ Meld. St. 27 (2015-2016), 2016, s.17

¹⁰⁴ Ask & Søraa, 2021, s.38

¹⁰⁵ Meld. St. 27 (2015-2016), s.20-21

¹⁰⁶ NyAnalyse, 2022, s.36

¹⁰⁷ Meld. St. 27 (2015-2016), s.12

¹⁰⁸ Theimer, 2011, s.61

Teknologien har altså ført til eit ønske og realisasjon til å halde på med eit meir ope og brukarfokusert styresett. Derfor skal det no vere lettare å holde dialog mellom stat og person som gjer det lettare for folk å holde styr på staten, vis dei forstår systemet. Dette gjere også at staten kan holde styr på og ha overvaking borgarane om dei så skulle ønske det. Politikken som også har blitt ført på digitalisering, er at dette er noko som skal gjennomførast, kor dei meir analoge tenesta skal vekk frå offentleg sektor.¹⁰⁹ Ein endar derfor på ein plass der at gjennom enkelheita av digitalisering, sørge for å flytte dei vanlege brukaren over til det digitale og vekk får det analoge. Dette tvinger også dei som ikkje har lyst til å bruke digitale tenester over på det, på grunn at staten har bestemt at dei ikkje lenger skal satse på dei analoge tenestene.¹¹⁰ Dette kan sørge for at dei ikkje etterfinne seg i dei digitale normene, kan verta utestengt frå det norske samfunnslivet.

3.2 Metode

For at eg skal ha moglegheit til å kunne diskutere funnen mine, så må eg først og fremst vise korleis eg har tenkt å gå fram med å gjennomføre dette prosjektet, og forklare korleis eg har tenkt å gå fram. Måtten eg ønsker å finne svare på kva «konsekvensens av å digitalisere analoge materiale», er at eg skal gjennomføre ein kvalitativ litteraturgjennomgang, samtidig som eg skal ha ein kvantitativ undersøking av besøkstal, brukartal og mengde materiale frå Arkivverket. Dette saman med at eg har hatt samtalar med ein fagperson frå Arkivverket, som er kjent med dette fagområdet. Slik at eg kan få litt utfyllande informasjon til litteraturen som eg bruker. Gjennom å bruke både kvantitative og kvalitative data, vil dette gi meg eit vidt spekter av informasjonskjelder og er mykje meir gunstig sidan det gir forskjellig type informasjon og vinklar å sjå på.¹¹¹ Dette gir meg da ein ekstrem mengde informasjon, som gir meg moglegheitene til å kunne diskutere breiare ut om korleis digitalisering påverkar det tilgjengeleggerings arbeidet som blir gjort i arkivsektoren. Arkiva er no på veg inn digitalt framtid som kan endre på heile forståinga på korleis ein ser på arkiv, kor arkivar må berre vere klar på at det er realiteten. Eg skal da bruke denne informasjonen rundt det til å finne ut om dette er realiteten, at arkiv er på veg til å bli noko heilt nytt.

Dette studie sin informasjons hovudtyngde vil hovudsakeleg bli gjort gjennom bruk av kvalitativ datagenereringsmetodar. Metoden som eg vil hovudsakleg brukt for kvalitative delen vil vere eit reint dokumentstudie. Eit dokumentstudie går ut på å det å brukt

¹⁰⁹ Meld. St. 28 (2015-2016), s.38

¹¹⁰ FAD, 2013, s.5

¹¹¹ Tjora, 2021, s. 26

dokumenter, rapporter og protokoller for å bygge under påstandar.¹¹² Gjennom å sjå på dokumenter som ikkje er danna for forsking, kan ein trekke ut informasjon som dokumentet ikkje originalt var meint til å bli brukt til.¹¹³ Grunne til at eg har valt denne type framgang er på grunn av at det allereie eksisterer store mengder med tilgjengeleg informasjon om tematikken som digitalisering og tilgjengeleggjering, kor det også har verte skrevet ein heil del teoriar om det. Derfor vil det gi meg eit godt bilde på kva konsekvensar digitaliseringa har vert på arkivas. Samtidig som det gir meg ein klart bilde over korleis utvikling har vert for å etterfinna dei nye gevinstane og utfordringane som digitaliseringa førar til. Vidare grunn for at eg har valt å gjennomføre denne metoden er på grunn av den ikkje-påtrengande natur av metoden, kor data genereringa skjer utan å måtte tenke på dei individua som vert interjuva.¹¹⁴ I dette master oppgåva vil dokumentstudie vera primærdata til prosjektet oppbygning, kor det så vil bli supplementært med data frå andre metodar og informasjons kanalar.

Sidan det allereie eksistere ekstremt mykje informasjon vil ein av dei viktigaste handlingane eg kommer til å gjere når eg arbeider på med dokumentstudie, er å har klare og ryddige utvalskriteria. Når ein skal arbeide med innsamling av data til dokumentstudiar er det viktig å ikkje forsvinn i empirien. Derfor er ein nøydt til å ha klare grenser på kva ein skal jobbar med.¹¹⁵ Derfor har eg valt å sette noko parameter som skal avgrense kva eg held på med, sammen med da dei aspekta som eg har nemnt tidigare at eg skal bruke saman med min allereie eksisterande problemstilling. Ein av disse er at eg hovudsakleg skal holde meg innanfor dei norske eksemplar på korleis disse konsekvensane uttar seg. Hovudsakeleg på Arkivverket sidan dei er den fremste arkiv tenestene i Noreg, og deira tankar og val har betydning for heile den norske sektoren. Men det vil også vere eit og anna skandinavisk eksempel for å ikkje vere heilt Noreg sentrert, samtidig som mykje som skjer i nabolandar har likskap med ting som har skjedd eller kan skje i Noreg. Mykje av hovudfokuset for det kvantitative vil også naturlig vere på Arkivverket sin utvikling mot det digitale, da spesifikt frå 2010-2020. Det vil vise kva som har skjedd i form av utviklinga, og kva som har blitt gjort frå Arkivverket sin side i møte med denne utviklinga. Denne avgrensinga betyr da at eg vil sjå på norsk prosedyrar og strategiar for å komme seg gjennom gevinst og ulempene som vert forårsaka av digitalisering. Samtidig som det forhåpentlegvis gir meg svar på korleis Arkivverket val å løyse det.

¹¹² Tjora, 2021, s.195

¹¹³ Tjora, 2021, s.195

¹¹⁴ Tjora, 2021, s.195

¹¹⁵ Tjora, s.197-198

Sidan team området er eit område som omhandlar digitalisering og elektroniske arkiv, vil det vere ein sjanse for at svært tekniske omgrep vil verte nemnt. Disse omgrepene vil berre vera brukt til å forklare kva dei gjer og hjelper til med eller skadar, og vil derfor ikkje verta djup tekniske forklart, slik at oppgåva ikkje forsvinner inn i ein anna fagfelt, som ikkje er like relevant til den delen av arkiv som eg ser på. Altså det vil ikkje verte snakke om kva systemet OAIS går ut på og korleis denne modellen fungerer, men heller korfor OAIS og slike rammeverk vert danna og korleis dei hjelper til med å forbetre moglegheitene til å halde på med arkivering. Vidare vil eg også sette ein avgrensing, gjennom at det er analogt skapt materialet som vert fokusert på, å korleis endringa over til digitalt medium påverkar bruken av det. Dette betyr å sjå heilt vakk frå dokumenter som er skapet digitalt, fordi det er konsekvensen av digitaliseringa på det analoge som eg finner interessant. Samtidig så vert formidlinga av digitalt skapt materiale det same før og etter det har blitt digitalt, sidan den finnes berre i ein digitalt form. Unntak på dette er konsekvensar eller handlingar som påverkar både det analoge og det digitale, men det vil verta å sjåast frå eit analogt skapt perspektiv.

Det vil også bli brukt informasjon frå internasjonale tenkjar innanfor både arkivvitenskapen, informatikk og historie fordi det norske arkivvitenskapen er ikkje like godt utvikla som den er internasjonale, og mykje god arkivteori er allereie skreve av internasjonale arkivarar. Derfor er det veldig relevant i å gi meg eit breier perspektiv på korleis folk i andre delar av verden skrivar om endringane, når det kommer til korleis arkiv har endra seg i overgangen til det digitale. Den internasjonale arkivvitenskapen vil også hjelpe meg å fremje sider med enkelte av aspekta og korleis det digitale har endra på korleis ein forholda seg til det. Dette gir meg også ein moglegheit til å vise noko felles punkter og tankar som ein finner i fleire deler av verden. Det vil gi eit syn på disse endringane og korleis det påverkar synet på å arbeide med arkiv og bruke arkiv. Om dei da ser denne endringa i eit positiv lys eller som ein utfordring, imot det å drive arkiv. Ein annan grunn til eg vel å gjere dette er at det er fordi mykje av det internasjonale, meininger hjelper til med å vise fram dei stor endringa innanfor arkivaren faget som skjer i møte med digitalisering. Arkivar i den digital kvardag er ikkje lenger berre passive forvaltaren ein skal vere ein tenesteyte for arkiv, og drive jobben på ein helt annan måte enn før, der dei skal inkludere heile samfunnet.¹¹⁶

Videre så vil fokuset vere i hovudsak ein tidsperiode etter 2000 talet og fram mot 2022, fordi det er tidsrommet som eg meiner at digitalisering og tilgjengeleggjering er mest aktuell i

¹¹⁶ Theimer, 2011, s.61

forhold til korleis utviklinga over til eit fokus på digitalisering har forandra seg i dette tidsrommet. I tillegg til denne fag og teoriavgrensinga så har eg satt ein tidsavgrensing på frå når statistikken eg skal bruke frå Arkivverket og Digitalarkivet kommer frå. Eg skal da holde meg i 10 året 2010-2020, fordi dette gi eit interessant bilde frå korleis digitaliseringa har utvikla seg, gjennom at det er ein periode der det skjer mykje endringar på det digitale.¹¹⁷ Ein anna grunn til at eg tatt dette valet er at det ligger ganske nærme opp mot to av riksrevisjonen rapporter «Riksrevisjonens undersøkast av arbeidet med å sikre og tilgjengeleggjere arkivere i kommunal sektor- dokument 3:13» og riksrevisjons rapporten « Riksrevisjonens oppfølging av Dokument 3:10 (2016–2017) om arkivering og openheit i statleg forvaltning» dokument 3.¹¹⁸ Disse rapportane gir saman med riksrevisjonane oppfølging frå 2021-2022 eit ganske klart bilde over at det har vore ein stor utvikling i korleis digitalisering har vorte takla når ein går over til det digitale.¹¹⁹ Kor store problem har det vert innanfor enkelte av departementa når det kom til arkivering i den digital verden, kor fleire av deira systema ikkje tilfredsstilte den standaren som Noreg skal ha.¹²⁰ I tillegg som det har vore danna mykje informasjon frå denne perioden, med korleis arkiv skal styrast og korleis digitalisering skulle gjennomførast. Heilt til slutt så vil det vere hovudsakleg fokus på open historisk eller kulturmateriale som skal bli gjort tilgjengeleg. Derfor vil det ha lite innhald av personopplysningar og kommunal informasjon. Eg vil kanskje nemnt det her og der gjennom offentleglova, og korleis det held opp med kven som bør få tilgang til spesielle typar arkiv. Det vil ikkje verte store forklaringar og diskusjonar om personvern, fordi det er ein master i seg sjølv å diskutere korleis digitalisering påverkar personvern. Det er ikkje det eg ønsker at min master skal handel om, der eg meir er på jakt etter korleis tilgjengeleggjeringa endrar seg i det digitale. Ved hjelp av disse avgrensingane håper eg får eit klart bilde over dei konsekvensar som skjer når ein skal begynne å tilgjengeleggjere analogt materiale som har blitt digitalisert. Det vil da hjelpe til med å vise kva som vil vere godar for arkiva, og viktigare kva som ein bør vere obs på når ein held på med digitalisering eller når ein brukar digitale kjelder.

I forskingsarbeidet skal eg også bruke kvantitative metodar, der eg da får inn statestikk til dokumentsstudie mitt. Sidan kvantitative metodar handlar om innsamling og analysering av kvantitative data(Tal eller andre mengeterms), så gir det oss moglegheita til å sjå fenomen og

¹¹⁷ Lande, 2021, s.76

¹¹⁸ Riksrevisjonen, 2010 & 2017

¹¹⁹ Riksrevisjonen, 2022, s.7

¹²⁰ Riksrevisjonen, 2017, s.8

årsakssamanhangar eller utviklingar.¹²¹ Dette skal eg gjera gjennom at eg skal sjå på rapporter, Props, Meld og tildelingsbrev frå Arkivverket og regjeringa. Slik at eg kan finne ut av om det har vore ein auke i prioriteringar hos Arkivverket og regjering, i satsinga på det digitalt frå 2010-2020. Informasjon som skal bruke frå disse dokumenta vil inkludere: 1. pengar satt av til Arkivverket gjennom statsbudsjettet kap. 329 arkivformål 2. kor mange besökande som har bruk Arkivverket lesesalar i denne perioden 3. kor mange brukare som har vert å besøkt Digitalarkivet kvart år 4. kor mykje materiale som har vert innskanna og gjort tilgjengeleg på Digitalarkivet sine sider. Før eg så tar den informasjonen å legge dette inn i ein statestikk som viser kor mange som har besøkt Digitalarkivet frå 2010-2020. Dette vil hjelpe meg å kunne sjå korleis utviklinga har ver dei siste 10 åra både på bruken av digitale tenester og korleis det ser ut forhold til midlar som har blitt satt av til arbeidet. Dette vil hjelpe meg å vise utviklinga og trendane i korleis dei har utvikla seg opp mot det digitale skifte, samtidig som det kan gi meg moglegheita til å sjå om den utviklinga i digitalisering og lagring, stemmer opp imot dei midlar som er satt av til denne jobben.

Ein av måtane eg har tenkt å gjere dette på er å sjå på kva løysningar som da spesifikt den norske staten og Arkivverket har gjort for å effektivisere og ta nytte av dei digitale moglegheitene, og korleis dei no skal tilgjengeleggjere det arkivmateriale dei er innehavar av. Gjennom å sjå på korleis Digitalarkivet har vert form, og kva strategiar og prosedyrar som finnes for å gjere Digitalarkivet til ein av dei mest effektive og brukte digitale arkiva i Noreg.¹²² Dette vil bli fremja gjennom Arkivverkets årsrapportar, som forteljar oss om kor mykje folk som har vore i bruk av tenestene, kva kostnader som det eksister rundt ein slik arbeid og korleis dei har gjennomført eit slikt arbeid og korleis dei tenker å gjere det framover inn i framtida. Disse tala vil da videre gi meg eit innblikk i utviklinga av korleis Arkivverket har jobba med digitalisering, og kor mykje midlar som er satt av til Digitalarkivet. Samtidig som det viser kor stort fokus det har vore på å digitalisering av materiale for å gjere det klart til bruk av allmentheita. Sist og ikkje minst så vil disse tala viser meg kor stort interesser det har vore til å bruke materiale som Digitalarkivet tilbyr, og om det finnes noko tendensar på bruken av dei. Samtidig korleis det står til med lesesalen, når ein lenger ikkje trenger å gå ditt for å få informasjonen som Arkivverket sitter med.

¹²¹ Grønmo, 2023, Kvantitativ metode

¹²² NOU 2019: 9, 2019, s.78

Videre har eg også vert i samtaler med ein fagperson med lang erfaring frå Arkivverket. Gjennom samtalar med dem har eg fått noko informasjons som skal vere ein supplement informasjon til den infoen eg allereie har fått gjennom den kvantitative og kvalitative studia. Det som blei spurt om, var informasjon som omhandla korleis ein hadde gjort ting med digitaliseringa. Prioriteringa om og rundt det materiale som skulle digitaliserast og korleis Arkivverket val å gjere ting, utifrå dei aspektar som eg har. Denne informasjonen som den personen gir meg ein innsyn på korleis situasjonen er innanfor Arkivverket, som eg kan legge til med resten av informasjonen eg har funnet. Informasjonane inneholder berre kva Arkivverket strategiar er og kva dei har gjort for å utnytte den digitale kvardagen slik at dei kan ha gode arkiv. Informasjonen eg fekk frå samtalen inneholder ingenting om ikkje finnes offentleg og har ikkje personalinformasjon i seg, berre generelle info om korleis ting vert gjort og strategi. Samtidig som fagpersonen godtok at eg skulle bruke det eg hadde fått ut av samtalen i oppgåva, samtidig til at fagpersonane skulle få vere anonym. Denne informasjonen eg får sjølv om det berre er til utfylling vil vere dagsaktuell og vil fremje kva Arkivverket tenkjer no om digitalisering og det er noko eg kanskje ikkje finner frå eldre rapporter og kronikker.

Gjennom å bruke forskjellige metodar, ønsker eg å få eit vidt spekter med forskjellige perspektiva, synspunktet og informasjon som lar meg fremme konsekvensane av digitalisering. Eg trur den kvalitative data vil gi meg ein måte å vise det meir sosiale og dei konsekvensar som ikkje ein kan sjå gjennom tala, heller gjennom korleis arkivarar tenkjar og gjennomføre oppgåver. Videre så vil eg få meir av dei klare konsekvensane gjennom det kvantitative som gir meg statistikk på utviklinga. Dette gjer at eg slepper enda opp i ein situasjon der den informasjonen som eg legger fram vert einsforma i ein retning av det som har vorte skreve, og det er dette eg baserer min oppfatning av teorien. Eg får no heller eit meir variert bilde over situasjonen, med å legge ved viktige talverdiar som gir eit oversiktleg bilde, som vil vere enklare for personen som ser på grafane å forstå. Sjølv om digitalisering er noko som fortatt ikkje er ferdig utvikla, å debatten om korleis det formar seg, framleis er i stor diskusjon og ikkje avklart. Kan me ikkje vite kor dette endar, men det gir meg moglegheita til å vise kva vi får og kva vi mister gjennom at vi no held på i det digitale. Samtidig komme med forslag på kva vi skal gjere for å best mogleg kunne bevara arkiv.

4 Hovuddel – analog passivitet og digitale ambisjonar

Utifrå det som eg har nemnt tidlegare så finnes det mykje som kan tyda på at digitalisering har konsekvensar for utviklinga til tilgjengeleggjering, og at det har effektar på enkelte av aspekta som endra dei frå korleis dei har vert i det analoge. Derfor skal eg vise korleis det har vert i det analoge og korleis det vert i det digitale, slik at ein kan få eit bilde over korleis det har forandra seg og korleis det digitale påverkar utviklinga til korleis arkivet no held på med sin tilgjengeleggjering. Denne endringa eg skal sjå på vil vere svært viktig i å kunne sjå om dei digitale ambisjonane kan vere øydeleggande på utviklinga til det digitale arkiva. Desse aspekta som: Kost, tillit, brukar, formidling, tilgang og prioriteringar, meiner eg vil sørger for at ein kan klart sjå korleis arkiva har endra på sin tanke måte på korleis arkivering skal skje gjennom dei verktøya som digitalisering gir. Dette vil fremje det eg er på jakt etter med at det viser korleis ting har forandra seg frå det analoge over til det digitale, samtidig korleis det har bestemt seg for å løyse endringa.


4.1 Kostnaden av å halde på med digitalisering

Eg tenkar å begynne med det som er litt meir rett fram av aspekta først nemleg kost, der eg vil fremme korleis digitalisering har endra på korleis kostnaden for å halde på med arkivering har endra seg. Kostnadars bilete er ein av dei aspekt som ein lettast kan sjå har fått konsekvensar i overgangen frå det analoge til det digitale arkiveringa. Å arbeide med digitalisering vil vere ein mykje større kostnad enn det har vert når det var analogt. Dette er på grunn av det vert ekstra utgifts postar oppå på dei allereie eksistende kostnadane for berre å lagre materiale. Kostnaden av å digitalisere bøker vil i følgje Kahale koste mellom 10 og 30 dollar per bok, der det oppå kommer også kostnadene med å samle in materiale, lagringane av det og ei livstid vedlikehald med digital fil for å sikre at materiale framleis kan brukast digitalt i framtida.¹²³ Ein kan derfor tydeleg sjå at det vil komme til å vere ein kostbar affære med å gå fram med digitaliseringa, sjølv om han bruker amerikanske tal og det er snakk om bøker i staden for dokumenter. Måten å vise kostnadene for dei norske tale på kostnad av å digitalisere, er heller ikkje så vanskeleg å finne, der ein utan mykje leiting kan få tak i kor mykje som er budsjettert til Arkivverket. Gjennom å gå på Sikt forvaltingsdatabase kan ein få sjå på rekneskapane til Arkivverket og tildelingsbreva frå staten til Arkivverket.¹²⁴ Ein kan gjennom dei få eit bilde av korleis utviklinga arta seg, og kor mykje pengar som har blitt løyva til Arkivverket og deira

¹²³ Kahle, 2017, s.35

¹²⁴ SIKT, 2023, Arkivverkets forvaltings database

tenesta.¹²⁵ No vil disse tala ikkje berre vise kostnad for tilgjengeleggjering, men også for resten av Arkivverket arbeid, som da vil framleis vise utviklinga i kor mykje midlar som er lagt av til arkivarbeidet og til digitaliseringsarbeidet.



Figur 1- Midlar som kulturdepartementet har gitt til Arkivverket gjennom tildelingsbrev frå 2010-2020 i kap.329 arkivformål. Summen med kor mykje dei har fått kvart år kommer frå tildelingsbreva som Det kongelege kulturdepartementet har sendt ut frå 2010-2020

Henta frå Statsbudsjettet -Tildelingsbrev frå 2010-2020 som er tilgjengeleg på Forvaltningsdatabasen.sikt.no. og lagt inn i ein graf av meg

Så kva fortelje eigentleg denne grafen oss om konsekvensane med kostnader i arkiv? Utifrå kva vi kan sjå her i denne grafen, så er det vert ein gradvis stabil auke i dei midlar som har vore gjeve til drifta av Arkivverket. Auka av midlar staten gir til forskjellige institusjonar er sjølv sagt svært normalt, utifrå at det vert behov for meir midlar til drift og lønningar til dei tilsette. Derfor må vi gå litt djupare å legge fram grunner som eg meiner vil vere årsaka til at pengar som er gitt skal gå til drifta av det digitale. Ein av dei første punkta innanfor det eg vil vise til, er at der er ein eksponentiell auke av midlar på 32 millionar kroner frå 2019 til 2020

¹²⁵ SIKT, 2023, Arkivverkets forvaltings database

og som har fortsett over til 2021, som ikkje er tatt med i denne grafen. Årsaka til dette har blitt eit slikt hopp, er at i statsbudsjettet frå 2020 vart det vedtatt at Arkivverket skulle få 140 millionar til å utvikle ein nasjonal fellesløysing for langtidsbevaring av digitale arkiv og for digital tilgjengeleggjering i Digitalarkivet, som skal gjennomføre i ein periode over 4 år.¹²⁶ Samtidig som det vert foreslått at det skal verta ei auka i løyverammene til Arkivverket for fokus på IT-infrastruktur med 5 millionar.¹²⁷ Derfor ser vi at forventa kost på korleis ein skal kunne arbeide med digitalisering og digitalt tilgjengeleggjering har gått opp ein no i løpet av 2020-2024 skal innvilgast ein ekstra 35 mil kvart år, pluss ekstra midlar som har verte satt av til det i påfølgande år.¹²⁸ Denne storsatsing på nye tilgjengelegheiter og digitaliseringsløysninga gir eit klart inntrykk av eit ønsket frå staten, for å fokusere på digitale og elektroniske løysninga som skal effektivisere Arkivverkets sin moglegheit til å gjere tilgjengeleg kommunal og statleg informasjon, samt hjelpe til med å digitalisere og formidle kulturelt materiale. Det er jo kanskje ikkje ukjent at det å halde på med arkivering ikkje er ein billig affære, og derfor er det mange prosjekter som får støtte frå utaforståande organisasjonar for å kunne halde med enkelte av digitaliseringsoppdragene.¹²⁹ Dette skje på grunn av den store mengande med data og mangel på midlar til å kunne gjennomføre jobben.¹³⁰

Eg nemnte tidlegare at staten villig til å sette av ekstra midlar til Arkivverkets digitale tenesta, der da blant anna Digitalarkivet. Behovet for midlane er der på grunn av at lagrings kostnadene har gått opp meir enn det som det hadde gjort før. Ein kan sjå dette behovet for meir midlar i kostnaden av å arbeide med aktiv vedlikehald av dei lagringssistema som brukast. Samtidig som ein kan sjå det i den auka størrelsen av kor mykje arkivmateriale som skal lagrast elektroniske. Sidan det er eit elektronisk system så kan ein også sjå at den aukande straumpris, dei siste åra sørga for ein kostnadsauke innanfor disse digitale tenestene, som sørger for at dei må ta midlar frå andre plassar enn får dei tildelte drifts midlane.¹³¹ Eit anna punkt for disse nye kostnadane for digitalisering, er at det er blitt satt av resursar til fleire forskjellige digitaliseringsprosjektet både i staten, kommunane og privat, som går på løysningar for å bruke materiell digitalt, for å formidla kva som eksisterer i dei forskjellige

¹²⁶ Kulturdepartementet, Prop. 1 S 2019-2020, s.107

¹²⁷ Kulturdepartementet, Prop. 1 S 2019-2020, s.14

¹²⁸ Kulturdepartementet, Prop. 1 S 2020-2021, s.17

¹²⁹ Jensen, 2021, s.253

¹³⁰ Jensen, 2021, s.253

¹³¹ Arkivverket, 2023, Kronikk: Strømbrudd i digitaliseringen

ABM organisasjonane.¹³² Da altså ikkje berre arkivmateriale, men også materiale frå museum og bibliotek. No kommer det fram at mykje av dette digitaliseringens arbeidet ikkje har gått like bra, og i enkelte kommunar der prioriteringa på digitalisering har vert dårlig og ikkje ført til dei endringane som har vorte ønska for arkiv Noreg.¹³³ Så samtidig som det er manglar på resursar så er det også eit problem med at det skjer mykje feil med digitaliseringa i Noreg, som da sørger for store kostnadar for å måtte fikse feila.

Tilstanden på kostnadar når ein jobba i det analoge arkivet var ikkje heilt same som i det digitale. Kostnadane var da meir innanfor det å holde lokalet open/leie bygg, lønning til dei tilsette samt vedlikehald av lesesalane.¹³⁴ Pengane for danning av formidlingsmateriale var ofte gjort på kommisjon av andre uforståande eller frå organisasjonar som ønska å auke interessa for materiale som eksisterte i arkivet.¹³⁵ Kostnadsbildet er forskjellen mellom analoge og dei digitale arkiv, der ein kan gjennom ein stikk prøve på to år kan sjå korleis det ser ut i det analoge og det digitale. For det som gjelder for det analoge så vert da brukt tal frå 2003, der Arkivverket hadde eit budsjett på 168 millionar, der fordelinga av utgiftene vart delt inni i 45% til drift og leie av bygg, 47% i lønn og 8% til andre nødvendinga utgifter.¹³⁶ Ut i frå dette kan vi sjå at mykje av budsjettet går til leie og drift av bygg samt lønn til dei tilsette, som vi kan forstå, idet at det var meir fokus på å holde opent lokala og lesesalane slik at folk kunne bruke materiale, samtidig som at det gir mening at mykje av budsjettet går til lønn av dei tilsette. I motsetning i eit meir digitalisert fokusert arkiv så hadde Arkivverket i 2018 eit budsjett på 412,8 millionar¹³⁷, der 51,14% av driftsutgiftene gjekk til lønn, 32,95% til husleige, 12,38% til andre driftsutgifter og 3,54 % satt av til andre utgifter.¹³⁸ Det som vi kan sjå ut av dette er at det har vert ein liten nedgang i kor mange prosent som går til husleige og andre driftskostnader, mens lønninga til dei tilsett har gått litt opp med 4 %, enn det som den var i 2003.

Dette får oss til å sjå at fordelinga av midlane er litt av det same, i alle fall når det kommer til prosent. Det er eit unntaka, i at det har gått ned i kor mykje av budsjetta som har gått til leige av lokale og at det no er nødvendig å dele leige frå andre drifts kostnadar. Dette forteljar oss at

¹³² På nett? Tilgjengeleghet og Web i ABM sektoren av ABM-stiftelsen, 2008

¹³³ Pedersen, 2019, s.27

¹³⁴ Riksarkivaren, 2003, s.16

¹³⁵ Bjelland, 2021, s.54

¹³⁶ Riksarkivaren, 2003, s.16

¹³⁷ Pedersen bruker 412,8 mill som samla driftskostnader, men det som var gitt av staten i tildelingsbreva var 399,57 mill

¹³⁸ Pedersen, 2019, s.28 – manuelt rekna om frå krone sum over til prosent av meg/ og det ender opp

det er meir pengar som brukast på kvar post i det digitale og at dei må dele det opp slik at ein kan få ein meir rett oversikt. Sjølv om prosent fordelinga av midlar ikkje har endra seg så mykje, og om vi reknar same husleige og andre driftsutgifter frå 2018 så endar me på 44,3% berrer 0.7% endring. Sjølvsagt så har kostnaden gått opp ifrå 2003, men framleis så er meir av budsjettet fokusert på lønn og utifrå dette, så ser det ikkje ut til resursane har vorte flytta på, spesielt når ein ser at det er satt av (45%) 75 millionar til drift og leige i 2003, mot (32%) 127 millionar til berre husleige i 2018. Dette viser at det er blitt ein endring og auke i kor mykje pengar som faktisk trengs for å kunne arbeide med arkiv i dag dagens samfunn. Sjølvsagd kan ein så at inflasjon er ein ting, men uansett så har kostnaden for å drive lokala gått opp. Har det da eigentleg verta billigare eller meir økonomisk å halde på med digitalisering vis det no kostar meir å danne og vedlikehalde arkiv, der det skulle ha blitt billigare på grunn av det ikkje lenger skulle vere eit behov for å få folk til lesesalen, og over på dei digitale tenestene.

Denne påstanden kommer er enda meir fremmande når ein begynner å sjå på korleis det er tenkt at Arkivverket bør bruke ressursane sine. I det at det har vorte ein endring i kor lenge lesesalar er opne, og kva dagar som den er open, kor det har vert ein nedgang. Dette bør kunne gi best moglegheit til å utnytte resursar betre enn det som har blitt gjort før og ha meir fokus på det digitale og mindre på det analoge, gjennom reduksjon av arealbruk, slik at det kan frigjere kostnader som kan brukas på ting med meir gevinst.¹³⁹ Det største eksempel på kor Arkivverket veljer å gå vekk frå det analoge er gjennom korleis det har vorte endringar i opningstider på statsarkiva. Berre to av statsarkiva i Noreg har opent alle daga i uka (Stavanger og Oslo), mens Kristiansand og Bergen har opne tre dagar i uke og Trondheim, Hamar, Kongsberg og Tromsø berre har opent to dagar i uke.¹⁴⁰ Dette går også saman med kor mange som besøker lesesalane og det faktum at tala har gått ned frå tidleg 2000(dette er noko som vil komme nærmare innpå i tilgang delen). Arkivverket har i tillegg eit tilbod om å kunne digitalisere etter førespurnad så kan det nesten verke som det er ønskeleg å få folk til å sleppe å møte opp på lesesalane. Det vi ser her er framleis ein overgang i fokus til Arkivverket kor dei no setter meir fokus på det som dei meiner gir gevinst, og fokuserer på at dei i største grad bør prioritere digitalisering. Dette betyr ikkje at Arkivverket skal legge ned heit sine lesesalar, men ein kan tenke seg at det er ein ønske å kanskje samle den analoge tilgangen og

¹³⁹ Pedersen, 2019 s.30

¹⁴⁰ Arkivverket, Opningstider, siste endra 24.03.2023, henta 27.03.2023 – Har samling med alle statsarkiva i Noreg slik at du berre kan trykke deg innpå å sjå når dei forskjellige statsarkiva har opent.

materiale på enkelte sentrale plassar, slik at ein kan få ned kostnaden på kor mykje det kostar å holde lokala opne.¹⁴¹

Det som vi kan sjå er at det har vert ein oppgang i kor mykje midlar som har vert satt av til Arkivverket, og at det eigentleg ikkje har vert ein så stor endring i kor dei vel å bruke disse midlane. Det kostar meir å holde arkiva lokala og opningstida opne, der sjølv om dei splitter ut litt av utgiftene å ikkje lenger har med drift, så sjølv om dei fokuserer meir på dei digitale tenestene så er leige av lokale framleis ein stor utgifts post for dem, som vil seie at dei pengane går jo da ikkje til digitalisering. Spørsmålet er da digitalisering da like kost effektiv som enkelte skal ha det til eller er det faktisk ein del dyrare enn det som er først tenkt? Utifrå kva tankane til Arkivverket kan det verkar som det er det siste, sidan det er komme til eit punkt dei har gått vekk frå å prøve å digitalisere alt og det som ein ikkje finner vinning i lenger skal ikkje digitaliserast.¹⁴² Spesielt når Arkivverket er ut til å tenke at det vert mykje meir dyrare å halde på med elektroniske arkiv enn med det analoge, sjølv om det er ein lokal kostnad å tenke på. Kva skal dei da gjøre når det er gevinsten som står i sentrum for deira tankegang.

Ut i frå dette kan det vere vanskeleg å seie om det er lurt å endre fokuset over på det digitale frå eit kost perspektiv. Ein kan dessverre ikkje vite kva tala ville ha vert om ein berre hadde hat eit analog arkiv og kor mykje meir det ville ha koste for leige, så det kan vere at sjølv om kostnadane har gått opp så gjennom det digitale lagringa så har faktisk husleige prisen gått ned. Dette vert spørsmål som ein kanskje aldri kan få svar på, men kven veit kva framtida bringar. Så om alt av Arkivverket sine resursar vert satt over på det digitale i staden for det analoge, ville det da enten opp med ein mindre driftskostnads pris? Utifrå kva ein kan sjå lite sannsynleg sidan Arkivverket aldri vil komme til å heilt legge ned sine analoge lokalar, sidan det fortatt er behov for å kunne bruke dei og sidan det som framleis står på depot kan stå der i mange år til. Ein tanken som kan vere fasinerande når ein snakkar om korleis Arkivverket skal bruke midlane sine er å tenke på er kva skjer når Arkivverket finner ut at det kanskje skal kutt kost innanfor lønn. Gjennom å sette ned lønn til dei tilsette eller oppseiingar prøvar å få ned den kostnaden. Å heller fokuser på systema som gjere at dei ikkje trenger menneskeleg hjelp, altså da fokusere på IA. Vil da Arkivverket ta det val å bestemme seg for å gjere arkiv heilautomatisk vil ikkje det føre til at arkiv sluttar å vera kulturell og historisk og berre vera rå

¹⁴¹ Pedersen, 2019, s.37

¹⁴² Samtaler med fagperson på Arkivverket

data utan noko som helst meinings. Det kan vere vanskeleg å seie kva som kommer til å skje når det kommer til kost bildet i den digitale kvardagen, det som kan vera sikkert er at kostnaden vil fortsette å gå opp og staten vil sette av meir pengar sidan jobben vil vere svært viktig å krevjande å det er den store konsekvensen av å gå over til digitalisering endringa i kor mykje pengar ein treng for å halde på med arkiv, samtidig kor disse pengane faktisk skal brukast til. Ikkje berre til digitalisering, men også å kunne halde på med normal drift av Arkivverket.

4.2 Tillit til materiale

Ein aspekt som er rett fram i dei analog arkiva, men har fått mykje breiare konsekvensar i det digitale arkiva er tillit, der ein no må sjå på kor mykje ein brukar har tillit til arkivet og det materiale som har vore gjort tilgjengeleg og arkivas evne til å beskytte materiale frå andre feil. Tilliten vil vere svært viktig for arkiva slik at ein ikkje hamnar i situasjon kor det stilles spørsmål om det materielle som dei sitter med er ekte og pålitelege. Aspektet kan i eklaste grad forklarast som «Tillit er ein opplevingar av eit individ eller institusjon om kor tryggande det er med å ha med å gjere altså kor påliteleg eller kor mykje ein føler at ein kan stole på noko».¹⁴³ I arkivets samanheng går på kor mykje ein brukare av materiell til arkiva kan stole på at det som arkivet innhold er påliteleg og ikkje blitt forfalska eller fjerna. Ein annan form for tillit er tilliten som organisasjonar og staten har på at Arkivverket klare å hemmeligheldt dokumenta og skire deira dokumentar.

Arkivverket og andre arkiv organisasjonar har glede av å ha ganske stor tillit frå befolkninga og brukare. Dette er på grunn av at ein har så strenge krav til korleis arkivet skal drives samtidig som det er ein del av kjørne oppgåva til arkiva å sikre materiala.¹⁴⁴ Dette forstår befolkninga og derfor kan ein gå på arkivet med den sterke tro på at det ein får tak i på arkivet er påliteleg og ikkje har blitt tuklet med. Dette kommer også fram gjennom den tilliten som er forventa i arbeidet som arkivarar jobbar med kor dei er vaktar av informasjonen og materiale og det vil vere imot deiers egne oppgåve vis dei forfalskar og endring på det. Samtidig så kan organisasjon og staten som oppbevarer materiala i arkiva forsikre seg om at det materiale som er der ikkje forsvinner ut døra til offentlegheitene.

Tilliten til arkiva kommer frå det faktum at dei eksisterer på enkelte institusjonar som er kjent for å vere pålitelege, og er relativt godt beskytta frå å forsvinne. Det har og ein veldig liten

¹⁴³ SNL, 2022

¹⁴⁴ Donaldson, 2019, s.56

sjanse for å verta endra på utifrå at å bevare er ein arbeidsoppgåva som er essensiell for arkivarane. Gjennom bruken av materiale som arkivlokasjonane har, opparbeider dei seg ein tillit bland brukarane til å legitimiteten for at det materialet som eksistere der er ekte. Men er det ein endring på dette når ein ikkje lenger går til arkiva for å finne ut av de informasjonane ein trenger og heller berre finner det på internettet eller søker innsyn i det frå arkiva. Ein kan da fortatt ha tillit til at i det analoge arkiv har alt materiale som skal vera ein del av samlinga, sidan all informasjonen mest sannsynleg ligger på same arkivet og skal i prinsippet verta gjort tilgjengeleg på same måte for brukaren.¹⁴⁵ Sjølv om ein da mister moglegitene til å sjå samanhengen mellom dei forskjellige materialar frå forskjellige arkiv så kan ein vere sikker på at informasjonen som finnar der er den informasjonen som skal vere der fordi det er der samlinga skal ligge.¹⁴⁶

Tilliten i det elektroniske samfunn eller på nett er ikkje det same som det er i det analoge der ein finner det på faste lokasjonar. I det digitale eller på nett der ein no finner informasjonane i det elektroniske samfunn, er informasjon oftast formidla gjennom filter, rangering og kunstig intelligens forslags algoritmar, som ein kan tenke seg at visere ein utilsikta biast når det prøver å levere ein relevant og interessant innhald.¹⁴⁷ Derfor vert det svært viktig at arkivarar jobbar konstant med å sikre at dei digitale arkiva kan vere så pålitelege som dei var i dei analoge arkiva. Spesielt når ein finner seg i ein periode kor ein ikkje alltid kan vere sikker på kven som har gjort tilgjengeleg materiale og kor påliteleg det materiale er til at det er ekte. Når ein eigentleg ikkje kan vere klar over kor mykje materiale som skal eksistere om noko på internettet eller kor det kommer frå. Ala Rekrut har i 2014 påpekte at informasjons som er nødvendig for å forstå dokumentets kontekst eller brukarhistoria eller for å vurdere autentisitet, kan gå tapt i digitaliseringsprosessen.¹⁴⁸ Så ein kan da tenke seg at det er problema med å kunne forsikre eit dokument eller materiale autentisitet, når det å digitalseies kan skade på den metadata som skulle ha eksistert til det analoge dokumenta, dette er da noko som kan kunne sette spørsmål til kor mykje tillit ein har til materiale gjennom at digitalisering kan føre til mindre mogleheter til å verifikasi dokumentets autentisitet.

Arkivverket og Digitalarkivet har også fokus på at brukaren skal ha tillit til materiale som dei sitter med. Dei har eit fokus på deira eiga integrering og sørger for at det som er framføre

¹⁴⁵ Jensen, 2021, s.254

¹⁴⁶ Jensen, 2021, s.254

¹⁴⁷ Nikolov, 2019, s.1

¹⁴⁸ Bjelland, 2021, s.65

brukaren er det som er der er fullstendig og vel å ikkje tilgjengeleggjere ein samling om det er blitt skanna i ein plukkskanning, samtidig som dei sørger for å skanne begge sider av dokumentet slik at dei kan bevise at det ikkje står noko på baksida av dokumentet.¹⁴⁹ Dette viser i alle fall eit ønske om å prøve å holde på den tilliten som brukaren skal ha til institusjonen. Om dette er realiteten kan ein ikkje vere sikker sidan den som har innsyn på Arkivverket er Arkivverket, men det er i alle fall satt av 140 millionar for å kunne videre utvikle av Digitalarkivet som ein nasjonal fellesløysing for å forbetre nasjonale arkivtenesta¹⁵⁰ Så det vert i alle fall gjort ein innsats i å prøve å sikre at den norske befolkninga har tiltru til Arkivverket.

Å ha tillit til materiale som arkivarar skal tilgjengeleggjere vert derfor så viktigare i denne verdssituasjonen vi er i no der «fake news» eksisterer og alle kan så godt som legge ut kva dei vil på nett utan å måtte trenge å vise til kjelder. No kan ein sjå at gjennom dei digitale arkiva har fått moglegheitene til å opne for korleis folk kan da omskape arkiva eller ta deler av dette ut av sin originale kontekst for å skape ein annan betydning av for det som skal vera passande til det poenget dei prøver å fremje. Eksempel som visere korleis ein kan ta informasjon ut av kontekst og bruke det til noko anna er frå Koltun i henna artikkel. Koltun tar for seg filmen «Natural Born Killer», kor det vart tatt med eit eldre opptak av ein sjaman ritualet og gjort det om til deler av ein film og gidde det ein ny mening som passet til konteksten til filmen.¹⁵¹ Gjennom å gjere dette tar ein tar ein det originale opptaket ut av kontekst og forvrenger den vekk frå korleis den originalt skulle vere og over til noko som er meir kjent for befolkninga i dag.¹⁵² Korleis har ein da kunne ha tillit til materiale om ein så enkelt berre kan ta nokre delar ut av arkiva og bruke det for å vise fram sine eigne formuleringar og syn.

Vidare kan ein også stille spørsmål om tilliten når noko dei største vanlege informasjonssidene som Wikipedia er styrt av frivillige, spesielt interesserte og organisasjoner, som kan ha forskjellege forretningspraksis som ikkje berre er der for samfunnets beste. Likevel så har mange full tillit til at det som står på Wikipedia er sant og folk har sterkt tiltru til at det første som kommer opp om ein sak når dei søker på google er sant og folk tenker sjeldan på å etterforske kven som hadde gidd ut informasjonen og å finne ut kor truverdig utgivaren var.¹⁵³ Utifra denne informasjonane kan ein tenke seg at den

¹⁴⁹ Frå samtaler med fagperson frå Arkivverket

¹⁵⁰ Prp 1 S (2019-2020), s.14

¹⁵¹ Koltun, 1999, s.127

¹⁵² Koltun, 1999, s.127

¹⁵³ Donaldson, 2019, s.59

vanlege brukar eigentleg ikkje tenker over kor informasjonen kommer frå, så lenge den er frå ein plass som brukaren ser som påliteleg, som vil ha store konsekvensar for kor kjeldekritisk ein er til enkelte informasjonskanalar.

Utfordringa med å ha den tilliten til det digitalt materiale som vert gjort tilgjengeleg er også at ein ikkje kan vere sikker på at alt materiale som ein har fått faktisk er alt. Sidan ein no i det digitale kan få ting på kryss og tvers av samlingar og alt eksisterer i ein ikkje fysisk form så kan ein aldri vere sikker på at alt ein er på jakt etter faktisk er der.¹⁵⁴ Kva sikkerheit har ein bruker for at alt av materiale som han er på jakt etter faktisk er tilgjengeleg for han. Spesielt når det kommer fram at det ofte skjer prioriteringar som fører til at det kan skje selektive utval av kva materielle som vert digitalisert på faktorar som pengar og tid, der det da er så mykje arbeid som må gjerast og det ikkje alltid er pengar til å gjennomføre arbeidet.¹⁵⁵ Når det da ikkje er tid eller resursar til å halde på med det og ein endar i ein situasjon kor det kan vere ein sponsor i form av ein person eller organisasjon som bestemmer kva som vert digitalisert først og kva av materiale som kanskje ikkje vert der kan sørge for at det kommer til i kor stor tillit ein kan ha til eit slik materiale.

Så korleis skal da brukar av arkiv og informasjon som arkiva sitter med kunne stole på det som har blitt gjort tilgjengeleg for dem stemmer? Da spesielt når ein vidare får vite at det eksistere store manglar innanfor både staten og kommunane, for å arbeide skikkeleg arkivering kor masse arkivmateriale som skulle verta arkivert ikkje blir gjort det, på grunn av feil og misforståing av korleis systema fungerer.¹⁵⁶ Eit eksempel på kor staten styrker demokratiet og som i teorien skal få tilbake litt tillit til den vanlege borger er gjennom bruken av offentleglova. Offentleglova går ut på personar har rett til innsyn i dokumenter i offentleg forvaltning, der «hovudregelen er at alle kan krevje innsyn i saksdokumentet, journalar og andre lignande register».¹⁵⁷ Dette betyr altså at alle kan få innsyn kva som skjer i arkiva med enkelte unntak som inngår i materiale som er hemmelegstempla. Altså materiale som da skal ligge utanfor offentlegheita, som vanlege borger ikkje skal kunne sjå, dette er noko som da arkiva har ein oppgåve om å sikre at det ikkje kommer ut i det offentlege.¹⁵⁸ Noko ein kan sjå har vert problematisk i møte med digitaliseringa, er at fleire gangar har det skjedd at sensitiv materiale har hamna på avvege eller ute i offentlegheita. Til stor missnøye frå staten og

¹⁵⁴ Jensen, 2021, s.256

¹⁵⁵ Jensen, 2021, s.253

¹⁵⁶ Riksrevisjonane, 2017, s. 102

¹⁵⁷ Offentleglova, Henta den 30.03.2023

¹⁵⁸ Offentleglova, Kapittel 3. §13 -§27, henta den 10.05.2023

arkiva. Derfor er det viktig at det som eksisterer i arkiva stemmer og at ein som borger i lov kan få gjort tilgjengeleg alt som skjer innanfor offentleg forvalting utan å vere redd for at folk innanfor offentleg forvalting skjuler noko for dem eller andre ser hans private informasjon.

Dette håpet om tillit i offentleg forvalting avspeglar seg litt dette så er det funnet ut gjennom undersøkingar til Donaldson, som viser at folk faktisk hadde meir positiv innflytelse til informasjon som har blitt gjort tilgjengeleg eller levere av om det var gjort av ein kjent arkiv institusjon, som da fekk dem til å ha større tiltru til materialets sannheit.¹⁵⁹ Altså finnes det mykje tiltru til materiale, uansett kor ein finner det. Dette betyr altså at folk setter positiv tillit til enkelte arkivmateriale om dei veit kor det kommer frå, sidan dei har tiltru til materiale på grunn av at det har tillit til arkivar sidan dei stoler på at dei ikkje vil tukle med dem.¹⁶⁰ Det kan vere mange grunnar til at folk vel å ha tillit til eit arkiv, noko vil vere at arkivet har eit renommé som viser at dei er ein påliteleg kjelde for informasjon, samtidig om ein person har brukt eit medium før så vil personen ha eit større tiltru sidan dette er noko kjent og ikkje ein ukjent nettside. Ut i får det eg kan sjå så kan det virke som at brukarar er villig til å ha tillit til informasjonane som dei finner gjennom kor kjent dei er med dei som gir ut informasjonane. Om det da har eit godt rykte frå før, kan føre til at til og med wikipedia kan verta rekna som ein påliteleg informasjons kjelde. Dette er ein del av å vere menneske i dagen samfunn ein er nøydt til å ha litt tiltru til den informasjonen ein finner, om ikkje så slitar ein med å kunne fungerer som eit samfunn om det eksistere null tillit. Men det går også saman med det som Pattenden Fail et al fant ut at «brukaren stoler generelt på informasjonane som er preservert i arkiva».¹⁶¹ Gjennom deira tru på at det arkivet ikkje ville endra på det materiale som dei sitter med sidan det vil stride med ein av kjerneoppgåva til arkivet og ikkje ønsker å øydeleggje renommé til arkiva.

Dette vil derfor seie at ein brukartillit til noko materiale som han har funnet på nette kan basere seg på to faktorar. Den første er kor kommer materiale frå Digitalarkivet eller Ola Normans ikkjepedia, Ein brukar vil meste sannsynleg finne informasjonane til Digitalarkivet meir truverdig emne ikkjepedia på grunn av renommé til Digitalarkivet og hans kunnskap på at den materiale som kommer derfrå er ekte og sann. Den andre grunnen ein brukar kan seie seg sikker om materiale er truverdig er gjennom kva kontekst ein finner materiale i, der ein vil stole meir på ein materiale om kyrkjebøker om det kommer frå Digitalarkivet enn om det

¹⁵⁹ Donaldson, 2019, s.53

¹⁶⁰ Donaldson, 2019, s.55

¹⁶¹ Donaldson, 2019, s.56

kommer frå ein matnettside. Sidan kyrkjebøker er forventa å finnes på Digitalarkivet og ikkje på ein nettside om mat og vil derfor ha meir tiltru til det materiale eksister hos Digitalarkivet fordi det er forventa at dei skal ha det.

Det er ikkje berre arkivarane sitt arbeid som sikrar at folk skal ha tillit til materiale som vert gjort tilgjengeleg. Dette skjer også gjennom systemet og metadataen til informasjonen som er blitt gjort tilgjengeleg. Informasjon som referanse, proveniens, kontekst, fiksitet og avgangssrett kan gi ein brukar meir tillit til at den informasjonen som vert sett på faktisk er originalt og sann, gjennom at den kan forsikre brukaren om korleis deler av informasjonen artar seg, slik som om den har blitt endra på, kven som har tilgang kva informasjonen som er rundt etc.. Dette er noko som har vorte gått gjennom nærmare i teori delen. Da vil brukaren ha ein viss tillit til det systemet som har skikkeleg metadata fordi da kan han med sikkerheit forsikre seg om at materiale som ein får tilgjengeleggjere faktisk er ekte og ikkje endra på utan brukarens kunnskap. Dette med å ha tillit til informasjonen ein gjer tilgjengeleg er svært viktig for å sikre at ein får auka kunnskapsnivået til personar som brukar det.

I det digitale er det mange forskjellige ting ein må tenke på når ein skal gå fram med å gjere tilgjengeleg, ein av disse som eg har vist over er å klare å få brukaren til å ha tillit til det materiale som vert lagt ut. For plassar som Arkivverket og Digitalarkivet er det kanskje stor tillit allereie på grunn av deira eksisterande renommé som ein påliteleg plass å få tak i informasjon, der folk har tillit til det materiale som vert lagt ut av dem, mens andre meir frivillige organisasjonar har må kanskje legge inn litt meir arbeid for å få den tilliten som er ønskeleg å ha til den informasjonane ein sitter med, gjennom da å vise at dei sitter med påliteleg og ikkje påverka informasjon.

4.3 Brukar i sentrum

Eit aspekt som er mykje meir prominent i det digitale er brukaren. Brukaren skal no vere i sentrum, og arkiva skal omstille seg til å vere meir brukarfokusert.¹⁶² Dekkinga av brukaren sitt behov er no verda mykje viktigare enn korleis det har vert tidlegare. Arkiva går no hals over hovud for å forsikre seg at arkiva sine nettsider og andre tenester skal fungere best mogleg for brukaren, og vera tilpassa til dei.¹⁶³ No skal arkiva gå vekk frå å vere passive forvaltarar av materiale, og gå over til å vere tenesteleverandørar med fokus på formidling av informasjon. Arkiva har også fokus på korleis dei kan vera meir tilgjengeleg og brukarvenleg

¹⁶² Lande, 2021, s.78

¹⁶³ Jensen, 2021, s.254

for samfunnet.¹⁶⁴ Materiale skal vere så lett og tilgjengeleg, at alle kan å finne den informasjonen ein vil ha etter berre eit par taste trykk.¹⁶⁵ I det digitale arkiv er det altså fokus på bruken av materiale, kor behovet til ein brukar skal dekkast, og systema skal vere i kontinuerleg forbetring for å sikre at brukaren får den beste moglege tenesta.¹⁶⁶ Ein skal heller ikkje vente på at brukaren skal komme til dem, og heller gå ut å finne brukarane, gjennom å tilgjengeleggjere og formidle om kva som har vert gjort tilgjengeleg på sider der ein har moglegheitene til å nå brukarane betre på, i dagens klima kan dette vere plasser som Facebook, Twitter og andre digitale plattformar.¹⁶⁷ Bruken av sosiale media har lenge vert ønska, slik at arkivar skal kunne betre halde på med tilgjengeleggjering og formidling. Sidan bruken av disse førar til meir openheit, deling og samarbeid med brukarane, som er det ein ønsker i deltakar arkiv(Participatory archive) og arkiv 2.0.¹⁶⁸

I det analoge arkivet var ikkje fokus på brukaren, og det einaste måten ein kunne få bruka materiale var å møte opp på lesesalen. Dei som oftast møtte opp var forskrarar og andre som dreiv med historieskriving. Altså at brukarane av arkiva var individ som var delvis kjente med korleis arkiva fungerte og kunne korleis ein skulle brukte arkiva eller kunne fremje sine ønsker framføre arkivaren.¹⁶⁹ Vidare så vert ting berre gjort tilgjengeleg utan mykje tankar på kven som skulle bruke det og korleis det skulle brukast. Det vart tilgjengeleg for bruk på lesesal og noko vert kanskje brukt til formidling, om det var ressursar til det. Fokuset til arkivarane var altså ikkje på brukarane, men heller på materiale i seg sjølv. Materiale var derfor deira hovudoppgåve å passe på, der dei verktøy som fantes for å bruke materiale var lagra slik at berre dei som hadde ein forståing av arkivsystemet kunne bruke det, som oftast var arkivarar.¹⁷⁰ Derfor var det forventa at dei som skulle brukte det hadde ein viss forståing av korleis strukturen og proveniensen til materiale fungerte, og kva type kontroll arkivarar satt på materiale.¹⁷¹

Altså var ikkje fokuset til arkiva i det analoge å gjere materiale tilgjengeleg for allmentheita, men heller å forsikre at materiale var trygt bevart og sikra. Derfor var arkivaren berre vakt av materiale, men dei kunne bestemme kven som skulle få sjå materialet og korleis materiale

¹⁶⁴ Theimer, 2011, s.61

¹⁶⁵ Lande, 2021, s.81

¹⁶⁶ Lande, 2021, s.78

¹⁶⁷ Theimer, 2011, s.62

¹⁶⁸ Theimer, 2011 og Huvila, 2008

¹⁶⁹ Huvila, 2008, s.16

¹⁷⁰ Theimer, 2011, s.61

¹⁷¹ Duff & Haksell, 2015, s.41

skulle brukast.¹⁷² Det var ikkje store tankar om arkivet skulle brukast av samfunnet, men heller tankar på institusjonane som brukte det. Dette skulle da endre seg med framveksten av arkiv 2.0, deltarar arkiv og ein større ønske frå fleire arkivarar med meir samfunns arkiv.

Denne endringa mot arkiv 2.0 og deltarararkiv kommer i form av den nye moglegheitene som kom med lettheita for tilgjengeleggjeringa og arkiveringa som kom med digitaliseringa.¹⁷³ Saman da med det allereie eksisterande eit ønske om endring i arkiv praksisen mot meir openheita og fleksibilitet, som ikkje var enkelt å gjennomføre før digitaliseringa.¹⁷⁴ Derfor når digitaliseringa kom kan ein begynne å sjå at det skjedd ein forandring i korleis det jobbast med arkiva, der fokuset snur seg mot korleis gjere det lettare og betre for brukaren. Det digitale og moglegheitene til å gjere tilgjengeleg kor som helst, sørger for at ein ikkje lenger må få brukaren til arkiva, men heller at arkiva skal komme ut til brukaren.

Fokuset gjekk over til å skulle tene brukaren og at brukaren kunne vere ein del av korleis arkiva skulle verta danna. Dette gjer brukaren til historie forteljaren og sin eigen arkivar.¹⁷⁵ Så no kunne arkiv hauste den kunnskapen som brukaren satt med gjennom at ein no kunne få nye og betre forklaringa, omsetjing og forhold mellom materiale¹⁷⁶ Dette samarbeidet førar til å få brukaren meir inn i arkivarbeidet, og sørger for at ein rikjer det materiale som allereie er der, samtidig som det fordjupar brukarens forståing av materiale.¹⁷⁷ Derfor vert digitaliseringa eit viktig verkemiddel for både forskrarar og private brukarar, som ønsker seg informasjon frå arkiva. Det sørger også for at det vert lettare å få ut materiale som skal vert gjort tilgjengeleg, sidan brukaren lettare vert informert om kva som er lagt ut, samtidig som dei kanskje er ein del av skapinga og formidlinga. Arkivarane sin jobb i dette vert altså å sørge for at systemet som dei bruker er meir skreddarsydd til kvar enkelt brukar eller brukargruppe ønsker, derfor vert da viktig å vere klar over kva behov som eksisterer for brukarane.

Brukarfokuset førar også at gamle arbeidsoppgåva, som kategorisering og ordning arbeid vert nedprioritert over å fokusere på nye og meir brukarstyrte arbeidsoppgåver som opplæring og tenesteyting.¹⁷⁸ Ein kan sjå kor fokuset til arkiva og andre arkiv like organisasjonar ligger på deira ønska utvikling, der dei no har større fokus på brukaren og korleis materiale som arkiva

¹⁷² Theimer, 2011, s.61

¹⁷³ Theimer, 2011, s.60

¹⁷⁴ Theimer, 2011, s. 60

¹⁷⁵ MacNeil & Eastwood, 2017, s.300

¹⁷⁶ Huuila, 2008, s.33

¹⁷⁷ MacNeil & Eastwood, 2017, s.300

¹⁷⁸ Lande, 2021,s.78

sitter med skal kunne bli meir brukt.¹⁷⁹ Dei manuelle arbeidsoppgåvene vert omgjort til automatiske prosessar slik at arkiva skal kunne ha sjanse til å klare å prosessera all data som digitalisering fører med seg.¹⁸⁰ Slik at dei kan ha større fokus på arbeidet med opplæring og betrestilling av korleis arkiva fungerer slik at ein kan dekke eit større publikum. Denne meir opninga for publikum tilnærminga, sørger da for at arkivarar er nøydt til å gi opp litt av den makta ein har hatt over arkiva fram til no.¹⁸¹ Dette er noko som arkivarar eigentleg berre må finne seg i, om ein skal gå fram med å betre bevarings moglegheita og betre det levande historia som vert bygd mellom brukarane og arkiva. Ein får no eit meir tilgjengeleg arkiv samtidig som er meir aksept og tillit av brukarane.

Arkivverket er også med på denne prosessen med eit meir brukarsentrert arkiv. I Arkivverket står brukares behov i sentrum, som vil påverke korleis dei jobbar.¹⁸² Dei har no eit ønske om å lære opp brukarane, slik at dei sjølv kan bruke det arkivmateriale som ligger der, og ikkje er nøydt til å vere avhengig av ein arkivar.¹⁸³ Denne jobben med å gjere brukaren sjølvforsynt vil derimot vere meir arbeid for arkivarane å gjennomføre, enn å berre finne fram til brukane. Denne jobben med opplæring hjelper til meg å gjere arkiv meir overkommeleg for dei som ikkje er kjent med den innhald. Så sjølv om dette vert ein anna type jobb enn det som dei har gjort før, så er dei nøydt til å gjere meir, der dei no er skal lære brukarane i korleis å bruke arkiva og arkivsystema.¹⁸⁴ Dette sørge for at det ikkje trenger å bruke like lang tid på det arbeidet og heller fokusere på digitalisering og bevaring av arkivmateriale.

Når ein da skal fokusere på brukaren så vert jo spørsmåla korleis skal ein gå fram med å tilpasse det slik at det er meir fungerande å bruke. Det første ein går fram med er å finne ut kven er det som brukar arkiva og korleis dei vert brukt. Eit eksempel som vi tar er Digitalarkivet. Når det kommer til Digitalarkivet så vert det funnet ut gjennom ein brukarundersøking og antakeleg at 20% av brukarane var menn 55-64 og majoritet på 45% var menn 65+.¹⁸⁵ Etter at ein har funnet ut kven som vil bruke arkiva mest, kan ein gå fram med å endra på korleis oppsettet og designet på nettsida blir. Det er viktig å finne ut kven om kommer til å bruke det slik at ein kan legge til rett for den brukargruppa av nettsida. Slik at alle kan få den informasjonane som ein tenger, med funksjonalitetar som er passande for

¹⁷⁹ Meld. St. 27, (2015-2016). s.12

¹⁸⁰ Lande, 2021, s.84

¹⁸¹ MacNeil & Eastwood, 2017, s.308

¹⁸² Lande, 2021,s.78

¹⁸³ Lande, 2021, s.81

¹⁸⁴ Samtale med fagperson frå Arkivverket

¹⁸⁵ Clausen, 2018, s.6

dette. Da slik at dei eldre, yngre og dei med andre hemmingar som gjer det vanskligare, kan lettast mogleg få tilgang på informasjonen. Det å ha samtaler med forskjellige brukargrupper for å forsikre at ein har den forståeleg for kva ønsket om bruk arkiva til, vil også forsikre at det forbedrar at bruken vert lettare.¹⁸⁶ Derfor betyr det at det vert nødvendige å ha opne samtalar med enkelte brukargrupper for å forsikre at ein har dei funksjonalitetene som vil vere passande.

Digitaliseringa er noko av det beste som kunne ha skjedd brukarane, sidan det sørger for at dei kan vere ein større del av arkiva og det arbeidet som skjer. Dette førar til betre arkiver med meir inkluderande og utspedde moglegheita, slik at alle skal få ha arkiv til gode uansett kor gode evnar ein har til å bruke det. Arkivarane må nok gi opp litt av den makta dei har hatt over arkiv for å inkludere brukaren, men det er noko som eg meiner berre vil føre til betre arkivar og meir utfyllande og inkluderande kulturbearing

4.4 Formidling den nye tilgjengeleggjeringa

Eit anna aspektet som eg ser som viktig når det kommer til korleis digitaliseringa får konsekvensar for tilgjengeliggjeringa, er formidling. Når ein skal formidle så tar ein eit utval av ein del frå materiale som tilarbeider om til noko anna, eller som tilarbeider det til noko meir forståeleg.¹⁸⁷ Slik at det da vert meir overkommeleg for brukara å forstå, eller som hjelper til å gjer det meir spennande, som da skal sørge for at ein får lyst til å utforske det fulle materiale som formidlings objektet er blitt skapt frå.¹⁸⁸ Å halde på med formidling betyr da for arkiva at det er ein lettare måte å kunne bruke det arkivmateriale som dei sitter med på nye måtar, og gjer at ein kan lettare få ut den informasjonen til resten av samfunnet. Formidlinga vert gjort lettare gjennom digitaliseringa, med at før ein fekk tilgang på internettet og elektroniske arkiv, måtte ein møte opp på lesesalen for å få tak i materiale dei ønske å sjå på.¹⁸⁹ Det som vert formidla ut til brukarane måtte da skje gjennom produsere bøker, aviser, Tv, radio og tidsskrifter for å formidla informasjonen.¹⁹⁰ Dette gjorde at det ikkje var så stor moglegheiter for å kunne spreie arkivets kunnskap og materiale ut til massane gjennom berre disse kanalane.¹⁹¹ Derfor vert denne måten å halde på med tilgjengeleggjere i den analoge viktig, på grunn av at det er ein av dei beste måtane å forsikre at ein kunne få materiale som

¹⁸⁶ Laursen, 2018, s.5-6

¹⁸⁷ Jensen og Jensen, 2004, s.7

¹⁸⁸ Jensen og Jensen, 2004, s.8

¹⁸⁹ Lande, 2021, s.77

¹⁹⁰ Lande, 2021, s.77

¹⁹¹ Lande, 2021, s. 77

arkiva sitter med best ut til samfunnet. Ein skal kunne sørger for at det faktisk vert bruke, og sørge for arkivet vert meir tilgjengeleg. Gjennom dette klarte arkiva å formidle det som eksisterte i arkiva til eit avgrensa publikum, som sørger for ein vekst i kor mange som besøkte lesesalane.

Materiale til arkiva må derfor verta tilpassa slik at det er passande og overkomeleg for det publikum som skulle bruke det. Slik at det aukar interessa for materiale som eksisterte i arkiva, kor det da gjennom disse publikasjonane auka den allmenn kunnskaps om arkivets innhald og den kulturelle historia.¹⁹² Igjen så fører dette til arkivas målet med å auke kunnskapen og interessene om kva som ein kan finne i arkiva, som fører til at meir av det materiale som har vorte passivt tilgjengeleggjort vert meir tilgjengeleg for massane, som da aukar ønsker å bruke materiale. Ein slik type formidling sørger for å få individet til lesesalane for å bruke materiale som arkiva sitter med. Sjølv om det originale materiale har vorte tilarbeide for å gjere det betre og meir interessant for allmentheita å lese. Så kan ein sjå på formidling som overtaking til tilgjengeleggjering kor tilgjengeleggjering er ein meir passiv form der ein gjer det tilgjengeleg for bruk, mens formidling går meir på å gjere det tilgjengeleg og utspedt til alle, og kan bli sett på som eit meir produktivt tiltak.

Dette er det som ein kan sjå som forskjellen mellom å formidle i det analoge og det digitale. I det analoge kan ein ikkje få med alt av informasjonane når ein formidlar, og må ofte gi slipp på noko av den meir detaljerande informasjonen på dokumentnivå, for å kunne bruke tid på konteksten og bruken til dokumentet.¹⁹³ I det digitale kan ein enkle vise detaljar, på grunn av at konteksten framleis er der i dei dokumenta som ein formidlar gjennom at metadata til dokumentet og samlinga er med sjølv når ein berre drar ut eit dokument frå samlinga.¹⁹⁴ Derfor kan ein sjå at ein slepp å måtte ta dei same avgrensingane som ein er nøydt til å ta for det analoge materiale, fordi moglegheitene for å få med alt vert mykje meir gjennomførleg når ein driver å formidlar digitalt.

No skal det nemnast at formidling ikkje er noko som det har vore særleg fokus på i arkiv, før elektroniske arkiv kom.¹⁹⁵ Ein kunne heller sjå dette fokus innanfor bibliotek og spesielt i museum sektoren, kor formidlinga av bøker og gjenstandar var mykje lettare å gjere enn

¹⁹² Landa, 2021, s. 77

¹⁹³ Bjelland, 2021, s.64

¹⁹⁴ Bjelland, 2021, s.64

¹⁹⁵ Bjelland, 2021, s.53

dokumenter. Da det ikkje før frå 1990 at formidling blei ein større del av arkivas fokus.¹⁹⁶ Grunn til det ikkje har vert fokus på det i arkiv er blant anna at formidling tar eit arkivdokument ut av den samanhengen som den skal vere i, og viser det fram som eit isolert objekt med historisk verdi, som bryter med det som arkivarar skal arbeide med.¹⁹⁷ Når ein no er inne i den digitale tida, så har hovudfokuset til arkiva på å berre å bevare materialet verta svakare, og ein har gått over til å ha fokusere på formidling og tilgjengeleggjering av materiale.¹⁹⁸ Denne endringa skjer også på grunn av at det ikkje lenger er same risiko for at materiale skal kunne bli dratt ut av sin samanheng, når ein no har moglegheita til å kunne dra med heile samlinga når ein formidlar materiale digitalt.

Utifrå dette kan ein seie at det ikkje har vert like lett å halda på med formidling i det analoge arkiva om ein da ikkje heldt på å fremma informasjon for spesielt interesserte eller med formidling innanfor ein av dei andre ABM greinene. Fokuset og pågangen for dette endrar seg når ein så går over til det digitale og kommer inn i arkiv 2.0, der ein får andre verktøy for å halde på med elektronisk formidling og tilgjengeleggjering.¹⁹⁹ Ein no derfor ikkje lenger er avgrensa av å måtte ofre noko på dokumentnivået for å få med opphavskonteksten, aggregert nivået og strukturen, der ein heller kan digitalt løfte fram enkelte dokumenter, samtidig som ein ivaretar dokumentets kontekst.²⁰⁰ Ein kan og få alt av materiale ein er på jakt etter heim i stua utan å måtte vere usikker på om ein har mista noko eller manglar noko kontekst informasjon fordi ein får all informasjonane der og da. Gjennom at ein klarer å få formidla alt utan at det skal vere noko som stopper for alt informasjonen ikkje kommer med når ein arbeidar med formidlinga.

I det digitale så har tilgjengeleggjeringa og formidlinga til arkiva har vorte lettare å gjennomføre, og har gått vekk frå å vere ein einvegs kommunikasjonsmåte, og over til å halde på med to veg kommunikasjon.²⁰¹ Det har no begynt å innblande brukarane i måten å formidle på. Arkivarar samarbeider med deltakaren for å formidle og fremme det materiale som ein kan finne i arkiva. Eksemplar på deltakarformidling kan vere gjennom frivillig transkribering, bildegjenkjenning, brukartilbakemelding på korleis formidlinga fungerer og å ta med ytringa eller materiale som ikkje kommer frå samlinga til arkiv, men som kan vera frå samlingar som

¹⁹⁶ Bjelland, 2021, s.51

¹⁹⁷ Lange og Spring, s.28

¹⁹⁸ Theimer, 2011, s.61

¹⁹⁹ Theimer, 2011, s.60

²⁰⁰ Bjelland, 2021, s.64

²⁰¹ Bjelland, 2021, s.62

tilhøyrar publikum, dette hjelper da til å auke mangfald til kjeldene som vert brukt.²⁰² Vi kan også sjå ein slik interaktiv formidling gjennom spillifisering av oppgåvane eller formidlinga, der ein i det nasjonale arkivet i Australia, brukte spillifisering til å hjelpe dem med å transkribere dokumentar, som da hjelpte arkivet med å kunne lettare formidle materiale deira, gjennom at publikum hjelper til med å stå for formidlinga, samtidig som brukaren da tene poeng for å transkribera materiale.²⁰³ Ein slik deltaking er ønsket der det da hjelper til at formidle fungerer godt med korleis internettet har utvikla seg i dag, saman med det ønsket frå arkiva og andre organisasjonar på å få med brukarane på formidlinga. No har ein moglegheit til å ha samtids dialog med folk på nette utan å mått gå ut av kontoret. Ein kan få sjå responsen til ein formidling prosjekt eller tilgjengeleggjering med ein gang, gjennom likes og delingar er det mogleg få klart innblikk i kor gripande og begeistra brukarane er av å få tilgang på denne informasjonane.²⁰⁴

Formidlinga på nett gir derfor store moglegheit for å halde på med deltaking, der brukaren kan få ta ein del i den formidlings arbeidet og prioriterings arbeidet som arkiv og arkivarar må gjennomføre i denne verdene der ein må gjere prioriteringar med meir data enn vi klarar å digitalisere og formidle. Dette med deltagande formidling stemmer også overeins med planane som Arkivverket har for korleis dei vil gå fram i det digitale der dei satsar på å gjere alt data tilgjengeleg slik at andre kan stå for formidlinga.²⁰⁵ Ein kan nesten tenke seg at det å formidle arkivet historie har blitt ein samfunnsoppgåve kor dei brukarar eller frivillige som er interessert i å bruke og formidle materiale til Arkivverket står fritt til å kunne gjere det.

Arkivverket har derimot ikkje eit slikt fokus der dei i motsetning i denne driver heller berre med tilgjengeleggjering, men der det er eit fokus på at dei skal arbeida målretta imot kommunikasjon mellom seg og dei interesserte partar, slik at dei er klar over kva som ein kan finne i arkiva til Arkivverket.²⁰⁶ Eit eksempel på dette er gjennom å informere Stavanger oljemuseum om alt materiale som Arkivverket har for Aleksander Kjelland ulykka, gir Arkivverket da oljemuseum den informasjonen dei trenger for å halde med sin eigen formidling av det materiale som ligg på Digitalarkivet. Dette fører altså til at det ikkje er Arkivverket som arbeider med formidlinga, der dei heller legger til rette for at andre som er

²⁰² Bjelland, 2021, s.62-63

²⁰³ Duff & Haskell, 2015, s.44

²⁰⁴ Bjelland, 2021, s.63

²⁰⁵ Bjelland, 2021, s.66

²⁰⁶ Informasjon frå samtalar med til fagperson frå Arkivverket

meir interessert i fagområde kan halde på med formidlinga, som da igjen vil føre meir fart på Digitalarkivet.

Ein slik tankegang der Arkivverket skal berre tilgjengeleggjere alt og brukaren skal stå for formidlinga, kan ein tenke seg at byr på nokon problema for materiale. Gjennom ein slik tankegang kan det ofte vert fokusert på enkelte deler av materiale som arkiva sitter med. Materiale som er populært eller mange brukarar finner interessant vil få mykje meir tid brukt på seg og vert meir fylt ut. Materiale som ein ikkje finner like interessant eller relevant får mindre fokus og vil forsvinne i den digitale sjøen av data og materiale. Enden på visa på ein sånn situasjon kan vere at ein ender opp i eit system med materiale og data som samfunnet kan ha stor glede av det, men det vil vere enkelte manglar innanfor enkelte felt der samfunnet ikkje ser same verdi som andre og etter kvert kanskje ikkje er klar over at slik materiale eksisterer. Å arbeide imot brukarorientering og god tilgang til data er blant dei oppgåva som Arkivverket ser som viktigast og Arkivverket har som mål at ein skal kunne få tak i kva data ein trenger med nokon få tastetrykk.²⁰⁷ Er vegen som Arkivverket tenker å gå, så får ein sjå i ettertid om det er den rette avgjerd å gjennomføre, om korleis dette påverkar korleis all materiale verte brukt og om noko går vekk på grunn av lite interesse.

Ein del av poenga med å ta med denne aspektet er fordi eg ønsker å fremme at det har skjedd ein endring i korleis tilgjengeleggjering vil fungera og at gjennom at ein held på med digital tilgjengeleggjering så driver ein med ein slags formidling. Gjennom å no kunne tilgjengeleggjere noko på nett, er det ikkje berre gjort tilgjengeleg, men at det også betyr at ein formidling materiale som er der. Årsaka til at eg tenker dette er at sjølv om dette er materiale som berre har vorte gjort tilgjengeleg på nett, så er det verta tilarbeida for eit publikum der det gjennom bruken av eks. Digitalarkivet vert lagt ut på ein formidlingsplattform. Materiale som vert lagt ut der er ikkje berre blitt tilgjengeleggjere for samfunnet, men også vert formidla til dem i samarbeid med frivillige slik at alle i samfunnet kan lettare ta nytte av den som ein finner seg i dei digitale arkiv. Men dette er noko som eg ønske å komme nærmare innpå i diskusjonsdelen av det. Dette kan bli sjåast som eit forsmak og grunning til korfor eg tar for meg formidling, som er forskjellig til tilgjengeleggjering.

Formidling er ein av dei aspekta som eg har nemnt trenger større diskusjons, når det kommer til viktigkeitene av det. Kva konsekvensar digitalisering har for formidling og korleis det har endra på arkivets ta atterhald om ovanfor tilgjengeleggjering. I ein verden der ein har bestemt

²⁰⁷ Lande, 2021, s.81

å sette mykje av formidlinga over til brukaren så er det ikkje like med det som finner seg i arkiva og kva kontekst ein finner det i. Gjere det som er populært for befolkninga tilgjengeleg for alle og sørge for at alt som det skal så kan ein sikre seg at ein ikkje trenger å stå for deie eigen formidling med kan la andre gjere det. Men i denne brede verda med fokus på brukar og formidling, korleis vil dem da få tilgang på materiale som dei er på jakt etter og vil korleis sender bilde på ein no går fram med å bruke arkiva. Dette er det som ein kan sjå som eit endring i korleis det har endra seg når ein har gått over på det digitale, ikkje lenger er det berre passiv formidling, men heller over på noko meir aktiv og levende. Når ein går over til det digitale så vert ting formidle når ein tilgjengeleggjere det digitalt og kan lettare nå ut til eit større publikum enn det som det kunne gjere før, på grunn av digitale og nette sin effekt på korleis det framlegger materiale. Når ein da skal arbeide med ein slik formidling kor stor tillit har ein eigentleg til det som arkivet sitter med.

4.5 Korleis skal ein no få tilgang i den digitale verda

Neste aspektet som eg skal skrive om er tilgang, der det går ut på er korleis ein får tilgang på materiale som ein er interessert i. Først for det analoge, ein skal sjå korleis dette har endra seg i det over til det digitale. Korleis ein får tilgang på arkivmateriale har endra seg litt når det har gått frå det analoge over til det digitale. Ikkje lenger er det nødvendig å måtte gå til ein lesesal for å få tilgang på materiale og ein kan få tak i det kor som helt og når som helst. Dette vil da ha innverknader både på kor mange som brukar materiale og kor dei brukar det og korleis det brukar det. Vidare skal eg legge fram to grafar som visar informasjons om korleis utviklinga av kor brukarer går for å få tilgangen til materiale som arkiva gjer tilgjengeleg for samfunnet. Disse grafane er laget med informasjon henta frå alle arkivaråsmeldinga som har blitt publisert gjennom år 2010-2020 og skal vere så nøyaktige som mogleg. Før ein begynnar med det må ein gå gjennom korleis ein får tilgang på arkivmateriale i papirarkiva.

Måten ein kan få tilgang på arkivmateriale i det analoge, vel eg å dele opp i to deler, den fysiske tilgangen og den gjennom ein formidlingstilgang. I det analoge arkivet for å få tilgang på materiale så må ein møte opp på arkivet og spørje i skranken om tilgang på det materiale ein var på jakt etter, før ein da vert vist til ein lesesal med det materiell eller ein kopi av materiale ein hadde spørja om. Ein kunne gå gjennom, sjå på og jobbe med materielle før ein leverte det tilbake til arkivet når ein går for dagen. Arkivet er da altså eit slags dokumentfengsel som beskytte dyrebare skattar for samfunnet og ikkje kven som helst fekk


tilgang når dei kom inn døra å besøke dei som er der.²⁰⁸ Det fantes altså ein viss implikasjon at dei som skulle komme å bruke arkiva viste kva dei ville og at dei kunne i arkivbegrip forklare kva dei var interessert slik at dei eigentleg kunne hjelpe seg sjølv så mykje som mogleg i å forstå og analysere materiale som dei fekk utgitt.²⁰⁹ Lite blei gjort for å prøve å forstå brukaren før 90-talet, mens det no har endra seg til å ta mykje meir fokus på kven som skal bruke det emne det har vert i det meir materialfokuserte arkivtida. Ein må altså fysisk møte opp for å få tilgang på det materiale som eksisterer der, og så bli vurdert av arkivaren om ein skal kunne gi individet tilgang på materiale, og får berre lov til å sjå på det innanfor arkivets sikre vegger og der er om ein klare å forstå dei ingrediensar som ein har liggande framføre seg.

I tillegg så er det avgrensa for kva materiale som ein finner i kvar enkelt arkiv. Det som ein er på jakt etter ligger kanskje i eit heilt anna arkiv enn der ein er, som gjer det vanskeleg å finne materiale, om ein ikkje har kunnskap om arkiva. For den grunnen så er analoge arkiva avgrensa på kva materiale dei sitter med og har kanskje ikkje alt om eit tema, der det er delt rundt i andre arkiv og da må kanskje ein bruker reise langt for å få tak i det, som videre sørger for at det kan vere vanskeleg få tak i den informasjonen ein er på jakt etter. Dette sørge da for at det er vanskelegare å eigentleg bruke materiale, gjennom den problem med at ein vanlig brukar ikkje veit korleis ein skal bruke arkiva og det han er på jakt etter er kanskje ikkje i det arkivet. Dette ville endre seg når ein begynte å få tilgang på digitale mogleheter for å kan da begynne å sjå ein endring i tala til lesesalane. Disse nedgangar skal eg vise fram og snakke om rundt grafen som er under.

²⁰⁸ Jimmerson, 2009, s.6

²⁰⁹ Huvila, 2008, s.16

Brukere av lesesalen på Arkivverket 2010-2020



Figur 2- Besøk/brukarar av Arkivverkets lesesalar(Da alle dei forskjellige Norske statsarkiv) frå 2010-2020. Er tatt med for å vise utviklinga til korleis bruken av lesesalane har endra seg.

Henta frå Riksarkivarens årsmelding frå 2010-2020 som er tilgjengeleg på Forvaltingsdatabasen.sikt.no. og lagt inn i ein graf av meg

Det ein kan sjå frå denne grafen er at det har vert ein liten nedgang i kor mange som har besøkt og brukt Arkivverket sine lesesalar rundt omkring i landet. Nedgangen er kanskje ikkje like stor som ein skulle ha trudd, utifrå den store satsinga som Noreg har på å sørge for at Noreg skal vere i verdens toppen når det kommer til å tilby og bruke digitale teneste som hjelpemiddlar for å forbetra kvardagen og auke produktiviteten i samfunnet.²¹⁰ Ein kan sjå at lesesaltala er stabile, men har gått gradvis ned mot den som eg vil kalle rette avslutningspunktet i 2019 der ein hadde rundt 15000 tusen besøkande i året.²¹¹ Til referanse så var besøkstalet i 2003 rundt 31 700 tusen besøkande på lesesalen til statsarkiva.²¹² Dette viser da videre at det har vore ein halvering frå 2003 til 2019 i kor mange som har brukt lesesalen kvart år, sjølv om det i dei siste 10 åra har vert relativt stabilt. Dette viser konsekvensane som digitaliseringa har hatt på tilgangen der ein kan tydleg sjå at dette fører til ein nedgang i kor

²¹⁰ Regjeringen.no, 2019, henta den 11.04.2023

²¹¹ Pedersen, 2019, s. 25

²¹² Riksarkivaren, 2003, s.10

mange som tenker å bruke lesesalane, men samtidig så er ikkje dropen på besøkande massiv og heller meir stabil som kan få meg til å tenke at sjølv om det digitale mogleheitene er der så er det framleis interesse for å bruke dei midlar som finnes på lesesalen og i arkiva.

Slik som eg nemnte det over så satt eg den rette avslutninga for besøkstala på 2019, dette var fordi den sterkt dropp i 2020 på besøkande på lesesalen og det er på grunn av den pandemien som forgjekk, som førte til at dei forskjellige arkiva og Noreg generelt var stengt i fleire periodar av det året.²¹³ Om pandemien ikkje hadde skjedd kunne ein mogeleg ha tenkt seg at tala hadde vore rundt 14000 til 15000 brukarar i det året utifrå korleis det hadde vert i tidlegare år. Ein kan også sjå ein del toppler og botne på kor mange som har besøkt arkiva, dette kan komme av forskjellige grunner, der nytt materiale som har blitt gjort tilgjengeleg eller andre interessemomentet kan føre for ein auke i kor mange som kunne tenke seg å besøke lesesalane. Men sjølv med disse toppler og botna kan ein sjå at det har vert ein stabil nedgang i kor mange som besøker lesesalane.

Det som eg får ut av denne grafen er da at det har vert stabil bruk med litt nedgang i kor mange som har brukt lesesalane. Sjølv med dei digitale mogleita så er det framleis noko som vel å gå på arkiva for å få tak i det som dei er interessert i, enten om dei ikkje finner det dei skal ha digitalt eller om dei ønsker å finne ut meir utifrå det som dei har funnet på Digitalarkivet. Nedgangen er mindre enn det som eg hadde forventa, originalt var eg under den tru at no som ein hadde gått over til det digitale og opningstidene på arkiva hadde gått ned, at mengdene som brukte lesesal ville gå kraftig ned. Det eg trudde var at besøkstala ville vere på nivået med det frå 2020, altså da utan å ha verta påverka av korona pandemien. Dette betyr da altså at sjølv om det er komme ein annan mogleighet for å få tilgang med så er det framleis interesse for å bruke lesesalane for brukarane. Om dette er på grunn av at enkelte har det lettare med å bruke lesesalane en dei har av dei digitale resursane er framleis uvist med det viser iallfall eit ønske frå brukarane om å holde lesesalane opne og ikkje gå heil digital. Det å stenge helt ned alle lesesalane er heller ikkje i interessene til statsarkiva å gjennomføre, sjølv om dei har eit målet om å gå meir digitalt. Så er det framleis eit behov og ikkje minst ein interesse for å holde arkiva opne, på grunn av at det framleis er interesse blant brukarane å bruke arkiva, samtidig som det ikkje er alt materiale som skal digitaliserast og derfor eit behov for å framleis ha opne lesesalar slik at arkiv kan tilby sine vanlege tenesta.²¹⁴ Sjølv om

²¹³ Riksarkivaren, 2020, s.14

²¹⁴ Samtaler med fagperson frå Arkivverket

det er eit ønske å holde open lesesalar betyr det ikkje kan kutte ned på kor mange punkt ein kan få tilgang på der ein for å vere meir effektiv senker tala med moglege depot og arkivpunkt.²¹⁵ Dette vil da førre til at det vert mindre plassar å gå til altså vanskligare å få tilgang, men ein effektiviserer med at no er alt materiale samla på same sted analogt og lettare å ha oversikt over.

Tala for tilgangen på de digitale sidan er ikkje heilt det same og sjølv om besøkstalene på lesesal har gått ned, så har faktisk Arkivverket aldri hatt så mykje brukarar av deira materiale som dei har no. Digitalarkivet og andre digitale resursar som Arkivverket tilbyr, trumfar ovet besøkstalet på dei som har besøkt lesesalane. Dei tala som Digitalarkivet får på kor mange besøkande vise at digitaliseringa faktisk har ein positiv påverknad for Arkivverket sine tilgjengeleggjering moglege av materiale sidan det sørger for at fleire folk bruker materiale enn det som har blitt gjort før, der det no finnes større mogleheter for å bruke det materiale som Arkivverket sitter med.

Ein av grunnane til at det har vert fokus på digitalisering frå Arkivverket sin side er blant anna at sidan tidleg 2000, der dei begynte å digitalisere materiale som var mykje brukt på lesesalane kunne ende opp med å bli slitt og sto i fare for å verta øydelagt, på grunn av slitasje på materiale som vert mykje brukt.²¹⁶ Gjennom å digitalisere det kunne dei da sikre at både forblei tilgjengeleg og sikre at det originale dokumentet ikkje vert øydelagt, så derfor er denne nye måten at folk kan få tilgang på materiale mykje betre enn det som har vert før.²¹⁷

I det digitale arkiva finner ein alle informasjonen, når det ligge tilgjengeleg på dei elektroniske systema som kan koplast opp mot internettet, som gjer det i teorien tilgjengeleg til alle som er klar over at det eksisterer og som har tilgang på internett. Materiellet er derfor ikkje lenger avgrensing på kor informasjonen er lagra, om det så er i Bergen eller i Trondheim, så kan kven når som helst kors som helst i landet får tilgang på materiale. Da er openbart så lenge den er digitalisert å lagt inn i eit system som er tilgjengeleg for allmente eks. Histreg, Digitalarkivet eller Braarkiv. Moglegheita til å kunne få tak i akkurat den informasjon eller dokumentar som ein ønsker om eit teama eller fagfelt gjennom berre eit par felles søkeord knyta til tema. Utan å måtte ta omsyn til om kor informasjonen er eller kva samling den er ein del av kor ein kan søke på tvers av samlingar. Slik at ein kan få ein ny forståeleg for fagstoffet som ein kanskje ikkje hadde når ein berre såg på informasjonane i sin


²¹⁵ Pedersen, 2019, s.37

²¹⁶ Samtale med fagperson frå Arkivverket

²¹⁷ Bjørnå, 2017, Generelt om digitalisering av arkiv

originale kontekst eller samling.²¹⁸ Gjennom disse felles søkeorda som eks: saksnummer, dato, eller berre tittel kan sørge for at eit velfungerande arkivsystemet gir akkurat den informasjonane som er ønskelege.

Antall Besøkende på Digitalarkivet frå 2010-2020 i mill



Figur 3 Oppgitte tal frå Arkivverket om kor mange besøkande som har vore innpå Digitalarkivet sine nettsida frå 2010-2020 i millionar. henta frå Arkivverkets årsmelding frå perioden 2010-2020

Ein kan sjå at det har vert ein eksplosiv vekst i kor mange som har brukt Digitalarkivet sine resursar sidan 2010, og denne delen vil verta større til meir materiale som vert digitalisert. Nok vert enda større ein får fleire individ i samfunnet til å vert klar over dei bruksområde som eksisterer for bruk av digitale og nettloysningars til å få tak i informasjon på. Denne auken av brukare på Digitalarkivet visere oss at det er ein stor interesse frå personar i samfunnet å bruke det materiale som Arkivverket tilgjengeleggjere, så lenge det er ein enklare måte å få tilgang på det utan å måtte gå fram med å vere ein ekspert på korleis arkivet fungerer. I likskap med lesesaltala så ser ein at det er noko toppe på kor mange som har besøkt Digitalarkivet. Ein av årsaka til denne sprengauken i 2013 kommer av serien «Hvem trur du at

²¹⁸ Jensen, H, 2021, s.257

du er?» som vert vist på NRK tidleg i 2013 som sørge for rekordhøye besøkstal hos Digitalarkivet.²¹⁹ Gjennom formidlinga frå NRK sørger det for at folk vert klar over at Digitalarkivet eksisterte og gjorde at fleire vert interessert i å prøver å bruke det for å finne ut kven dei var, som visere til folk sine villigheit til å bruke arkivet berre dei er informert om kor ein finner det og korleis ein skal bruke det. Ein kan også sjå dette litt igjen i tala som besøker lesesalen kor ein begynner å sjå ein auke som begynner i 2013 og leder over i 2014 til ein større oppgang i kor mange som bruker lesesalen på dette tidspunktet.

Samtidig så kan ein igjen sette opp den store auken i 2020 litt til korona pandemien og at flerre blei sittande heime og blei nøydt til å prøve å bruke andre ressursar for å få tilgang på det materiale dei var på jakt etter. Denne auke som ein kan sjå stemmer ganske greitt med det faktum at Noreg og Arkivverket har meir og meir gått over på å fokusere på det digitale og ikkje lenger holder seg med i det analoge. I botn av korleis ei jobbar er det eit ønske om å komme seg i mål med å kunne digitalisere alt arkivmateriale som ein finner i Noreg, slik at det enkelt kan kunne brukast og vere tilgjengeleg for alle som ville bruke det. Med dette større mangfeldet av materiale som er populær, kan ein sjå for seg at det er ein realitet som ikkje er så langt borte. Eit eksempel på dette med auke interesse for det som vert digitalisert så såg ein at når Arkivverket opna opp folketeljinga av 1910 var det stor pågang hos Digitalarkivet og dei fekk i rundt 20 000 besökande som var inne og såg på det data som vert gjort tilgjengeleg.²²⁰ Dette fører til at ein endeleg får gjort tilgjengeleg det som ein ønsker å tilgjengeleggjere. Den auken me kan sjå som ein resultat også gjennom den digitaliseringspolitikk som har vorte ført i Noreg i denne perioden. Ein kan sjå framgangen og realiseringa av deira målsetning med at digitale tenesta og elektroniske kommunikasjon skal vere hovudregelen når det kommer til forvaltinga sin kommunikasjon mellom dem, innbyggaren og næringslivet.²²¹

Overgangen til å bruke av digitale tenester og gjennom å få tilgang på nett sørge derfor at det vert eit mykje støre tal av folk som bruker det digitale når staten ligger opp til dette, altså når borgarane begynne å bruke det digitale så legger staten opp til det og da begynne fleire å bruke det meir. Eit openbart nedside med dette er at det føre til at individet som ikkje vil vere ein del av det digitale blir tving inn på det digitale marknaden sjølv om ein ikkje vil det slik at ein ikkje går glipp av det som skjer i samfunnet. Dette fører da igjen at til ein auke i kven som

²¹⁹ Riksarkivaren, 2013, s.18

²²⁰ Riksarkivaren, 2010, s.13

²²¹ FAD, 2013, s.5

bruke arkiva fordi ein no er nøydt til å nytte seg av det. For noko så er ein sånn endring ikkje noko stort problem, sidan mange av den yngre generasjonen tar til seg lett teknologi, så vil problemet ligge med den eldre generasjonen som ikkje har det like lett for å ta til seg det digitale, sidan dei ikkje har vaks opp med det. Dette blir ei negativ side med tilgangen at det stopper dei mindre teknologiske kyndige eller dei med handikap for å bruke nettbaserte tenesta spesielt når ein ser at det finnes store manglar for korleis enkelte nedsider er utarbeida for å etterfinne seg slike problema.²²² Dette med nedsett evne til å få tilgang blir enda viktigare når ein ser at dei som faktisk brukar arkiva er folk som er 55+ år gamle og er oftast ikkje like teknologisk kyndige som dei yngre.²²³ Poengen med dette er at sjølv om ein snakkar om at nett og digital tilgang er så mykje lettare tilgjengeleg så er ikkje er heilt sant, der det vil komme inn brukargrupper som ikkje kan like enkelt bruke det digitale som andre brukargrupper. Dette er ein av grunnen tru eg at lesesaltala framleis er ganske «høge». På grunn av at sjølv om moglegheitene for å bruke dei digitale ressursane er der så finnes det framleis folk som har eit ønske eller ein nøydt til å møte opp på lesesalen for å bruke materiale.

Vidare så er det ikkje sikkert at alt som folk bør få tilgang til, da det kan vere av personlege eller sikkerheitsmessige grunnar. Det finnes mange grunner til at ein ikkje kan få tilgang på materiale, ein av disse er at det er sikkerheitsmessige eller private, også på grunn av personvern, men det er ikkje så viktig i denne samanhengen. Under offentlegheits og da personopplysningslova er det som tar for seg kva om ikkje skal kunne komme ut i offentlegheita med opplysninga. Ein kan få unntak for innsyn i det som skal vere underlagt teieplikt, dokumenter til eiga saksføring, interne dokumenter, enkelte rettssaks dokumenter, Norsk utanrikspolitiske interesser og unntak for nasjonal forsvar og tryggingsinteresser for å nemne nokon av dei.²²⁴ Så ein kan sjå at det ikkje betyr at mykje av det kulturelle eller historiske eigentleg er utanfor innsyn og offentlegheita, korleis gjer ein da med å avgrense tilgang og bruk av kulturelle arkiv som ikkje tilhøyrar forvaltaren sin kultur og som nå vert digitalisert og spreidd på nett. Dette er ei moment som kommer fram i Punzalan sin tenking, der han kommer inn på at det ikkje er alt arkivmateriale som bør digitalisere, plantanna på grunn av denne grunnen. Han fremjar at dei finnes ein del momenta som ein må vere forsiktig med når ein går fram med digitaliseringa, slik at det ikkje går utover samlinga som finnes i

²²² ABM-skrift, 2008, s. 56-61

²²³ Clausen, 2018, s.5

²²⁴ Offentleglova, 2006, §13-§27

arkivet.²²⁵ Ikkje all historisk og kulturell informasjon bør vere tilgjengeleg for allmenten og på nett, for ein kan aldri vere sikker på kva slik informasjon kommer til å bli brukt til. Da spesielt når det kommer til arkiver som sit innhald ikkje eigentleg ikkje tilhøyrar den kulturen som driver og forvaltar den, slik som dei amerikanske urfolks som det er den amerikanske stat som driver å forvaltar. Dei kan da sitte med å gjere tilgjengeleg materiale som ikkje er meint for offentlegheitene, men berre urfolket.²²⁶ Arkivarane er ikkje klar over viktigkeitene eller kor privat materiale bør vere og berre går fram med å gje alle tilgang til det. Ein kan altså skjonne at det ikkje er alt materiale som arkiva sitter med som det er lurt å drive og gjere tilgjengeleg, fordi det kan vera momenta som arkiva ikkje er klar over som sørger for at det kan skje feil med kva informasjon som vert gjort tilgjengeleg for alle. Dette kommer enda tidigare fram i det digitale arkiv, gjennom at mange av prosedyrar skjer gjennom ein datamaskin som ikkje har den data til å skjonne viktigkeitene til noko eller kva informasjonen som er på eit ikkje transkribert og ser berre etter søkeord for å finne fram etterspørsla. Det vert altså eit vanskeleg å kunne sikre seg at meir sensitiv informasjon blir meir skjult i det digitale fordi det er mykje vanskelegare for ein datamaskin å vite kva viktigkeitene av eit dokument er

For å sette ein slags sløyfe på det som har vert fremma her i om tilgang, er at det openbart forandringar i korleis brukarar vel å bruke det no for å få tilgang. Digitalarkivet har vert ein positiv faktor for å auke kor mange som brukar arkiva, og det materiale som eksistere innanfor dei norsk arkiva, gjennom at det er vert ein auke i kor mange som har brukt Digitalarkivet som er langt over tala på kor mange som besøker dei forskjellige lesesalane før det digitale kom skikkeleg på banen. Dette sender ein melding til Arkivverket og staten at det mest sannsynleg er lurt å investere i det digitale sidan det er så stort brukartal, som ligger på linje med den digitaliseringspolitikken som har vorte ført i Noreg om at alle tenesta no skal over på å vere for det meste digitale og brukarorientert.²²⁷ Fokuset det verkar som Noreg og arkiva har på digitaliseringa kan mange sjå som eit bra forandring, men det kan også ha ein øydeleggande effekt på andre deler av arkivet. Kanskje ein ikkje lenger ser ein grunn til å ha open like lenge på lesesalen fordi alt ein trenger ligger på nett. Dette vil føre til at enkelte brukargrupper vil hamne på utsida når dei vert tvinga inn på å måtte bruke eit enkelt medium. Vi kan allereie begynne å sjå eksemplar på dette i Noreg der i Tromsø så er berre lesesalane

²²⁵ Punzalan et al., 2017, s.63

²²⁶ Punzalan et al, 2017, s.98

²²⁷ Meld. St. 27 (2015-2016), 2016, s.12

opne to dagar i uka, kor ein av dem berre er for open for folk som har bestilt materiale på førehand.²²⁸ Ein trenger ikkje gå så langt for å sjå dette utanfor Noreg, kor vi ser at det det begynner å bli kritisk for det analoge arkiva. I Finland så har dei godt fram på same måte som i Noreg med å sette ned opningstidene på lesesalane deira fordi dei skal ha meir fokus på sin digitale tenester og har ikkje same tykhet på lesesalane som dei hadde hatt før, der det i dei siste 20 åra har vert ein 80% nedgang av besøk.²²⁹ Opningsbehov som det har hatt før, er ikkje lenger like stort som det har vore og det blir mindre nødvending å ha opent, sidan mykje av det folk er på jakt etter finnar ein på nette. Samtidig som det ikkje er eit behov for å ha bemanning på Digitalarkivet som da betyr at det også kan vere opent i helger, når enkelte i personar i samfunnet har betre tid. Alt dette gjere at det tvingar folk til å måtte ta del i denne digitaliseringa som skjer i samfunnet.

Slik er det med konsekvensane for tilgangen ein har ikkje lenger det vanskelege bryet med å måtte dra til arkiva for å finne informasjonane ein kan heller finne det kor og når ein vil. Men dette øydeleggar også for alle dei analoge moglegitetene som ein ikkje lenger kan bruke, der resursar og bemanning blir omprioritet over til det som er meir viktig for samfunnet, det digitale og å få alt informasjon online slik at det best kan glede samfunnet. Men no med ein sånn endring av, kor ein legger fokuset sitt betyr det også ein skifte i korleis ein vel å prioritere disse vala.

4.6 Prioriteringar i den digitale tidsalder

Prioritering er også eit aspekt med tilgjengeliggjering og arkivmateriale som eg skal fordjupe meg i. Fordi kva ein prioriterer for digitalisering og tilgjengeleggjering først, kan ha store konsekvensar for korleis ein brukar, ser på og forstår digitale og elektroniske arkiv i denne digitale tidsalderen. Takka væra teknologien, har det no auka mengda med arkivmateriale om skal bevarast, digitaliserast og tilgjengeleggjera, gjennom at mykje av det som skjer i staten skal skje digitalt og har sørga for ein større mengde materiale.²³⁰ I 2019 var det digitalisert rundt 90 millionar sider, som ugjorde rundt 1.5% av den totale arkivmengda.²³¹ Med så mykje materiale så trenger ein derfor nokre prioriteringar, slik at ein kan gjennomføre denne jobben med å digitalisere alt på best mogleg måte utan at noko skal gå tapt, til tid og ideologiar. Ein sitter da altså med spørsmålet, når ein kommer til å sjå på prioritering, kva skal digitaliserast

²²⁸ Statsarkivet i Tromsø, 2017

²²⁹ Kansallisarkisto, 2022

²³⁰ NOU 2019:9, s.218

²³¹ Riksarkivaren, 2020, s.35

først av arkivmateriale og korfor har vi valt å prioritere dette materiale over eit anna materiale. Dette er det som gjer det så fasinerande, der vi no kan sjå at valet av kva som blir prioritert først får ein heilt ny meiningsnivå når me skal sjå på det i ein digital kontekst.

Prioritering i det analoge arkiva vil ikkje alltid vere like synleg på overflata, dette er på grunn av at alt arkivmateriale i prinsipp skal vere tilgjengeleg for brukaren så lenge det ikkje er noko faktorar som stoppar allmenn innsyn.²³² Arkivmateriale vert framleis prioritert sjølv om det er analogt. Det faktum at gjennom eit arkiv, har ein tatt ein prioritering eller val om kva materiale som vert sett på som bevaringsverdig, ønskeleg for å verta ordna og kva materiale som er prioritert eller ønska å verta formidla. På grunn av det analoge arkivets form, så vil den mengdene materiale som er på arkiva, derfor gjere at det ikkje er like store mengder materiale som ein må prioritere. Samlingane er da også i sitt rette kontekst og vil ikkje verta nedprioritert av materiale som finnes i andre arkiv, der det vert forsikra gjennom at det analoge arkivet vil ha bevaring og kassasjonsplanar. Sjølvsagt så finnes det også i den analoge arkiv, materiale som vert blitt nedprioritert og ikkje er like kjent blant brukara og tilsette. Sjølv om dette så finnes det lite som er heilt ukjent for materiales eksistens, da på grunn av dei parameterane som har blitt satt gjennom bevaring og kassasjonsplanar for å sikre at det som er bevaringsverdig vert bevart.²³³

Det er nemleg gjennom disse bevaring og kassasjonsplanane at ting vert prioritert i det analoge, kor ein da bestemmer kva som skal bevarast i arkiva og kva som kan verta kassert. Dette vert felt ned i lov gjennom riksarkivarens forskrift.²³⁴ Med disse forsikrar ein at det skal finnes planar for kva som skal bevarast og kasserast, altså at det skal vera ein vis prioritering på kva som skal vere i dei analoge arkiva og kva som kan kasserast.²³⁵ Framleis med disse planane for dei analoge materiala, så ligger det framleis ein mengde med arkivmateriale som ikkje blir brukt. På grunn av at brukaren av arkiva og samfunnet ikkje er klar over at kva materiale som eksisterer i arkiva, som kan føre at ting går tapt på grunn av feil.²³⁶ Dette skjer ikkje berre fordi det ikkje har vert prioritert, men heller at ein ikkje alltid som arkivar kan vere klar over kva som ligger der, fordi bevarings og kassasjons planane kan ha eit ganske vide spenn i kva som skal bevarast.²³⁷

²³² Jensen, 2021, s.254

²³³ Riksarkivarens forskrifter, 2017, §7-1 til §7-4

²³⁴ Riksarkivarens forskrifter, 2017

²³⁵ Riksarkivarens forskrifter, 2017, §7-1

²³⁶ Riksrevisjonen, (2009-2010), s.41

²³⁷ Regjeringa, 2021 , s.98-99 – Høyringsnotat forslag ny arkivlov

Utifrå korleis bevaring vert nemnt i arkivlova med « *monaleg kulturell eller forskingsmessig verde, eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon*», som kan gjere det vanskeleg å vite kva som eigentleg ligger under dette.²³⁸ Derfor har ein ofte hamna i ein situasjon, at ein berre bevarer alt og tør ikkje kassere noko, fordi dei veit ikkje om dei kan kassere det, utan råd frå riksarkivaren.²³⁹ Fokuset til arkiva vert heller da på meir populære kulturelle aspektar av arkivet(som fortidsforsking), eller da på meir det klassiske som vert bevart i arkiva, som rapportar, juridiske dokument og ting til forvaltinga. Sidan det er det som ofte vert i bruk av dei som har bruk for det i arkivmagasina.²⁴⁰

I motsetning så får prioritering ein mykje tydlegare konsekvensar når ein snakkar om det i ein digital kontekst. Det kommer andre momenta som ein må tenkje over når ein skal gå fram med utvalet. Tankar om kva som skal verta digitalisert, trenger ikkje lenger berre å handle om kva som ein finner i samlingar i eit arkiv. På grunn av den avgrensa tilgangen med ressursar som ein har til utarbeiding av arkiva og tilgjengeleggjeringa, samtidig som det er ein aukande mengdene av digitale materiale, som no vert danna i forvaltinga, og metadata til det digitale materiale. Derfor må det skje prioriteringar for dei digitale arkiva, gjennom kva system som skal vere viktigast, kva funksjoner ønska ein at elektroniske arkiva skal ha og kva relevante dokumentasjon som skal få prioritering for bevaring eller vidareutvikling og derfor blir noko nedprioritert for å kunne ta slike avgjerda.²⁴¹ Dette går da også ut over tilgjengeleggjeringa på grunn av at det no finnes mange ny måtar ein kan tilgjengeleggjere på så, derfor må ein også har klare planer for korleis ein har tenkt med å prioritere kva som skal gjerast tilgjengeleg, gjennom korleis ein formidlar materiale til kva anledning ein trenger det til slik at det vert i fordel for brukaren.²⁴² Så i det digitale er det altså mykje meir ein må tenke på når ein går fram med kva som skal få prioriteringa fordi mengdene av materiale har gått opp. Samtidig som ein ikkje lenger er låst fast til berre ein type lokasjon og kan ha materiale over heile verden som ein kan prioriterer, samtidig som ein får masse nye måtar å formidle materiale på.

Derfor gjennom den store mengda med materiale som eksisterer på grunn av det digitale skifte og moglegheita for at alt vert mykje lettare tilgjengeleg. Vert institusjonane nøydt til å ta noko val på kva dei skal prioritere først, slik at dei på best og mest økonomisk måte kan komme seg gjennom det utan at det skal gå på omkostning på det andre arbeidet dei også skal

²³⁸ Arkivlova, 1999, §1

²³⁹ Arkivlova, 1999, §9


²⁴⁰ Samtalar med fagperson frå Arkivverket

²⁴¹ Lange & Springe, 2013, s.13

²⁴² Duff & Haskell, 2015, s.43

gjennomføre. For å få tydlegare fram kor mykje arbeid som har vorte gjort og kor mykje arbeid som er igjen vil ein kunne sjå i grafen under, kor mykje som har vorte digitalisert dei siste 10 åra. Dette vise behovet for å prioritere kva som skal bli digitalisere, spesielt når det kommer fram at det som vert digitalt tilgjengeleg i 2020 berre ein 1.5 prosent av den totale arkivmengda som Arkivverket sitter med.²⁴³ Dette seie da, at sjølv om ein har gjort tilgjengeleg 68.3 millionar sider med materiale, så er det framleis masse materiale som framleis ikkje har vorte digitalisert og gjort tilgjengeleg.

Tilgjenglege sider i digitalarkivet frå 2010-2020 i mill



Figur 4- Sider med informasjons som er tilgjengeleg på Digitalarkivet frå 2010-2020 i millionar. Ein side tilsvar eit dokument eller bilde som har blitt digitalisert

Henta frå riksarkivarens årsmelding frå 2010-2020 – Graf og innsamling av meg

Ein kan jo da sjå utifrå denne grafen at det har skjedd ein eksplosiv vekst i kor mykje materiale som har vert gjort tilgjengeleg på Digitalarkivet sine sider frå år til år. Det har no vore oppe i meir enn 10 millionar sider kvart år, som har vorte digitalisert, lagt inn i system og gjort tilgjengeleg på Digitalarkivet sine sider. Dette viser oss at det openbart er ein stor fokus

²⁴³ Riksarkivaren, 2020, s.9

på å få arkivmateriale digitalisert og gjøre tilgjengeleg så mykje informasjon om mogleg, slik at det skal kunne vere til nytte for brukarane av Digitalarkivet. Fokuser for digitalisering kommer enda tydlegare fram, når ein ser at det er berre det som er tilgjengeleg for det vanlege publikum, som er vist i denne grafen og ikkje alt som har vorte digitalisert. Det finnes nemleg mange avgrensingar på enkelt av materiala som gjere at det ikkje ligger ute offentleg, som ville seie at ikkje alt det materiale som har vorte skanna inn for Digitalarkivet er tilgjengeleg, så tala på kor mykje som er digitalisert er mykje høgare.²⁴⁴

Derfor for at ein slik vekst skal skje, samtidig som ein sørge for at det faktisk er til nytte til brukarane, så må det vere nokre prioriteringar på korleis ein vel å gå fram med denne jobben. Da spesielt når ein finner ut at mye av jobben er gjort av frivillige og på kommisjon.²⁴⁵

Arkivverket arbeidar med digitaliseringa enten frå maskinar som dei har sjølv eller gjennom utaforståande som dei har kontraktar med.²⁴⁶ Disse kan da vere private selskap som tilbyr digitalisering tenesta. Eksempel på ein slik teneste vil vere Geomatikk AS, som er eit privat firma som tar tilbod etter direkteførespurnad og går fram med digitalisere og legge inn i datasystem som braArkiv og docTorg, der dei da står for heile digitalisering prosessen frå henting kartlegging til skanning.²⁴⁷ Det finnes altså så mykje materiale som her verta digitalisert og mange som er villige til å gjere det både frivillig og mot betaling. Samtidig som det skjer seleksjonar og reorganisasjonar når ein går over til det digitale, som altså betyr at digitale og analoge arkiv har to vidt forskjellige logikkar for å gå fram med å gjere det tilgjengeleg for brukarane.²⁴⁸ Når det kommer til å det digitale, så er det som oftast det som allereie er populært som vert tatt prioritert først, og ikkje eingong Arkivverket går vekk frå popularitetsbølga for å få meir klikks.

Derfor på grunn av at brukaren og samfunnet er meir innblande i digitaliseringar så har Arkivverket noko klare kriteriet for korleis dei vel å prioritere kva materiell som skal mediekonverterast. Disse vil da vere: 1. Arkivmateriale som er mye etterspurt hos store brukargrupper, 2. Arkivmateriale som er mye brukt til saksbehandling i Arkivverket og/eller forvaltninga, 3. Arkivmateriale som er etterspurt i forskingsmiljøet, 4. Viktige deler av den historiske kulturarven som skal bidra til oppmerksemd, omtale og økt bruk.²⁴⁹ Det finnes også

²⁴⁴ Samtaler med fagperson frå Arkivverket

²⁴⁵ Jensen, 2021, s.253

²⁴⁶ Samtaler med fagperson frå Arkivverket

²⁴⁷ Geomatikk, 2023

²⁴⁸ Jensen, 2021, s.253

²⁴⁹ Denne informasjons kommer frå ein svar mail frå Arkivverket angåande spørsmål om kva val og prioriteringar dei tar når dei skal gå fram med digitaliseringa. Frå den 03.04.2023 kl.12:23

andre forhold som spiller inn i deira val om kva som skal prioritere. Disse går meir på økonomisk gevinst, tilrettelegging for stads uavhengige saksbehandling, sikre av originale, større makeringer og jubileum og samarbeidsprosjektet med eksterne. Det som er litt fasinerande er at ein kan eigentleg dele alle disse prioriteringane inn i to deler og plassere alle i kva av dei. Den første vil vere kor populært/ønsket materiale er og den andre er kor stor økonomisk gevinst kan det bli av å digitalisere og tilgjengeleggjere dette materiale. No er det meir nyanser enn dette, men i grove trekk så snur alle dei forskjellige prioriteringar i denne retninga, med eit hint av brukarfokus. Disse prioriteringane, inn mot kva dei skal fokusere og velje å jobbe med, kan vi også sjå på det internasjonale plane, der ein kan sjå at mykje av arkivfokuset går mot popularitet, marketsføringsplanar og dagsrelevante forskingstender får meir oppsyn og prioritet i arbeidet til arkivarane.²⁵⁰ Så det skal seiast at Arkivverket har satt sine prioriteringar same bane som mange andre i det internasjonale arkiva, som i teorien gir mening sidan den inneber meir bruk av arkiva og større samarbeid med brukaren.

Dette om kva prioriteringar, som Arkivverket har, kan verta sett på som både ein positiv og ein negativ ting for brukaren. Sjølv sagt så er tanke bak mykje av disse prioriteringane at dei mest sannsynleg skal få gjort mest mogleg av materiale tilgjengelege digitalt uansett kor populært materiale er. Sjølv sagt så vil det vere unntak, som at det er materiale som det ikkje er gevinst i å digitalisere, gjennom eks. at det kostar for mykje å digitalisere det i forhold til kva dei får ut av det.²⁵¹ Utifrå korleis det verker som dette er oppset, vil eg seie at det kan vere skadeleg for noko av materiale, som er i arkivet, som kanskje aldri vert digitalisert. Denne måten av å digitalisere det som er ettertrakta eller kor viktig det er til anledninga, fører til at ein på enkelte punkter ser berre på noko små stykker av materiale og ikkje får med seg heilheita som digitalisering eigentleg skal tilby. Ein hamnar på eit punkt der ein berre får formidla små deler eller verre ønskelege delar av materiale, på tvers av mange samlingar. Det som ikkje vert brukt får ein eit intrykk av at vil vere materiale som har mindre viktigkeit, som da vil forsvinner inn i det digitale, og vekk frå den vanlege brukaren og berre vere kjent for dei ekspertar som held på med det. Litt i same form som korleis det er gjennomført i det analoge arkivet, kor mykje av informasjonen er skjult for det offentlege sosiale liv gjennom at folk ikkje har kjennskap til den sin eksistens.

²⁵⁰ Jensen, 2021. Theimer, 2011. Duff & Haskell, 2018

²⁵¹ Samtalar med fagperson frå Arkivverket

Eit eksempel på ein slik digital prioritering kan ein sjå i Finland, der det hadde blitt sagt opp fleire arkivtilsette fordi dei no skulle gå vekk frå kundeservice og auke over på digitaliserte tenesta, altså meir prioriteringa for det på det digitale.²⁵² Det finske arkivforbundet kom med utaleser mot dette med endringa og oppseiingane, kor dei uttalte seg om det finske riksarkivet, som prioriterte det digitale fordi der var det mest brukte materiale og informasjonsteneste og der det analoge materiale fekk berre ressursar til arbeidet på eit minimums nivå, så ville dette føre til at når det kom spørsmål om materiale som ikkje låg i digital form, vil dei så kunne etterfølge sin plikt med å tilgjengeleggjere materiale da?²⁵³ Altså, fokuset på det digitale og på det materiale som vert mest brukt kan føre til problemet når ein skal sjå på materiale som kanskje ikkje er like populært. Det vil da nesten forsvinne om ein har sagt opp alle som har fagkompetanse og kunnskap om den eksistens, der det ikkje lenger finnes eit ønske om å digitalisere det. Dette er ein fare som eg meiner kan vere ganske real, når det kommer til materiale som er analog, om dette er fokuset på berre å digitalisere det som er populær og ikkje noko fokus på det ikkje populære materiale, som kan føre til at enkelte av materiale vert gløymt. No skal det seies at frå Noreg sitt ståstad så er det framleis planar for å ha eit fokus på det analoge materiale, sidan det ikkje er tid og ressursar til å kunne digitalisere alt på lesesalar.²⁵⁴ I dei depotet som eksistere vil det framleis vere viktig for å kunne halde på med arkiv.

Derfor gjennom populariteten får enkelte tema eller samlingar ein mykje større prioritering over andre, på grunn av den populariteten som dei har i samfunnet, som gjer dem meir attraktiv å skanne. Eksemplar på dette, vil vere at det er stor trykk på å bevare og digitalisering inn kulturskattar som Samens kulturhistorie, der Arkivverket gjekk så langt som å tilby gratis innskanning av alle arkiv som var hos samiske museum og kulturinstitusjonar.²⁵⁵ Mens da andre mindre kulturgrupper som eks. skogfinnar eller taterfolket ikkje får same oppmerksemd som det saman får, fordi prioriteringa for å digitalisere det samiske materiale er viktigare for Noreg. Dette fokuset på det populære kan da sørge for at enkelt material aldri ser det digitale lys i det heile tatt, sidan Arkivverket ikkje har strategi eller plan for å digitalisere alt lenger.²⁵⁶ Sidan det som ligger på hyllene i arkiva ligger trygt der det ligger og det har vorte enda viktigare å bevare det digitalt skapte materialen, sidan det kan forsvinne om det

²⁵² Kansallisarkisto, 2022

²⁵³ Mieto, 2022

²⁵⁴ Samtaler med fagperson frå Arkivverket

²⁵⁵ Arkivverket, 2020

²⁵⁶ Samtaler med fagperson frå Arkivverket

ikkje vert handtert. Uansett så kan ein da komme i ein situasjon at noko av materiale som arkiva sitter med ikkje kommer til å bli brukt lenger, fordi ingen veit at det eigentleg eksisterer lenger.

På motsett side så føre også denne populariteten til meir brukarinnspel og formidling i korleis ein skal gå fram med denne type digitalisering og tilgjengeleggjering. Når ein no i det digitale tid har gått fram med å bruke frivillige privatpersonar til å skanne og sende inn sitt materiale til arkivinstitusjonane for å bli gjort tilgjengeleg. Eit eksempel på denne type «Crowdsourcing» skal ein ikkje reise langt utanfor Noreg for å kunne sjå det i Danmark sitt nasjonale arkiv. Mykje av transkriberinga som skjer i Danmark er gjennomført av frivillige, kor det da er interesse til brukarane, som bestemmer kva som vert digitalisert, som da ofte betyr kva som viktig og dagsaktuelt innanfor det politisk og nasjonal områder av arkiva.²⁵⁷ Samtidig som dei prøvar å sørge for at det som dei digitaliserande, skal vere passande til alle brukargrupper i samfunnet, slik at dei kan forsikre seg om openheit for deira kulturhistorie med resten av verden.²⁵⁸ Det er ikkje berre i Danmark kor det no er meir fokus på korleis å innblande brukaren i formidlinga og tilarbeidninga.

Denne måten å drive på med digitalisering kan også blitt sett i andre deler av verden gjennom måtar ein går fram med å knytte saman brukaren med arkivet, samtidig som ein får transkribert og informasjon lagt til med å involvere brukaren i det. Gjennom det som tidlegare blei nemnt i brukardelen med spelefisering av materiale, sørger for at ein involvere brukaren til å hjelpe til med arbeidet gjennom å gjere det om til eit spill. I det nasjonale arkivet i Australia realiserte dei denne ideen gjennom at ein kunne gjennom eit spill tene poeng etter kor mange sider ein har transkribert og ein kan konkurrere mot andre om kven som har transkribert mest dokumenter, som har ledd til ein auke med over 11.029 dokumenter av 13,554 dokumenter har blitt fult transkribert.²⁵⁹ I USA vart det og gjennomført eit liknande prosjekt, der ein skulle transkribere 1800 tals skipsloggar for poeng.²⁶⁰ Bruk av slike metodar førar da til at det vert fleire moglegheita for brukarar å få tilgang på materiale og legge meir informasjon til det, samtidig som det opnar opp for ein samtale mellom brukar og arkiva som sørger for eit rikt samarbeid mellom dem. Dette igjen tar da og utforder den tradisjonelle måten å arbeide vitskapleg med arkiva. Gjennom å ha ein slik tilnærming, som da førar til

²⁵⁷ Jensen, 2021, s.255

²⁵⁸ Laursen, 2018, s.1

²⁵⁹ Duff & Haskell, 2015, s.44

²⁶⁰ Duff & Haskell, 2015, s.44

bruk av materiale som er populært eller interessant for brukaren og samfunnet å bruke, bør derfor verta prioritert.

Dette med «crowdsourcing» kan vi også sjå i Noreg og som tidlegare nemnt, dersom Arkivverket vil digitalisere, noko som vil vore etterspurt av publikum eller brukargrupper, der om dei val saker som er ekstremt populære, så vil dei gjere det som dei kan for å sørge for at det når ut til eit større publikum. Samtidig som det også eksistere ein del frivilligkeit i den norske system, i likskap med det danske. Måten dette skjer på er at organisasjonar og privat personar står for transkriberinga av dokumenta som dei ønsker utlagt i Digitalarkivet, der dei da transkribere arkivmaterialet, mens Digitalarkivet står for redaktøransvaret.²⁶¹ Dette ligg også på linjer med korleis Noreg ser på seg sjølv med dognadsåndene, kor store frivillige innsatsar sare for at den store jobben med å digitalisere og transkribere vert mykje lettare å gjennomføre av arkiva. Meir eksempel på denne dognadsånda vil vere at dei norske lokale slektsforskaren har gjennom tidene transkribert kyrkjebøker, tingbøker etc., som da vert gjort tilgjengeleg gjennom digitale arkiv.²⁶² For dette, som igjen fører til at det er befolkning som kan bestemme kva som skal gjerest digitalt og hjelper til å forme, og bevare den norske kulturen. Dette drar befolkninga med på oppdraget med å bevare og tilgjengeleggjere materiale som arkiva sitter med, kor ein da samtidig lar brukarane få nytte av det.

Dette fokuset på kva som er populært, der mykje av kva som vert digitalisert, kan ein også sjå at begynner å dra seg over på ein annan prioriteringsmoment som både Arkivverket og andre arkiv tenker på, er den økonomiske gevinst. Det er kjent frå kostaspektet at å halde på med digitalisering ikkje er ein biling affære, og det vil ofte vere materiale som det er satt av pengar til, som vil verta prioritert over materiale som ikkje det er satt av pengar til. Dette krevjar ofte store midlar for å gjennomføre arbeidet til eit slikt kvalitets nivå, som er ønskeleg for kvaliteten til det som vert digitalisert. Når det ikkje alltid er satt av midlar til å digitalisere, så det er digitalisere, ikkje så enkelt å gjennomføre. Derfor må arkiva av og til ut for å leite etter sponsorar eller ein organisasjon for å kunne få moglegheitene til å digitalisere, formidle og tilgjengeleggjere det materiale som dei sitter med.

Da handlar det om å finne individ, som er villig til å investere pengar i dette arbeidet, eller å finne materiale som ein lett kan selje til forskjellige brukarar da samtidig som dei sikrar tilgang til mange gjennom at det har blitt gjort digitalt.²⁶³ I norsk kontekst så finnes det ikkje

²⁶¹ Clausen, 2018, s.1

²⁶² Slekt og Data, 2022 -Delta på dognaden

²⁶³ Jensen, 2021, s.255

så mange eksemplar på dette, på grunn av den dognads ånd enkelte sider har som Histreg²⁶⁴ og Lokalhistoriewiki²⁶⁵ som er statleg eller privat styrt som tilbyr slike tilgjengeleggjeringar tenester. Det kan nesten virke at det finnes ein stor indre dognads ånd bland det norske folk til å betre ein samfunnsteneste på eit interesse moment som historieforsking og det historiske som ligger i arkivet. Det finnes også nokon private arkiverings tenesta som ein kan betale for å få digitalisert materiale, som Geomatikk AS.²⁶⁶ Ein kan da betale for å få digitalisert materiale sitt og lagt inn i systema for så vidare gjere tilgjengeleg for andre brukarar. Pengar gir oss ein moglegheit for å sjå ein annan måte korleis enkelte private organisasjonar går fram med jobben for å kunne få digitalisert og publisert materiale dei ønsket og som vert sett på som viktig for dem å få online.

Dette med å ha fokus på det økonomiske sidan av prioriteringar kan ha ein negativ effekt på korleis ein går fram med å tilgjengeleggjere og formidlar arkivmateriale. Det har vorte nemnt tidlegare at det er ofte slik at arkiva må ut for å finne eksterne sponsorar for å kunne drive prosjekter for enkelt typar av formidlingar, som da kan føre til at det vert eit fokus på det som er ønskeleg for sponsoren innanfor deira trumål, både for politisk eller kulturelle bakgrunn. Sidan dei er sponsorane så har dei ein viss innspeil i korleis prosjektet skal føregå og vil mest sannsynleg ikkje sette det dei snakkar om, i ein därleg lys. Da ender vi i ein situasjonar at ein får ein slags styrt formidling kor ein styre brukaren til å tru at det som står i dokumentet er sanninga og den informasjonens som kommer med det motsett synet ikkje finnes. Fordi det er ikkje det som har vert fokusert gjennom formidlinga og den informasjonen, som seier noko imot eller motbeviset det som vert formiddlet, ikkje finnes i ein digital form, korleis skal det da vere mogleg å vite at det finnes ein motpolen mot det som vert formidla?

Dette er noko brukarar av arkivmateriale må vere klar over når dei bruker materiale. I kva samanheng er materiale vert gjort tilgjengeleg, og kven er det som står for utgivinga. Sidan person/organisasjonen som har formidlast materiale, sjølv om han i teorien skal vere så objektiv, kan ha ein spesielt brukar eller gruppe i hovud når han danna denne formuleringa av arkivmaterialet.²⁶⁷ Derfor er det framleis viktig å vere kjeldekritisk til det materiale om ein finner når ein begynner å jobbe med digitalt materiale og når ein skal arbeide og formidle det,

²⁶⁴ Historisk befolkningsregister, 2023

²⁶⁵ Lokalhistoriewiki, 2023

²⁶⁶ Geomatikk, 2023

²⁶⁷ Jensen, 2021, s.256

så er det viktig å vere klar over at sjølv om du ønsker å vere objektiv, så er det ein gruppe du ønsker at skal få bruk for denne type materiale.

Når det kommer til prioritering så har ein sett store forandringar i korleis ein har valt å prioritere slike ting i møte med det digitale, kor fokuset på popularitet og økonomisk gevinst er ein ledane grunn til det som styre dei vala som arkivarar tar i sine arbeidsdag, med digitalisering og fokus på korleis best forbetre systemet til å passe til det, som brukaren ønsker slik at det kan vere mest mogleg samfunnsnyttig. Til slutt så skal alt materiale i teorien verta digitalisert, det er iallfall målet som arkiva har satt seg ut å gjennomføre, alt frå kommunale arkiv til private arkiv, skal verta mediakonvertert og gjort tilgjengeleg på sine respektable sider, men om dette er ein realitet, som skal gjennomføre eller om alt det materiale blir bestemt heller skal kasserast enn digitaliserast, at det kanskje aldri vil vere i ein digital for og da vil den materiale forsvinne for godt.

5 Diskusjon

Det som eg har prøvd å vise gjennom hovuddelen min er at digitalisering har hatt mange forskjellige konsekvensane og endringar på dei analoge arkiva, når dei no går over til å vere digitale. Eg har og ymta litt til at endringane er både godt og dårlige. Derfor skal eg vidare diskutere om disse endringane som skjer til arkiv og tilgjengeleggjeringa, faktisk er ein gevinst for arkiv eller om det er ei utfordring for arbeidet til arkiva. Det korte svaret er at ein kan da sjå at det er både gevinstar og utfordringar, i at arkiv går frå å vere hovudsakleg analoge og over til å vere digitale. Det er sjølv sagt eit lenger svar på korfor det er sånn, og eg skal vise meir korfor eg seier dette, og korleis eg har graderer disse aspekta, for å fremje dette betre. Samtidig som eg skal diskuter korleis skal vi gjennom disse gevinstar og utfordringar skal klare å sørge for at vi hamnar på ein plass kor gevinstane utveg utfordingane?

For å diskutere dette skal det leggast fram dei konsekvensar som eg har funnet fram til, tidigare i oppgåva å gjere ein vurdering om det er ein gevinst eller ein utfordring, og korleis ein kan gå fram med å betre tilstanden til korleis ein held på med det. På toppen av dei konsekvensane så skal vi ta for oss korleis disse nye kostnadane i arbeidet med å digitalisere sørger for eit meir kosteffektiv arkiv eller om det vert større kostnadar for å arbeide med arkiv. Det skal seiast at utifrå det som Arkivverket seier så skal det vere meir kosteffektiv å halde på med digitalisering, enn det er å ta i mot og å klargjere eit papirarkiv.²⁶⁸ Dette gir for så vidt mening, ein ville ikkje ha begynt med digitalisering om ein ikkje trudde at det å halda på med digitalisering var meir kosteffektiv i forhold til papirarkiv. På den andre side så har vi det som vi tok fram frå budsjetta, der vi såg at det har blitt ein større kostnad for å arbeide med arkiv, gjennom at det er satt av meir pengar til å arbeide med arkiveringa og utviklinga av dei digitale tenestene. Inflasjon er ein påverkar på dette, men vi ser at det kostar no meir å halde på med arkiv enn det har gjort før. Om dette er fordi dei analog kan berre stå på hyllene sin fram til det trengst, mens det digitale må vere ein konstant vedlikehalds kostnad er heilt opp til lesaren å tolke sjølv.

Uansett så trur eg ikkje det er mange som vil sjå på den auken i kostnad som ein gevinst, utifrå korleis reaksjonar som enkelte har hatt til auka av straumkostnadane. Straumprisar er noko som har påverka Arkivverket også kor dei gjekk får å måtte betale 6 millionar kroner i året for straum i 2021 til å måtte betale 17 millionar i 2022.²⁶⁹ Så sjølv om Arkivverket får

²⁶⁸ Regjeringen, 2021, s. 112 – Høyringsnotat- forslag til ny arkivlov

²⁶⁹ Arkivverket, 2023, - Kronikk: strømbrudd i digitaliseringa

meir midlar til å utvikle og jobbe vidare med sin arbeidsoppgåver så er det framleis behov for å meir pengar i kassa. Spesielt når ein vert klar over at sjølv om Noreg har hatt stor framgang når det kommer til bruk av digitale tenesta, så har vegen vert vanskeleg med mange hinder som har sørge for at det berre vert større kostnadar for å prøve å fikse på det igjen.²⁷⁰ Det vil openbart ikkje gjere det lett å bygge ned tapssida på kostnadane for arbeidet, og dei kostnadane som nok ikkje kommer til gå ned med det første. Derfor er det viktig at ein har eit syn på å sikre at ein får gevinst ut frå det digitaliseringsarbeidet som ein allereie har starta. Arkivverket prøver å gjennomfør dette gjennom at dei valde å ikkje digitalisere alt materiale dei sitter med, på grunn av at det ikkje er nok gevinst i å gjennomføre det på materiale som allereie står trygt på arkiv hylla.²⁷¹ Utifrå dette kan ein sjå at digitaliseringa har ein stor ulempe i at det vert ein mykje større kostnad enn det som originalt vert forventa når ein begynte med oppstarten av digitaliseringa.

Arkiv er frå før ikkje kjent for å alltid ha dei midlar som dei trenger, sidan mange ikkje ser viktigheita av det for resten av samfunnet.²⁷² Arkiva har det litt lettare å selje seg sjølv i det digitale. For nå kan arkiva argumentere for at det arbeidet dei held på med er svært samfunnsviktig, fordi dei kjem meir i fronten av samfunnet. For å motkjempe denne kostnaden som digitaliseringa har med bringer med seg, kan ein sjå at det har vore eit større fokus på kva gevinstar ein kan få gjennom det arbeidet som vert gjennomfører, til det punkt at dei vel å ikkje digitalisere noko arkivmateriale fordi kostnad av å gjennomføre skanninga er høgare enn den gevinst dei får ut av innskanninga. Eller gjennom at dei no har senka kor mange dagar deira lesesalar har opne på for å prøve å senke den kostnaden. Utifrå korleis situasjonane er i dag så ser eg ikkje noko moglegheit anna enn dei held fram med eit gevinst syn, slik at dei klarar bygge ned kostnaden av å arbeide med digitalisering. Spesielt når ein veit at det materiale som skal digitaliserast i teorien står trygt på dei hyllene, som dei står på og at dei har andre digitale skapte materiale og ta seg av i staden for.

Neste punkt eg er innpå er korleis disse konsekvensane har påverka tilliten til arkiv. Ein kan da sjå at konsekvensen for digitalisering er at dei digitale arkiv ligger i «tankens verden» så er det vanskelegare å stole på materiale der. Det kan vere vanskeleg å ha tillit til materiale, når ein ser på materiale som ikkje eksisterte i ein fast form, samtidig som dei i det digitale er lettare for folk å dele, legge ut og ytre sine oppfatningar av informasjonen. Sjølv om det har

²⁷⁰ Riksrevisjonene, (2017), s. 8

²⁷¹ Samtale med fagperson frå Arkivverket

²⁷² Jensen, 2021, s.253

vert snakk om at det er vanskeleg og finne det sanne informasjonane og at ein skal vere kjeldekritisk på internett. Vil eg seie at den endringa som skjer av digitalisering er ein meir gevinst når det kommer korleis det påverkar tilliten til brukaren. Årsaka til at eg seier dette er til på grunn av at i det digitale arkiv og med internettet så har arkivarar ein mykje større jobb i å forsikre seg at ein har tilliten til det materiale som vert lagt ut. Dei er no nøydt til å bruke mykje meir ressursar og tid på og forsikre seg for at all metadata stemmer slik at dei som skal bruke det kan vere sikker på at det som står der er rett. I det analog så hadde arkiva ofte folk tiltru fordi, korfor skulle dei ikkje ha tiltru til arkiva? Det var deira jobb å forsikre at materiale var trygt og riktig lagra, og korfor skulle dei endre på materiale dei skulle bevare.²⁷³

